

bokselskap.no, Oslo 2018

Olav Duun: *I ungdommen*

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1922 (Kristiania/Olaf Norlis forlag).

Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-441-8 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-442-5 (epub),

978-82-8319-443-2 (mobi)

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Olav Duun

I ungdommen

bokselskap.no

Oslo 2018

[Astri](#)

[Ein gammel kjenning](#)

[Sjøen blikkar](#)

[Skilde vegar](#)

[Seglaren](#)

[Lauris](#)

[Åsel](#)

[Gravøle](#)

ASTRI

I.

[5] Nedi hagen på Håberg stod ein stor hegg. Om våren var han fullsnødd med blom, og haustens tid stod han skinande svart av bær. Men når han blomstra, var han det verste Astri visste, enda så vakker han var, for den dåmen det var det same som tonen inni stua, og det same faster Marjane tenkte på når ho stod still og såg framfor seg; og det var noko ho var redd, for ho visste ikkje kva det var. Det var det og, at ingen av dei andre merka det.

I dag var han det likaste ho kunde tenke seg, for i dag lavde det svartblankt av alle greinene på han, store trutne klungar av bær som skjein imot sola. Og sommaren hadde det vorte att, ho visste ikkje kor han hadde komme ifrå, slikt spell til fin dag hadde her aldri vore, det ho hadde sett: blåna og sol, blåna og sol kva veg ho snudde seg!

Og midt oppi krona på heggen der sat Marjane, ho litl-faster ho kalla, og reid på ei diger grein. Sola lyste på henne og, så det gulhvite håre hennar vart som blanke solskine, og andlete [6] vart enda kvitare; og det gjorde aldri det grand i dag, for i dag var det berre godvere og trøyheita rundan i kring. Det var reint så det ståka og lét av all denne stilla i lufta, og nedpå åkeren der ståka maskina og skuronna i eitt kjør, no hørte ho enda dei lo der nede. Lett ho att auga, så syntes ho det song, greinlig.

Marjane var tynn som pirålen og bleik i hamleten, men sterk som ein gutunge å sjå til, og uforfæld i åsyna så ein kunde vente ho hoppa lukt ned frå der ho sat. Håre det stod i ein flur omkring hovude. – Og der har ho alt hol på hosene sine! Astri smilte, så gale det var. Men no vart Marjane vår henne.

«Ka du står og glåmi ette du?» ropa ho ned gjennom lauvkrona og bæra.

Astri smilte berre opp; ho var åtte år, og hadde ei djup dokk innmed eine munnvika. Ålvorsam var ho, same kor glad ho vart, og no òg, når ho smilte. – Kast ned ein klung da! bad ho. – Du som ikkje êt heggber? Marjane lo, ho var alt tjukk og garva i måle av all bæra. – Kom opp da, klomsa! la ho til.

Astri stod litt. Ho såg på forklæe sitt og på skone. Så tok ho etter vêre, og gav seg i klivinga.

– Uff, at eg skal vera så tjukk! kviskra ho; det svei i fingrane, og på knea der brente det som varmen. Men opp kom ho lel, og fann seg ei laglig grein å ri på. Slik sat ho Marjane!

Da sette ho i og lo. Det hørtes underlig uvant ^[7] og skrallande, Marjane såg stuss på henne: kva var det som reiv gjentungen no da? – Nei, det var ingenting. – Jaså. Marjane snudde seg og tok til med sitt. Men Astri stal seg til og såg på henne i einingen. For no var ho *slik* att, ho litl-faster.

Astri måtte ha sitte og tenkt på det ålvorlig, for best det var for ho nedgjenom lauve og nedgjenom lufta så det susa kring henne, og så vart ho hivd opp att med ein tverrykk, syntes ho. Da ho kom til seg att, stod Marjane over henne og heldt henne i vêre, stod og tørka av henne litt blod som tyta ut av ei skråme i andlete einstads. Ho kjente etter korles det var med forklæe sitt. Det hadde berga seg tålig.

«Enn du ha sli ihjel dæ, mein du?» sa Marjane.

Astri såg beint inn i andlete på henne, forundra, ho fekk eit mangfelt drag.

«Da ha æ død føri dæ – – du gruva da ikkj for å døy du heller?»

«Stå still no, snørhøna, med æ får fli tå dæ ruskje! Enn å dett' som ein sekk da!»

Astri stod still og venta, stod og såg ned til Marjane var langt oppi heggen att; ho skjemtes, og det gjorde ho støtt når ho hadde sagt einkvart til Marjane. Men no sat Marjane og såg på henne, tverr still nedgjenom lauve, og Astri såg på henne. Slik hadde dei sett på einannan før. Det vart stilt da, rundt omkring dem: dei var to-eina og langt langt bort ifrå anna folk. Så ler Marjane, og antrar ^[8] opp frå grein til grein, no er ho i toppen mest, ho heng under stor-greina som rekk borttil stuetake, og hankar seg utetter den til ho når takrenna, svingar seg opp på take, og no ber det i veg take oppetter, frammed ytterste røyste, og der reiser ho seg og går etter møne heilt til murpipa; ho står høgt imot himmelen der oppe og gjel, – ho er vålig så kåt.

Astri lysna i andlete og vart blankøygd, ho syntes ho gol, ho med.

Ja, for slik skulde det vera, og slik skulde ho òg bli – det var rart dei ikkje gjorde ulovlige ting alle saman, og sjaua og gol? Men no la ho i renne ut hagegrinda og kring nova så det snørp i henne, for no kleiv Marjane ned take på andre sida, og der stod stegan.

«Hall-lo-ih!» ropte ho, tonen låg som blanke bekken etter henne gjennom lufta.

Ho måtte da ikkje skrike så utrivelig! – det var farmora, ho Åsel, som kom ut i det same.

«Jau! jau!» lo Astri og såg farmora i andlete; men ho tagna like vel. «Lika Dokk ikkj slik o-låt i gårn Dokk da?» sa ho.

«Å jau da, gulle mitt, berre låt du med hjarte løsta.»

Utpå kvelden ein gong, da Åsel kom ut, sat Astri på stubrua med dokka si; ho sat og snakka med henne. – Ti still no, di klomse! sa ho. Trur du du får døy tidlig da? du som er så rund og raud!

[9] Da Åsel kom inn att, sat ho og hadde glømt dokka. Enten sat ho og såg kor kveldskya brann vestpå sjøhaugane, eller så måtte ho sitte og tenke som eit vaksemenneske. – Sitt du her enda du? sa farmora. Gjentungen såg rolig opp på henne. – Kva er det du sitt og tenker på da, få høyr? Smått om senn vann låtten seg fram i andletsdraga på henne: Til sommars vil eg vera gjætle-gut! – Gut òg? – Nei, men gjætar, meinte eg. – Kvifor det da? Det vilde ho ikkje ut med.

Men da farmora var vel inne, gjekk ho bakom nova og sa det med seg sjøl, i stille gråe haustmørkre, til åkrane og trea:

«Ho Marjane – – ho reisi ifrå oss ho. Så langt att!»

Ho sa det fleire gonger, så det bevra og fraus gjennom all hennar kropp. Så sprang ho inn, ho vilde tråve som ein gælnehest gjennom stua, ho vilde sette henne på hald. Men det var umulig i kveld som ein annan kveld. Det var så for stilt der. Nei, det var berre ho Marjane som kunde det. Ho kunde rive sund stilla ja, så ho farmor og ho mor dei spratt på stolen! Å ja men, når ein vart stor så.

Men da var ikkje ho litl-faster her meir. Men det visste dei ikkje, nokon. Da

hadde ho fare den vegen som ho faster Marta fór, ho som var døvstum; til Jesus og englane og den vegen.

«Har du læst kveldbønna di no?» spurte Andrea, da dei hadde lagt seg.

[10] «Æ held på mest æ vinn, æ ha kommi så langt som te – – nei no må æ bynn på igjen.»

Mora hørte det pusta og les ivrig borti senga.

II.

Det gjekk ein fire-fem år, før det hendte som Astri visste om. Marjane vart sjuk og døde. Ho var millom 17 og 18 da, og Astri i kring 12. Det kom så dått på. Ho, som hadde vore så frisk av seg? sa folk. Men dokteren meinte ho hadde bore på det lenge, etter som det bar i veg så fort, og når Åsel tenkte seg om, så ranns det for henne at slik hadde det vore ja, ho hadde regjort i feigda, som dei sa for gammalt. Det var tæringen, den same sjuka som tok far til Astri, og slik på lag hadde det vore med han òg: mote var større enn makta. Tæringen var ein uransakelig ein, som hadde sett seg for i slekta. Han skulde vera arvelig, enda. Berre det ikkje var han som tok ho Marta òg. Eldste dotra si nemnte ho ikkje så nokon hørte det.

«Det må vara som ein dom i det!» sukka Åsel, ein kvelden.

Det orde var det einast Astri som gådde seg på. – Dommen, kunde ho seie, best ho stod eller gjekk, og sat ho still, syntes ho einkvan kviskra det tett attmed henne eller song det langt unna.

Marjane vart kvitare og kvitare i andlete, med brennraude roser i kinna, og auga dei vart meir [11] og meir som glase å sjå til, som tomme skinande glase. Astri beit seg i leppa eller kleip seg einkvan staden på kroppen, når hosteriene kom. Elles stod ho utan å røre seg nedmed døra og såg på Marjane. For no var ho litl-faster langt på vegen alt. Ho visste mangt no. Og dei andre dei vart sittande att.

Ho farmor måtte vel gråte innvendig, trudde ho, og med ho mor var det slikt

slag – kvifor var dei så redd dommen? Ho visste elles meir enn det. Marjane ho døde ifrå kjæresten sin, og han var ein – berre ein fattiggut utant plassane nokonstads. – Det var sørgelig, sa ho ein gong. – Kva for slag da? spurde Åsel. – At han skulde vera så fattig, meinte eg. – Kven for ein? Men Astri bråtagde og hadde seg unna.

Ho måtte heilt bakom låveveggen. Men det var liksom ikkje lovlig å seie det der heller, det var berre så stor ein ting å tenke på: at ho vilde ha han og så vart det ikkje noko tå. – Ja ja, nikka ho hardt framfor seg. Det er dommen.

Andrea gjekk og såg etter gjentungen i denne tida. Ho bad henne komma borttil seg fleire gonger, ho skulde få sitte i fange hennar. Men kom ho og sat på knee hennar stund og anna, så var ho like langt unna for det. Ho hadde aldri frista å snakke større med henne, ho kjente det vilde ikkje til. Alt frå Andrea merka ho skulde ha barn, hadde det komme for henne det var ein gjentunge, og korles det var eller ikkje, så hadde ^[12] ho vore glad for det. Men det vart gudnådslig lite å rette fram til Åsel. Like vel vart det Åsel og gjentungen for det vissaste, fanns ikkje sakna å sjå der. Dei to hadde mangt i millom seg. Dei hørte i hop. – Sjå etter Astri, at ho ikkje sitt så åleine, sa Åsel med henne i denne tida; eg er så gammal og skymlen, eg glømmar reint av henne. – Ja, sa Andrea. Men meg er det visst ikkje stor monnen i, for henne. Eg er av eit frammandt folkslag for henne, ser det ut til. Nei, ho er ikkje av mitt folk, la ho til med sig sjøl.

Men da Marjane hadde stridd ifrå seg og låg på likstrå, kom Astri og tok i kring knea til mora, ho var kritande bleik og hadde strek etter tårane nedover kinna:

«Æ vil ikkj' døy, mor!»

Mora torde ikkje seie eit ord. Ho var berre glad så lenge ho ikkje skjemtes og fór sin veg att.

«Ja, Astri, no hi vi berre dæ da,» sa Åsel kvelden etter gravøle.

«Ja, æ veit det.»

«Veit du det? Korles veit du det da, Astri? Ka det e du veit da, ban?»

Ho farmor vart så skræmt, somtid, det kunde blykte som for eit hogg over

åsyna hennar, ein kunde mest kjenne kor ein stakk henne.

«Nei, æ meint ikkj noko med det, farmor.»

Da stal ho seg heller ut, bortom husa og langt bortpå vollen, – der spella månen seg med rimnålene heile berrfrosne reina bortetter. For der kunde [13] ho seie det med seg sjøl, at no var det hennar tur. – Ja, ja, sa ho. Dommen den er eg ikkje redd. Den skal eg alltid ta på meg.

Men alt dagen etter smilte ho til det, enda så sant det var, og Åsel tyktest merke ein forandring på henne. For det var det som var, at folk dei hørte henne eller såg henne same kor ho gjorde av seg, all bygda eller kven det kunde vera. Kanskje det var berre ho farmor òg? – Men komma kan det så gjerne, for meg! sa ho.

Ho skulde ikkje gå og tenke på døden, sa Åsel. – Nei, men det gjorde ho da ikkje heller! Nei, for det *er* mangt anna til, enn berre å døy, eg veit da det.

Da gav ho seg med farfar ut å kjøre heim tørv. Farfar det var ein arti stolpe til kar: ikkjenoko såg han og ikkjenoko hørte han, utan det han heldt på med, men somtid så blistra han, og med kvart let han det vera, og når han plagdes med einkvart, da var han ferdig til å bannast, såg ho, og det var trøyheit; da vart det ein annan lett på dagen. Da kunde ho ha ledd til grovaste bannskapen òg; som litl-faster. – Ser du her du! sa ho og viste fram høgare pekef ingen sin. – Ja, kva da? – Eg blir fri vortene! – Så? – Ja. Dei må *til*, når ein gnur seg på lik. – Huft da! Du har da ikkje gjort det lel? – Jau. Ho såg lukkelig på han: Eg strauk meg på handa hennar litl-faster. – Det var ikkje *du* som tusla oppå kammerslofte ein kvelden? -Det var om kvelden [14]ja. – Hm. Du er ikkje mørkredd da? Og ikkje redd lik heller nei? – Nei? Er dei farlige dei da? – Han smilte visst til henne.

Men heime i stua der kom han bort, han farfar òg. Ein måtte halde seg til ho farmor der; for der var det *ho*.

– – – Elles voks ho fort, og helsa var det ikkje noko som vanta. Og allting så skifta det og skifta det, og visst ein vilde, så kunde ein godt flire til det i dag som ein gret for i går. Ein kunde smile til den tingen òg, som stod fast: at når tida kjem, så skal vi døy. For det var utrulig mykje anna til. På skolen var det ein gutfark som var vakker, han heitte Håkon, og ein dagen dei hadde leika

panteleiken, vart han dømt til å kysse henne, på munnen enda. Først bad ho vakkert at ho måtte få sleppe, eller få legge lommetørklæe imillom, men det var nei ifrå alle kantar, og dermed så kom han. Da sprang ho, ut i gangen og opp troppa, tenkte å stenge seg inne på lofte, men der var ikkje noko lås-stell for døra, og han og dei andre var ville og braut på, ho klara det ikkje lenger. Det var sommaren, og vindaug stod oppe, og med det same dei bryt seg inn, tek ho seg fart og spring ut, ho vil slå seg lukt i hel. Ho hamna i ei sandgrop og fann seg att like god. Sia lett dei henne i fred. Dei lett henne i fred for mange ting. Ein annan gutgap var der òg, som heitte Odin, og han var det synd i, rett som det var, for han var ein tosk [15] til å late seg narre, og ein galning til å finne på gapstrek. Han var søskenbarne hennar, men det gav ho seg sytten om. Og på Segelsund der hadde ho ein slektning som heitte Mina, fru Mina, og frue var ho og grovt så fin, – ho kunde ta og sjå ein midt i andlete og seie ein var ei vakker veikje, ho kunde spørre kva ein vilde bli! Astri vilde bli så fin som henne. – Eg skal bli kjerring, hadde ho svara første gongen. Sia svara ho *ikkje*. Ho trong ikkje det.

Så vart ho konfirmert, og åre etter kom ho til Segelsund på skolen der. Den var berre for gjenter, og fru Mina hadde fått han i gang. Dei lærte å veva og saume og stelle i fjøse, Ola Håberg, klokkaren hadde vore, song med dem, og mannen i huse heldt foredrag. Dei syntes ho var still der, dei andre, dei trudde enda ho var sint når dei sjaua og hadde det arti. Og så såg ho så lenge på dem før ho svara; dei kom seg lite til å gapast med henne. Men ein gong i millom kunde ho gå laus og vera med dem, så heile stua stod på ende. Ho stemte mest blode i dem, når frua kom inn og skulde halde styr på dem, for da såg ho henne beint i auga og lo: Her vart da så stilt så! Eller: Likar du ikkje litegrand sjau du da? Det er da trøyheit.

Dei var 13 gjenter, og somme kveldane, når det var foredrag, kom dei som hadde gått der åre før.

Åsel vilde vita kva han snakka om. Astri [16] stod og tenkte etter; så såg ho opp og smilte: Neimenn om eg det veit. Eg låg så i det med saumen min. Men, det var vakkert å høre på. Åsel lo: Jaså, du hører så godt etter? Men dei er vel likare dei andre, får vi tru. – Ja, til å høyre etter, så. Men ho Mina er så blånøye på sauming og slikt, – sjå her, skal du sjå! Jau, han sa det for resten, ein gong, at vi

skulde akte oss for gutane. – Høy san! – Ja, var det så rart? Elles så seier han mangt anna som er likare, han seier at live det er store ting. *Live!* seier han. Døden nemner han aldri; og det same kan det vera. Den nemner ingen. – Veit *han* noko om live da? – Nei nei, men. Det er vanskelig, seier han. Det er ein konst. Han sa for resten det ein dagen – –

Kva da? vilde Åsel høre. – Asj! Han sa berre det, at ein finn alltid ein som det er synd i, nokon som treng ein, sa han – var ikkje det vakkert? ho såg stridt på farmora, med nyvakne auga, blunka til eit par gonger reint som ho var stridshuga og venta seg eit bask. Men Åsel sat og tagde, og Astri slakna av og småsnakka att: Det er elles ho Mina som rår på Segelsund. Men kvifor har ho seld vekk halve gåren tru? Og kvifor har'n morbror Ola slutta som klokkar? Han er for resten trøysamare no, han kunde visst få ein stein til å synge – kvifor har han ikkje gifta seg?

Åsel rista på hovude: Kan ikkje eg svara deg på, ban.

[17] Nei, ho visste det. Folk kunde aldri svara på noko. – Men at ikkje ho Mina får born da? – Kan vel ikkje svara på det heller, eg. – Ja, men kvifor kan ho ikkje tie still da? kvifor skal ho henge seg på meg og snakke om slikt! Eg vil ikkje ha nokon prat med henne om det der! – Seier ho noko da? – Ho går no der og småsukkar, at live det er ikkje så greit, men *ho* skal ikkje klaga! og kanskje så lid ein det ein har fortent, og – ja, eg gir meg ikkje om å fortele det. Sorg og motgang, er det noko å snakke om? Er *det* så farlig da?

Åsel hørte ikkje større etter henne; ho sat og tenkte på, at slik snakkar den som er uvant til å snakke. Henne kunde eg ikkje ha levd forutan, sukka det i henne.

Men utpå vårparten hendte det ein ting som Astri ikkje hadde tenkt å fortele. Ho gjorde det lel, for elles vart ho gåande med det og vart aldri rein meir. Farmor kunde ein lesse av seg på, det ein ikkje vilde ha for seg sjøl, og dertil var det jamgodt med at det ikkje var fortalt.

På Segelsund budde ho i eit lite kammers innafor kontore. Ein kvelden ho hadde sitte still og lese, hørte ho det kom ein inn på kontore og vart ståande straks innom døra. Mannen sjøl var det ikkje. Så hører ho han seier: Nei men sitt

du og gret da? Astri lya; det var kontoristen. Ho hadde ikkje trudd det var nokon der inne før, men no hørte ho måle til Mina: Kva er det *du* vil her? ^[18] Stilt ei lang stund; så kjem han framover golve. Astri glømte ho sat der og lya. – Kan du ikkje reise din veg! klagar Mina seg. – Du bryd deg da ikkje om meg lel du. – Nei, har eg sagt, det gjer eg ikkje, men, – Skal eg reise berre for det at eg bryd meg om deg. He? Da bryt det ut med gråt og hikst: Det er di skyld alt i hop, eg ser det så vel! Du var det som narra meg da eg var veikjungen, og du er det som – – ja eg ser da at han Arthur er både liten og – – men han *skal* ikkje lide for di skyld! Men litt lettare kunde Vårherre ha straffa meg, for eg *visste* ikkje – – kva i Herrens namn er det eg lever for? og strid for? Det vart eit togn. Så seier han, berre lågt: Det er no ikkje så visst det er di skyld at du ikkje får born, veit eg? – Ti still, hører du! eg tåler ikkje du nemner eit halvt ord om han Arthur eller nokon ting, du skal vekk herifrå på timen! – Ja ja, kan du undvera meg, no som det står til, så. – Det får gå som det vil, og pengane skal du få att, alt du har sett inn – for eg veit ikkje kva som kan skje visst du blir her, det kan hende den verste ulukka, eg veit mange gonger ikkje – kan du ikkje *reise*!

Da rånste Astri med seg og reiv seg laus, ho opna vindauge så stilt ho kunde og hoppa ut, beint ned på hålkessvullen så ho trilla bortetter. Brann i kinna gjorde det lenge etter, så ho knapt torde syne seg for folk.

^[19] Åsel nikka berre. Ho visste all ting før. – Du glømmet det alltid ein gong, sa ho. – Ja-a. Eg ser da fru Mina like beint i augsyna for det der, men. Og meg –, ho stod litt og blunka imot sola eller kva det var, – meg kan det få hende kva det vil. Når det berre hendte meg noko. Når det berre vart litt *liv i huse*!

– – – – Åre etter reiste ho sørover på jordbruks-skolen, og var så vidt ferdig der og kom heim til gravøle etter farfare.

Åsel tok imot henne og snakka med henne liksom ingenting skulde ha hendt. – Ja, han hang ikkje i hop lenger, han, sa ho berre. *Eg* må ha teke live for rolig, ser det ut til. Men korles har det gått deg da? – Det hadde gått så tålig. Det var trøysamt der. Men somtid tykte dei ho var for still, og somtid at ho var for lite still. Eg lærer litt medkvart, la ho til. Veit du det: han Arne Finne var der. – Kva er no det for ein blomster?

– Han som var på Segelsund eit tak og skulde vera som ein gardskar, han er ifrå byen, og no skal han bli landmann, for helsa si skyld. – Å, no, da er han helst sonen til sjølve Finne på bruke, dei kallar? – Ja, eg trur det er noko slikt. – Ja ja ja. Jaså. Du er halvvore forlova no da? Astri ler: Nei, veit eg? – Det var da enda bra. For det er berre helseløysa i den slekta. – Ja, han er bleik: han er ansles enn alle dei andre. Han ser *dømt* ut. – Her på Håberg dugde han ^[20] ikkje nei. Det slit ut ein frakare ein, her, ser vi. Ikkje har dei så utrivelig med pengar heller, no lenger, det spåkar for konkurs, visst.

Astri smiler imot henne, – farmora var så gammal og røynt der ho sat.

«Æ fekk for resten brev ifrå'n her i går. Men æ kjem ikkj te å svara på det. Nei, æ gjer det ikkj. Enda ein kund få løst te mangt, her i huse.»

«Det e vel så det, Astri. Det e vel så ja.»

«Ein rivanes løst, mang gong, te å sett heile huse på hald. Eller – gjera noko rettelig vakkert! »

EIN GAMMAL KJENNING

I.

^[21] I jula var det stor fest på Segelsund, slik det pla vera. Ungdommen som hadde vore der dei siste åra, samlast dit, og bad med seg kven dei vilde. Tala vart det og sunge vart det, og sia slapp dei laus nedi gamle borstua og dansa.

Astri bad med seg Odin Setran. Dei hadde lite og ikkje talast ved dei siste par åra, og berre ein slump var det dei råktest no òg. Ho var strid på at han skulde komma. – For det om du har grave deg ned i lag med 'n far din igjen, du kan da

vel gjera meg den gleda at du kjem, likevel? Du kan då vel kike ut, du som eit anna menneske. Folk seier du les helsa av deg, og som ein raring ser du meg ut, halvvore. – Ja, stod det så gale til, da skulde han ta og komma.

Astri stod og såg ein gong på han og ein gong ifrå han. – Det var sant, ho fekk gratulere han med middelskole-eksamen, han var *fin*, hadde ho hørt. Og så berre paa eitt år, var ikkje det hardt? – To år hadde vore verre, trudde han. Han vart så oppetande lei seg attmed bøkene. – [22] Ja, men han sat da og las no òg? – Berre det han lysta. – Og så var det snekkar han vilde bli, like vel? Ho hadde vorte så glad da han fór til Trondheim, ho trudde han vilde legge ut og bli einkvart som *var* noko. – Nei, no vilde han bii treskjerar. Han hadde sett eitt og anna i Trondheim. Tre, det er tingen ein kan få det til i, ein kunde visst få det så levande at det sprang sjøl. – Du er meg ein arti ein, lo ho. Men no skal vi danse, i morgokveld. – Eg har da dansa før eg. – Ja, det veit eg, du har fare som ein galning, nokre gonger, du har slåst med nothundane har eg hørt, og på marknaen der var du rubelgut, det har skjedd mange kraftige gjerningar i ditt namn. Det kan vera bra nok, men kva slag folk er det du er i lag med? Og så sitt du der halve åre og skjer figurar i tre og les engelsk og gudsfrykt og kva det no er – nei heretter skal du få mindre fred.

Odin lo ut i vêre. Auga hennar gjekk opp og ned over han, flytt for flytt, rettno måtte dei da ha *sett* han? Og slike opne auga ho hadde, hadde aldri sett den tingen dei trong å gå av vegen for, dei, – ho var for resten ei vakkerveikje å kalle, han måtte sjå litt på henne. Nei, ho var litt for breilett til det, visst, men ho var slik ho skulde vera.

Det same tykte ho om han. Det var berre rart det ikkje vart noko tå han, når han såg ut som han gjorde. For slik strita da håre til vêrs [23] over panna, og slik hyttaⁿ¹ dei, augebrunene, når han snakka; det same sa auga og heile det smale andlete; det var utrulig med liv i han. – Ja ja, så kjem du da! sa ho. – Ja, det er ikkje stort om å gjera.

Og kom gjorde han, og no hadde han dansa både med henne og andre. No måtte han da vera i lag med skikkelig folk? Astri såg ut som ho var fornøyd med han.

Henne var det elles ikkje stort om. Eitt eller anna var det som klemte henne. – Du ser ut som du skulde ha for tronge sko? sa han, ho stod og kvilte seg bortmed omnen. – Er det han der, kanskje? han viste med nakken over til andre veggen; det stod ein høg, tynn ungdom der og skola seg og såg hitover. Astri følgde med auga bortover. Så slog ho dem ned. Ein fin liten raudna skygde over andlete hennar. No ser ho opp på han: – Eg visste ikkje at han kom hit.

Arne Finne, tenkte Odin; han såg litt meir på han. Alvorlig bleik var han, og ikkje stort vakker heller; og auga i han dei var hjartans tungsinte. No såg han hitover att, gjekk så og sette seg. – Vil du, Odin, så går vi heim no, sa Astri. – Nei så gu om eg vil; no når eg først er utkommen. – Kom og dans med meg da! – Ja vel, men først må eg ha vatn.

Men da Odin kom inn att og såg etter henne, gekk ho beint over golve millom dei andre som [24] alt var i valsen, og retta handa til frammandkaren. Der for dei. Dei dansa elles ikkje stort, dei gjekk og snakka. Ho lo innimillom, og han måtte dra på smilen med. – At eg ikkje svara? hørte Odin, da han dansa framom dem. – Nei, for det kunde eg ikkje! – Nei, du veit det er ålvorlige ting, lo Odin. – He? sa gjenta han dansa med. – Å, eg kom berre i hug hjarte og det stelle, det er fælt til fint urverk.

Det var ikkje lenge etter, så kom Astri og bad han følge seg heim. Det var i tidligaste lage, tykte han, men ho bad slik at svare sa seg sjøl: han fann i ytterklæane deira, og så gjekk dei. Morbror Ola kom og var i nærheita, da dei fór, og han sa einkvart bort i vêre, slik han pla gjera. – At *han* idest leva? undra Odin seg. – Han er morosam, han, sa Astri. Og snild. – Ja, men -- han skulde ta og døy snart, kva hunden er det som held live i han?

Astri lo. Ho lo fleire gonger til einkvart Odin sa, når det reiv litegrand, men elles var ho stuss og still.

Dei tok beinvegen over myrane, for det var hardføre under, og berre litt nysnø.

Det var underlig til stilt vêr, ei godvêrs-natt så det kunde ta i ein. Kvite myra låg framfor dem, og skogjaren og fjella i mørkre rundt omkring; men fjella dei hadde kvite hattar på. Kvite skyer all himmelen over; dei låg der så stilt og venta.

Attanom dem ein staden stod månen og [25] lyste. Vest over haugane hørtes have, så vidt; same tonen gjennom i tusen år, men i natt kom ein til å høre han som han var ny.

Ein gong imillom steig det rop over stilla, frå vegane nokonstads, der ungdommen var ute og ture jul, song ut og rann bort att, og da vart natta dubbelt einslig i kring dem.

Dei gjekk arm i arm, for slik vilde Astri dei skulde gå.

«Du går og tenkji på kjæresten du,» sa Odin, det hørtes som han vilde riste av seg høgtida.

«Ikkj å sei det, Odin!» Og litt etter la ho til: Kva hadde han med å komma her? Han Arne, meiner eg. For *du* skal vita det, Odin, at vi er ikkje forlova og ikkje blir vi det heller.

Kvifor skulde han vita det? lo han. – Vera snild no, Odin! bad ho. For du og eg, vi er da gamle kjenningar, synes ikkje du òg det? – Vi? nei! Jau, for resten; det kjennes ikkje umulig, i natt, eg vil ikkje be deg om ein kyss eingong.

Da såg ho forundra på han. Det lyste så stilt og djupt av dei grå auga henner, no i kvite natta. – Er det slikt liv i deg da? – I meg ja? Jau, med kvart så.

Da dei nådde fram gjennom dalane og til Håbergjordene, stana ho.

Same stilla enda. Natta er aldri så djup som ut imot morgonen. Og Astri stod og tenkte på sitt att. – Kvifor skulde han stå og sjå så ulukkig [26] etter meg heile kvelden? – Han morbror Ola, du kallar? Odin såg ut som ein liten devel. – For eg har da sagt han det kan ikkje bli noko imillom oss; meir hell det som er. Eg vil han ikkje noko vondt. Men eg veit inga råd.

Odin la øre til sjøen, han hørte kor tungt det arbeidde der ute, og kor tungt det svara frå fjella. – Men skal du virkelig gi deg til her i bygda da? spurte Astri. Bli snekkar eller treskjerar eller kva du kallar det? – Neida neida, eg skal bli skapar eg, men det forstår du deg ikkje på. For eg kjente da det, med eg sat over bøkene, at eg gjorde noko gale; eg kunde ikkje forsvara meg, og det må ein kunne. Lesa kan ein visst bli ubergelig dum av. – Høy san! – Ein skulde heller ta og snakke med nokon. – Du som har han far din å snakke med ja. – Med han? Det har eg

aldri gjort lel; det vart det aldri noko tå. Har ikkje vorte enno nei, korles det så kan ha seg. Best det var lo han høgt: Å jøss, jøss, no er vi vaksne her vi står!

Astri lest ikkje som ho hørte det. Ho stod og såg opp i skya, der månen glødde seg igjennom med brandgylte ringar vidt utover. Lyse ligg og bevrar som bråna gull under eit tynt kvitt hy: så sig det bort att. – Eg kunde ha lyst til å rive det sundt, heile stasen! seier ho brått. – Du når ikkje opp! – Eg veit du forstå meg, Odin. Det er så stilt på Håberg, – vi er så still, alle i hop, eg står ikkje ut det!

[27] Dei møttes med auga. Ho skaut opp brunene med eit lystig lite tak, smilte enda, men ho var hjartans ålvorsam. Odin stod og vilde gå no, han venta ho skulde seie godnatt og takk for lage. I staden tok ho til å snakke att: Synes du aldri det er tomt og stilt du da? Synes du ikkje her skulde hende einkvart? Einkvart ålvorlig, meiner eg. For elles skulde eg ha død for mange år sia, det var det vakraste eg visste, og kanskje så hadde eg rett. Kvifor kan vi ikkje legge i veg utan å tenke, kven er det som plagar oss til å tenke *over* støtt? Tenke over det først! det kan dei andre gjera, dem bry eg meg ikkje om, det luktar fattigfolk av dem, og det er det verste eg veit. Men slik er ikkje du, Odin, det er derfor eg bry meg om – – – bry meg om å stå her og snakke med deg; ein kan i grunnen ikkje vita kva du finn på for slag. Ja, du kan gjerne flire åt meg, det gjer aldri det grand i natt, eg har aldri snakka med nokon før, utan ho farmor da, og ikkje skal eg det oftare heller; det kom berre for meg at du skjønna meg.

Ho snakka fort og hissig, og andlete lyste ope og sterkt fram unna den svarte hatten og skinnty. Så vinn ho liksom på seg att og smiler vaki og nær han:

«Ikkj å høyr ette det æ sei, Odin! Æ e da ikkj slik som æ gjer mæ te.»

«Æ stod og lura på ein kyss lel æ. Skit i slektskapen! tenkt æ.»

[28] Ho kvakk litt slik som han ønska det. Men no såg ho småøygd på han, og smilte, ho voks seg langt ifrå han, var visst berre så vidt ho kunde sjå han der nedanfor seg. Det strigla han så det var ein frysna å kjenne på. Han sette hatten til rettes paa hovude og stod stri og flirande imot auga hennar: – Men du såg så skikkelig ut, det var det som berga deg. Ja, go'morn da!

«Du, veit du at mor di e klein?»

Ja, han hadde hørt i det. Det var ikkje noko farlig?

Nei, ho visste ikkje.

Han ser på henne til han glømmer henne.

Men han skulde ikkje vera forføeld, det var da ikkje noko *større*, ettersom ho hadde hørt! – ho hadde komme eit steg nærmare. – Nei, stakar, eg er ikkje forføeld. – Kva var det da? – Kom berre for meg, at eg skulde møtast med ein gammal kjenning.

Astri blir still nedetter kinna. – Du òg? seier ho med seg sjøl. Ho står litt til, og så seier ho farvel og går; Odin snur og går andre vegen.

Morgonen synt seg alt austpå fjellranda, ei lita lysgul minning i skybakken. Ei mild åsyn, kunde ein seie, med ein urliten angst i seg. Sia kvikna det til etter kvart. Det var ingen kvardag just, men han var kald og stø over brunene; det sat i Odin at han skulde i hop med han der, eit bask.

II.

[29] Faren var alt oppe da Odin kom heim. Kaffeen hadde han ikkje fått i stand enda, han stod utom døra med hendene i lomma, stod og såg på vêre slik han gjorde det kvar morgon. Rypa vakna i haug etter haug, og himmelen levna til lenger og lenger oppetter. Langt borti nordvesten stod månen med bert andlet no, han skulde ha sett grenda over før han gjekk sin veg. Små gule lys borti stuene hadde løyst han av. Så kom myra og skoghaugane fram, og strender og garar, fjorden låg alt og venta; dei fekk åsyn og liv. No skulde dei til. – Du vart lenge, meiner eg? sa Otte. – Ja, eg vart da ikkje før ferdig.

Ja, ja, det var no jula, og godvêre; det var i grunnen ikkje vêr til å vera gammal i, dette her, – Otte kom småsnakkande etter Odin inn i stua.

Odin måtte sjå på faren: Det var ikkje ofte han gjekk slik og prata? – Var du redd eg ikkje kom heim vel og vakkert? sa han, han tok seg for og fekk kjelen på jag.

Otte vart gåande omkring han og tasse og smått snakke. – Sjå her, skal du sjå, er ikkje det eit truverdig lite hovud? Han synt fram noko han hadde tegna på

ein trekloss. – Hadde han gjort det der i natt? – Ja ha, eller i gårkveld da, og kva meiner du om auga i det? Når eg no får låne dine å sjå etter, ei augblink? Det var det med den galningen du gjorde her sist, at du hadde [30] ikkje noko levande å sjå etter, han fekk ikkje liv. Du må ha lese om han?

Kunde gjerne hende det, sa Odin. – Dei har ikkje villa *til* for meg i det siste; eg får sjå no når eg har dansa ifrå meg jula, men først vil eg ha kaffe. – Var det ikkje du som skulde slutte med kaffeen? For moro skyld, eller korles det var du sa? – Ja, vas åt meg, eg er da mann for det òg, når tida kjem. – Ja ja ja. Eg skal ikkje komma med noko visdomsord om det; eg har tømt meg for lenge sia. – Du? Odin såg på han, med eit kvast lite hytt oppi bruriene. – Du tykkjer eg er snakksam i dag, skjønner eg. Mon det har da vore mang ei lita lystig stund her, har det ikkje det? – Jau, sa Odin, han vart raud liksom han skjemtes.

«Ho mor e klein,» sa han, litt tvert.

«Ja.»

«Ja, sei du? Veit du det før da?»

«Å ja da. Nei, for resten, det kann æ ikkj

Odin har sett på han enda ein gong, og snur seg vekk.

Men dei fekk vel sjå å få slege i hop denne senga i dag, seier Otte; så sendte dei henne med dampen i morgo. – I dag? Hadde det slik hast da? – Nei, nei. Otte stryk seg over panna, tek seg i skjegge eit par gonger; Odin står og ser bort og ventar. – Du tenkte å sjå bortover, kan hende? – Ja. – Du trur – fryktar du for det er tæring, du òg da? – Tæring? *Er* det det da? [31] – Det har komme for meg, Odin. Når eg skal snakke sant.

Odin tok seg ei brødiskive til, for han vart vår at faren hadde ikkje rørt maten enda. Da han er ferdig, går han på loftet og legg seg. – Jaså, det var det som plaga han! sa han. Og no ligg eg med det same. Han løfta på hovude og lya. – Jamenn høvlar han? Han snudde seg til veggen. Litt etter letta han på hovude att: Sitt han reint still no da? Rører ikkje på seg ein gong.

Han klødde på seg og gjekk ned att. Da hørte han faren tverreiste seg frå høvelbenken, han var ivrig med limkjelen da han kom inn på verkstaden. – Eg

fekk ikkje sova, eg trur eg gjer meg ein sving no straks. Faren berre ser på han, og nikkar.

Han var med Odin utom døra, stod og skulde ha sagt noko. – Du tek ikkje med deg kjale ditt da? sa han endelig. – Nei? det gjorde han vel ikkje? Odin var alt på gonga.

Han tok beinvegen over marka, som han pla gjera når han kunde komma til med det, for ålmannvegen var ein seig ein å slite, han gjekk aldri der han skulde ha gått, og marka ho var ikkje så veglaus som ho gav seg ut for; sommestads kunde det både krype og gå i han, kor mange vegar der var, – kanskje det var berre krøtera som hadde fare her i gammal tid?

Bortmed låvebrua på Vennestad stod Iver og sopa opp noko halmspill etter utgangarane. Han ^[32] var berre hår og skjegg i dag, og ikkje noko slag gjøt i han, det stod visst ikkje frakt til inne. Odin var meint på å gå framom han liksom han berre så vidt fanns der, det skulde til med ein tå det slage. Men han fekk det ikkje til i dag, han stod der så urimelig åleine og puska med limen sin.

Jaså, han var ute og gjekk så tidlig på dagen? Iver flytta auga hit og dit, liksom tanken ikkje vilde stå still den litle stunda. Det var kanskje ugreit å vera ein som Iver, når tæringen var ute og fór? Andlete var grått og vêrslite, og no hya det over himmelen att, tok så smått til å snø; kanskje så kjentes det vondt å døy ifrå ein slik krok òg. – Eg kom berre slik slengande, sa Odin, så tenkte eg å spørre korles det står til her. Ho har vorte skraput, ho mor?

Iver kom og gjekk med han inn. – Vi får da vel tru det rettar seg igjen? sa han. – Ja, du veit det har vore fælt så mykje kleinfolk borti garane no eit tak; dei har da komme seg att, alle i hop. Odin snakka heile vegen, og andlete til Iver lysna litt medkvart:

«Ja, di anner ja. *Dem* hi da stabelert. Vi får ha trua go, Odin.»

Borna var i kjøkene og trøydde seg. Det gjekk stilt for seg. Minstebarne låg på eit sjal og kravla, det leika med seg sjøl. Dei stana og glåmte stort på Odin; dei var glad han ikkje gav seg *for* noko lenge. Bedre stod det ikkje til her i huse, no visste han det.

^[33] Elen låg i kammerse. Ho smilte ikkje til Odin, ikkje det grand, ho såg berre

det var han. Ho såg bort på ein stol, og Iver bad han sette seg. Farlig bleik var ho ikkje, det var einast auga i henne som var sjuke. Men da ho snakka, vart han stiv på stolen, for det var ikkje mål i henne lenger, det var berre håse nøda att, syntes han. Ho var langt langt nedover.

Ho vart kvikkare da han hadde sitte der ei tid, ho spurte korles det stod til, og sia spurte ho kor det vart av 'n Iver; det er da jula, sa ho, du skulde havt skjenk. Iver kom i døra: han skulde kanskje sjå og finne fram eit glas øl og litt til? Auga deira møttes over Odin; han ønska han hadde ikkje vore der.

«Æ vart ligganes æ,» sa ho da Iver hadde gått, og no var det mest som ho drog på smilen. I det same fekk ho ei hosterid, ho hosta seg utor, så Odin trudde ikkje ho kom att meir. Sveitten flødde av panna hennar.

Hadde ho vore klein lenge? spurte Odin. Det var bedre å snakke, tykte han. – Å ja; ho hadde vore litt ussel sia ifjor-vår, og no her i haust kom det att litt verre, og da ho skulde arbeide det utor seg, så gjekk det ikkje; ho vann det ikkje.

«Æ kjem alder opp meir,» sa ho, best ho låg.

Odin såg hit og dit. Der var ikkje nokon stad han kunde late auga kvile. Og mora sa ikkje meir.

Fekk ho sova om natta? tanken kom som ei ^[34]hjelpande hand. – Nei, det var smått med det. – Så vart det vel ikkje rare nattsømnem på han Iver heller da? – Nei, det var det verste.

Odin retta seg opp.

«Du villa ikkj ha mæ her om natta?»

Ho svara ikkje med det same, og Odin var i farten kommen: For meg gjer det eitt, veit du, enten eg søv om natta eller om dagen, eg kan vakne og sovne fort vekk, eg kunde så godt komma og vera her til du vart frisk. Eller så kunde eg gjera einkvart arbeid for 'n Iver, eg hadde lyst på det no eit tak, – kan eg ikkje få komma og vera her da, ei tid?

Han torde knapt slutte. Elen la hovude eingong hit og eingong dit.

«Javisst villa æ det. Men – – dem sei det e – – smittsamt? Ho mor – – e her av og te.»

«Langt ifrå, det bit ikkj på mæ i allfall, du kan vara rolig, mor, – – æ gjer mæ ein sving heimom, og så kjem æ i denne kveld.»

«Ja ja, Odin. Du får gjera som du synes.»

Det snødde enda da Odin fór heimover, men det var berre godvêrssnø, lufta var uvanlig så lys og goddæmd. Snøbrake utant Folla var berre som skjerlyden om sommarkvelden, som ein blidvoren ein som tala med seg sjøl og smått song: Folk døyr det, og folk fødes det; det var aldri ansles, blir ikkje ansles. Verda og live, det går så jamn ein gong. No opna det seg utover, og tala med full tyngd hit; – no glømte det bort seg att.

[35] Otte hadde det ant om med denne nye senga, da Odin kom heim, han hadde ikkje stunda til å sjå opp. – Kor det stod til der da? spurte han berre.

Odin fortalte at han tenkte seg til Vennestad att. – Vi kan ikkje la han Iver gå til 'n sturtar heller, sa han da faren ikkje svara. Han er eit menneske han òg; på sin måte. Ettersom eg har forstått deg, la han til, og no lo det med små rukker millom brunene på han.

«Jaså ja, du fløtta herifrå no da, sei du?»

«For ei tid så. Ho gjer det visst ikkje så leng', syntes æ sjå.»

«Du trur du kjem att da?»

«Ja, det gjer æ da vel?»

«Kan aldri tru det. Nei. Det va ikkj meiningja heller.»

Odin stod klomsa for det første. – Nei, han hadde no tenkt på sjøen, sa han stilt. – Hm! Ja, du har tenkt på mangt. – Ja, dei fekk snakkast ved om det sia. Han vilde ta med seg mesteparten av pøre sitt på kjelken.

«Ein gammal kjenning ja,» mumla han med seg sjøl, da han hadde sagt farvel «Det va *rart* den gongen han Bendek dø. Da va æ tynn.»

Otte tok seg på tak og gjekk til Segelsund da Odin hadde fare. Annan stad hadde han ikkje å gå, no i denne tida, og erend kunde han tenke ut i vegen. Han gav seg tida på bua, til Ola Håberg, kom slengande dit. Ola vart med han eit stykke [36] på vegen, som han ofte gjorde. Dei gjekk og sa eit og anna orde; det

vart aldri noko snakk av. – Og no har han Odin reist ifrå meg, seier Otte. – Jaså, du har røykt han ut no. – Ja, han var ferdig no; ferdigrøykt, vil du seie. – Javisst, javisst. Du har temt 'n bra. Og full tå visdom, snakk ikkje om det. Men rettelig bygdamenneske har du ikkje vore godfor å gjera han til, det lit eg på. Der er *von* i han enno. Kor helst fór han no da? – Til Vennestad. Det står til kleint der no. – Å ja; det er som ein tek det. Du, som ser det ovant skya ein staden, du seier visst ikkje det med deg sjøl. Men jamenn var det godt at han fór no. All denne lærdommen du stappa i han. – Eg? Nei. No fer du vill. Det vart ingenting det. Det vart han som lærde meg. Særlig ein liten ting. – Lærer *du* òg noko? – Han synte meg at det var hemna som sat i meg. – Fy da, fy da! Ja, det skal du få meg til å tru, for resten. – Ja, eg veit ikkje ansles å seie det. Det hadde suge seg til beine i meg, at eg skulde ikkje vera av denne verda. Når verda hadde gått meg i mot. – Stakars verda! Ho får snart alle imot seg. – Han synte meg det òg, at live er større enn å tenke; større enn det vi kallar konsten.

Da stana Ola opp og lo i snøskodda: Kjente du att dei orda, Otte? Matar dei deg med dine eigne ord, og du veit ikkje kva du êt? – Ja ja ja, sa Otte og skreiv med kjeppen i snøen. Men det var ikkje noko *sant* i dem før. Han gav meg mot [37] på å leva. Eg kom til å sjå framfor meg, slik han gjorde. Å vera til – – større ord er ikkje sagt!

«Ja, æ hi alder prøvd det!» sukka Ola. «Æ val snu no; du fell mæ så tungt for brøste; du e som sjølve gudsorde i kveld.»

Kunde han ikkje bli med frampå myrbakken da? – Jau jau, han kunde alltid herde seg til det; det var ikkje kvar uvêrskvelden dei kom og bad *han* om å bli med. – Nei, for han Odin vart aldri nokon snekkar eller treskjerar eller slikt. Evner? dem hadde han nok av. Han kunde sjå for seg ting så nye og djupe, han kunde få dem til så friskt at det yngde opp ein gammal ein. Men han såg så mangt anna. Han hørte ikkje til der. Ikkje på skolen heller nei. Eg kjenner han ikkje! han sa det høgt og lyst ut imot snøvêre. – Nei, Gud skje lov for det, Otte! – Kan hende det ber til sjøs med han. – Kan hende han kjem att òg! humra Ola, og no glømte han at dei var frampå myrbakken. – Berre du ikkje har gjort fritenkar av han med dette gudsfryktsnakke ditt, det har eg vore redd for. – Veks det vel av seg igjen, sa Otte, han hørtes logn som snøtyngda over dem. Veks det vel av seg

igjen, – han veks så tvert imot meg i alle ting. Det er det som er lukka hans. – Ja du Otte!

III.

[38] Det gjekk fort nedover med Elen. Dokteren hadde sagt med Iver, at våren var verste knipa for slike. Stod ho over den, kunde ho komma på føtene att. Odin såg at ho levde ikkje til våren eingong.

I førstninga skiftast han og Iver om å vaka hoss henne, men etter som det leid imot slutten, drog Iver seg meir unna og let det over til Odin, for slik trudde han visst Elen vilde det. Gong og annan kom Åsel dit og sat utover kvelden. Odin hadde vondt av henne. Ho vart sittande som ein frammand attmed senga, og auga i henne dei var så opprædd; for kvar gong ho gjekk heim, var ho meir fattig å sjå til. Han tykte han hadde litt med henne, likevel. Det vart fleir og fleir som han hadde litt med.

Ein kvelden møttes dei utom døra, da ho kom og skulde gå heim. Da tok han seg mot for og sa:

«Ska Dokk gå heim no alt?»

Ho måtte vel det ja.

«Ho mor synes det e arti med Dokk sitt her.»

«Ja, sei du det, Odin? Det e visst smått med det, san. Men ska du verkeli gi dæ fer her da, Odin?»

«Får vel det. Æ va no i Kjelvikja, da 'n Bendik død' – det gjekk da, det.»

«Skuld æ komma att da, mein du?»

[39] «Ja,» sa han, og no kjente han det var sant han sa: Mora likte det likevel, inne hoss seg sjøl. Han følgde med over hålka bortpå vegen, og der kom Astri og skulde møte henne. Henne ansa han knapt. Han såg for seg den litle gamle ryggen til bestmora. – Å døy, sa han med seg sjøl, det må no gå det. Å bli gammal er verre.

Astri kom og henta Åsel fleire kveldar. Ho sat i kjøkene på Vennestad og

venta. Lenger vilde ho ikkje. – Er han der enda? spurte ho når dei var i heimvegen. – Han Odin? Ja da. Han er ikkje så redd døden han som du. – Døden trur eg ikkje eg er redd. Jau, det er eg visst, men å sjå på at andre døyr, det er det som er så huskje. Det vil eg ikkje oftare. Men eg misunte a litlfaster at ho fekk døy ung, – det skjønner eg ikkje no lenger. Er det han som vakar over henne da? – Ja, det er det. Det er eg glad for. Det er så rart at vi har fått *han* likevel, kor det så har gått. – Fått han? – Ja ja, eg seier det no slik eg; han kjem for meg som ein sending. Da gav Astri seg til å snakke om einkvart anna.

Da det leid ut i februar, var det ikkje stort att av Elen. Sov gjorde ho visst ikkje, og lite såg det ut til ho sansa av det som var i kring henne. Einast ei stund på natta var ho fullt vaki og med seg sjøl. Den stunda kvidde Odin seg for. Han syntes ho vilde spørre han om noko som det var umulig å svara på.

Det var klårvêre og høgmåneskin. Odin hadde ^[40] ikkje sett bygda så vakker. Det var sølvkvite høgtida all vegen utetter, det kjentes så urimelig når ein stod og såg ut; ein jammerdal full av bevrande lys, det stod og skalv imot han i skinande stilla over gar og fjell; tusen-år attende, og midnattes tider.

Slik var det den natta ho døde òg.

Åsel kom tidlig på kvelden og vart verande der. Astri var i kjøkene og spurte etter henne; så gjekk ho visst att. Iver kom og stod i døra rett som det var. Odin merka det i auga til mora; han syntes dei bad for han. Da reiste han seg og gjekk bort og sa nokre ord med han, visste ikkje større kva han fann på å snakke om.

Dei kunde sjå ho visste at no var det slutt.

Det var midt på natta. Det hadde komme slik uro over henne. Åsel sat på senggavlen og heldt i handa hennar. Auga flakka til og frå. Somtid hang dei ved mora, somtid og lengst ved Odin. Da kviskrar ho:

«Kann ikkj *du Odin* svara mæ da!»

Han stirde tomt inn i dei store redde auga. Djupare og djupare opna dei seg for han, og der inne stod sjølv angsten, som han ikkje hadde visst om før. Svara, det måtte han, kor han så tok det ifrå.

«Ja, mor!» sa han. «Ja, mor!» han visste ikkje om han kviskra det eller ropa

det. Men ho hørte han ikkje. Han snudde seg til Åsel i rådløysa, men ho var der liksom ikkje, fanns ^[41] ikkje makt i andlete hennar no. Ho hadde sitte der og snakka så vakkert om Vårherre, og Elen hadde ikkje hørt det. No hørte ho ikkje han heller.

«Kor det ber henn med mæ, Odin?» Det reiv som eit skrik i huse.

Odin såg rundt omkring seg, ut gjennom glase og attende til Iver, som stod bortmed døra. Og Iver var ikkje Iver lenger, han var tynn så ein kunde sjaa gjennom han, men eit levande menneske likevel, og det stod ei makt ifrå han og til Odin, som ei god hand; Odin syntes han nikka, at det fekk han gjera ja.

Odin la i veg ut. Beinveges over skogen og heim til faren var ikkje vegen lang, og no fekk han i gudsnamn komma, han fekk *komma*, det var det. *Han* måtte vel – –

Straks nedanfor husa spring han seg på han. Han og Astri stod der i lag, stod der midt i måneskine, og kvite vollane var rundt omkring dem, Odin trudde ikkje større på at det var til. Han undrast heller ikkje på at dei var der.

«Du må komma in!» sa han. «Kom straks, høyri du!»

Han var alt på vegen føre, og Otte kom etter.

«Men ska æ det da, mein du?»

Odin svara ikkje, og Otte auka farten. Han snudde seg til faren utpå trammen:

«Ho trur oss ikkj – ho trur ikkj nokon tå oss. Æ – – kan ikkj svara på slikt!»

^[42] Odin gjekk først inn i kammerse; han steig inn så stort og trygt no, Otte stilt etter han.

Ho i senga vart ikkje forundra da ho såg Otte. Ho slepte berre auga til Odin og tok tak i hans.

Otte står rolig og ser på henne. Odin glømte bort dem og lya. Der syng gjennom huse, synes han, og rundt omkring ute over haugane og strendene; det står så stilt og er til, kvar ein ting. Her får det skje det som vil.

Men mora hadde fått eit anna andlet, da han såg på henne att.

«Trur du han tek imot mæ da?» spurte ho, ørande stilt.

Otte nikka berre. Kanskje han gjorde ikkje det eingong. Odin snudde seg vekk frå auga hans.

«Ja, ja!» anda ho.

Da seig trøyttten over henne, ho la andlete andre vegen og let att auga. Ho seig igjennom sømnen og vekk. Berre nokre få rykkingar sleit i henne, ein totre pipande lyd. Dei lya til det song for øyra. No drog ho ikkje anda meir. – Hm! hm! hørte dei Åsel sa.

Odin gådde det først da Åsel reiste seg, at mora hadde ikkje sagt farvel med dem. Da han snudde seg og såg etter faren, var han ikkje der lenger.

«No hi æ ikkj fleir bonn å mist,» sa Åsel med seg sjøl.

[43] Odin hørte så vidt ho mumla det, han stod og venta og skulde vera med henne på vegen heim. Det trongst ikkje at nokon var med henne, meinte ho, men ho såg ut lita og tusli, og desutan kunde han ikkje legge seg og sova, han måtte ut under berr himmel.

Bortmed skogjaren møtte dei Astri att. – Hadde ho ikkje gått heim og lagt seg enda? – Nei, ho hadde meint på å høre hitover denne gongen enno.

Odin var med dem heilt fram til Håberg. Åsel sa godnatt og tusla i veg inn og la seg med det same, og Astri og han stod att ute i gåren.

«Du e trøytt, mein æ?» Ho såg ransakande på han.

«Å ja. Va æ mann for det, så gjekk æ og la mæ no.»

«Ska du gå ut i all natt du da?»

«Ja!» smilte han.

Han stod litt og såg på henne, så kom det for han kor urimelig det måtte hørast for henne, ho som såg slik ut. – Nei du veit, eg går da og legg meg.

Da la ho handa på aksla hans, og let henne ligge der.

«Æ ska gjern vara opp i lag med dæ, Odin, visst du vil?»

Orda hørtes forunderlig nær ved han, ein varm og god lyd, så levande; og der

nett attmed han stod ho. Det var ei blink, – så rann det ^[44] vekk att og låg langt unna, vart til eit eller anna som ikkje skilde han. No gjekk dei bortover vollen. Ho gjekk og heldt i armen hans. På nytt kjente han ho var der, nær ved han. Månen og snøen sølv-la andlete hennar, så det steig fram som utor draumen, det vart frammandt og levande i same stunda. Han såg augehåra som hogg, og linene som skifta kring munnen; han smilte innvendig nokonstads: Så djup og rik i alle draga er det ikkje nokon som er. Det ser berre ut slik. Berre om natta, visst.

Lufta kjølte imot dem ein og annan gongen. Da gjekk det som ein varme frå henne til han. – Natta, sa han. – Ja. – Ho har vore her frå gråaste gammaltida. Er ho ikkje som einkvart levande? – Jau. – Er det ikkje rart, at her har dei fare og gått, nokon, i alle dei tusen nættene? Har du tenkt på det? – Nei, sa Astri, ho var forundra: eg har aldri havt det med å tenke. – Ikkje på Vårherre heller?

Ho såg på han, utan glans i dei grå auga. – Nei, korles da? – Om han er til, meinte eg? – Det er vel ikkje noko å tenke på? For det er han da? – Nei, det er ikkje noko å tenke på, men. Meinte enda eg kunde merke han i natt, men. – Nei, no er du utsliten, Odin.

Han kjente kor nær på det var at ho kom med handa og strauk han over andlete, som dei gjer med barne. Men i staden sa ho, ho hørtes halvt misfornøyd:

^[45] «Dæ kan det visst aldri bli retteli synd ti.»

«Nei? Skuld det det da, synes du?»

«Nei, men – –»

«Nei, men?»

Ho svara ikkje meir. Ho hadde hørt lyse kåte låtten i måle hans.

Natta seig inn på dem att, etter som dei gjekk og tagde. Ho var sjølv tida som hadde lagt seg for her, eit minne, syntes dei, minne til ein utgammal ein, som såg det for seg alt som hadde vore og vilde bli. Dei kjente seg ikkje store attmed han.

Men da dei står ute i Håbergstune att, og Astri skal til å gå inn, seier ho: Berre ikkje døden var! Eg meint ikkje det, for resten. Eg meinte at det er *han* som gir ein mot på å leva. Den stunda ein har att. Ikkje sant? – Ja, slikt tenker no ikkje eg på igjen. – No snakkar du ikkje sant, Odin! For utan det – – stod eg ikkje her.

Utan det var litt synd i deg likevel, på eitt eller anna vise. – Det er vel så det, smilte han. Ho måtte smile, ho med, det var ikkje råd for anna. Ho tok han i handa og sa godnatt.

Trøyttan seig inn på Odin best han gjekk. Det var ein stor og god ting, som han ikkje hadde visst om før, ein gave, kom det for han. Og handa til Astri låg på aksla hans anda. Ho òg var god.

Astri sette seg på stubrua og såg etter han. Han vart mindre og mindre i måneskine bortetter [46] vollane. No vart han vekk i småskogen. – Nei, snakke med folk, det er umulig, sa ho. Men det *skal* det ikkje vera!

– – – Dagen etter tok Iver på seg helgatrøya, han skulde i veg og melde dødsfalle. Han ser ikkje på Odin, men spør imot veggen eller vindauge: Trur du han far din er heime? – Ja. Og Odin er nær på å seie, at han kan godt gjera seg ein sving dit og tinge kiste, visst det var det om å gjera. Men Iver er alt paa gonga.

Han kjem stomlande fort og hardt inn på verkstaden til Otte. – Du får slå i hop kista du da, seier han, han tek av seg huva og tørkar sveitten, sett henne på seg att. Ei skikkelig kiste, seier eg. Mål tok eg ikkje – du veit vel lengda, så nokonlunde.

Otte får ein liten raudna over andlete, men bleiknar fort att. – Ja vel, det skulde bli gjort.

Ja ha, Iver var alt bortmed døra att. Så snur han seg og står litt. Han flyttar auga stilt oppetter Otte. – Skal vi ha henne svart da, trur du? Dei ser einannan i auga ei lita stund. – Dei brukar dem no ikkje ansles her, seier Otte. – Ja, ja. Du får tenke på det, Otte. Du får tenke lite grand på det. Han seier farvel og går.

Otte tenkte lenge på det. Det vart til det at han måla henne kvit.

SJØEN BLIKKAR

I.

[47] Ola Håberg kom bort til Odin i gravøle. – Ho mormor di vil visst snakke med deg, sa han, litt innful som han pla vera. – Kan aldri tru det, svara Odin. – Ser du ikkje ho sitt og ser hitover da? – Det må eg vel sjå, ho er etter meg med auga sine same kor er gjer av meg, kva er det ho ser etter? – Ho vil snakke med deg. Jaså, du har merka det? Hm-hm!

Ola kunde gjera Odin rasande, somtid. Slik ein allvitande gammalman, som aldri hadde vore anna til enn å gå og lure på folk og vita alt om dem! – Kva er det ho sitt og ventar på? sa han. Eg har vel rett til å vera den eg er, for henne? Og bli det eg vil, om eg så vil bli snekkar? He? – Ja, det veit eg ikkje noko om, sa Ola; det er så flokut med den tingen der.

Odin snudde seg ifrå han. Han såg over golve att, beint på henne; han la enda hendene i kors framfor seg. Så smilte han:

«Ho sjer mæ ut som eit lita samvettiheit, der a sitt.»

[48] Ola var alt i snakk med nokon annan. Det var stort gravøl og mange å fara over.

Ikkje lenge etter var Odin bortmed henne like vel. Han såg ut halv trassig, og auga spurte. Da lo ho til han som ein ungdom, med roser enda i det gamle andlete, rukkene var så hårande fine:

«Æg trur jamenn du går og sørga over at du ikkj gret? – – Æg kjenni te det, for resten.»

Han prøvde enda å sjå sint ut; men Åsel vilde ikkje sjå det – han måtte ta seg ut dum her han stod. – Ja, for slik er vi, du og eg, ser du; vi er så tør av oss i tårevegen. Slik var han far òg. *Han* har du vel hørt om?

Odin hadde vorte brennande heit alt andlete over, men der var noko mildt blått i auga hennar som heldt han fast og vann over han, og no lo ho att, urande stilt, så berre han merka det. – Men det var det eg skulde ha sagt, Odin: Når

kjem du til Håberg? – Når eg kjem til Håberg? – Ja, du veit, du lova meg da det ein gong med du var liten? Og no har drengen reist ifrå meg, eg sitt som kjerringa på skjere og lovar og lovar, at eg skal vera snildare heretter.

Ho la den eine handa oppå den andre, såg mest brydd ut. – Det var no det ja. Og så det, at eg har venta deg, i lenger tid; det er så langsamt. Det er ei straff å vera gammal kjerring, det unte eg deg å prøve ein månads tid. Du får heller komma og arbeide for meg ein månads tid.

[49] Ho spurte ikkje kva han svara paa det, og raudnaen var opp i andlete på han ein gong til.

«Æ tenkt mæ no ikkj den vein!» Han hørte det sjøl kor stusst han svara.

«Nei, det va berre visst du fann på det slik. Så mykji at du ha vøri der.»

Ein otte-dags tid etter kom han. Han kom med ei kåt lita rukke oppimillom brunene:

«Let mæ i gudsnamn bli gardbrukar no da, ein måna eller to. Let mæ frisk opp fraukjørarkonsten!»

Åsel vart ikkje forundra over at han kom, det synte ikkje det grand på henne. – Han fekk vera velkommen, det var alt ho sa. Og med Andrea sa ho: Han blir her no ikkje lenger stunda. Men no er det lenge sia her var så lystige auga i gåren. Har du sett dem, i grunnen?

Sia om dagane gjekk ho og tusla og småsnakka, med Andrea eller Astri, hørte liksom ikkje det *dei* sa. – Han blir her ikkje, sa ho. Og så litt lenger utpå dagen: Det ser da ut som han trivs, skarvlaupen? eller: Eg trur jamisel han slær seg for, hm? Så kunde ho åtvare dem, med ein liten sukk: Vi får ikkje henge over han, så han blir lei oss. Best vi ikkje gir han nokon ans, større – kva er det han styrer med no, tru?

Andrea lo så smått til henne, og Astri hørte henne ikkje. Men Astri hadde vorte dått med da han kom; det såg ut som ho ikkje likte det. – [50] Hit og *vera?* sa ho. Kva slag påfunn er det? Ein snekkargut!

Men sia tenkte ho bedre over det. Det var ikkje så stilt i gåren lenger, og etter kvart måtte ho undrast, best ho gjekk eller sat: Det var ikkje den same stua. Ho

hadde mist makta si. Dørene let ansles, og ho farmor var så arti å sjå på, ho var som ei høne som vilde verpe bort. Og når han tok ut hestane, var det full sjau på gåren. Dei hadde ein gælnhest som lite og ikkje hadde vore brukande, han stod og snøste og småskak for kjøreyte, og best det var rykte han til og fór, tålte aldri dei tok i taumane. Den snakka han for og den song han til, hadde ikkje minste tanke for at dei lo åt han; hesten vart reint ein annan millom hendene på han. Og Gammalgråa, som var trau som ei trutna dør, henne kunde han sette slik gjøt i, at dei måtte le når ho skjerma i veg; og enda var det farlig fint han banntes på henne eller slo.

Og aldri var han like eins å sjå til nokon dag. Og slikt godvêr han hadde med seg! sa Åsel. Eg trur våren kjem i mars. Det var blankvêre og lint, dei måtte undrast nokon kvar. Dertil var det ei særskilt høgd over dagane: det var så langt opp til vatr-skyene og himmelblånaen, vinden susa så vårt oppi fjellkammane, og utpå kvelden blikka det, alt have utover, og skjera uti syninga dei hildra opp og synte seg i lause lufta. Staren og lerka hadde alt komme.

[51] Ein slik kveld sat Åsel og Andrea tosaman inni stua, på kvar si side av borde med saumen sin, for enno var det lyst bortmed vindauga. Åsel måtte bruke sterke briller, hadde brukt dem i langsamlig tid, men syne hadde ho ikkje mist, slik dei hadde spådd henne. Ho ser over brilleglasa og ut i gåren alt i eitt. Så ser ho på Andrea og smiler: Dei er så rare, ungfolka våre, har du lagt merke til det? Den eine less ikkje som han ser den andre? Går ein i aust, går den andre i vest.

Andrea ser opp, og sitt enda litt før ho svarar; ho har den vanen. – Dei er no søskenborn.

– Ja, dei er så. Dei er så ja. Men: det kunde no – – seie så mykje som einkvart anna òg? Ja ja da. Det får no bli som det vil med den tingen. *Eg legg meg ikkje borti det.*

Andrea var djupt nedi sauminga att. Men Åsel vart sittande og sjå framfor seg.

Same kvelden, nett med dei to kvinnfolka sat og snakka om dem, kom Astri og Odin til å råkast borti uthusa. Det var i fórgangen millom ku-høye og hest-høie, dei gjekk seg stups på einannan og vart ståande midt i kvekken. No først, og i

same blinken, gjekk det opp for dem at dei hadde fare og gått kvar sin veg. Det var skumt der dei stod, så den eine kunde ikkje sjå om den andre raudna. Men Odin syntes sjå at Astri var den same i augsyna som ho pla vera, like uforfæld og ovanpå.

[52] «Kor du skræmt mæ, ditt beist!» sa ho. «Du går da gjern og blistra?»

«Ka *du* fer her etter da? E du ut og stel hesthøy?»

«Fer og leita ette hønreir, veit æ! Dem e så gropⁿ² te å verp bort, styggheita.»

«Du skuld ikkj slepp dem laus, det e berre hønskjit kor æ trør og tek.»

«Ja, sjå: det gjer æ no som æ vil om da.»

«Det ska vi bli to om.»

Båe to vilde gå, men ingen først. Odin studde seg innåt høystabben og såg bort i solstrima som skar gjennom romme, ho bygde bru av forgylte dustgrann; det dansa og dansa, ut og inn.

«Du e så still?» sa ho.

«Æ?»

«Ja, somtid da. Kanskje det e her du sitt, med kvart? Når du ikkj e å sjå?»

«Ja, kanskji, og kanskji ikkj.»

«Ikkj å gjera det, Odin! Ikkj å setti og sørg ihjel dæ slik!»

«Nå, æ sørga no vel ikkj så hardt, kan æ tru.»

Han tek så smått til å gå fram, og Astri kjem breiddmed han. Det er mørkt den vegen, og smalt, dei må halvvore trivle seg fram.

Da hører han hjarte hennar bankar. Ein liten levande lyd i mørkre omkring dem, eit gjentehjarte [53] og ikkje noko anna, men det gjekk skjelvande så kringt.

«Det skuld du ikkj, Odin,» seier ho, to gonger enda, og nett attmed han. No hørte han anddråtten hennar òg.

«Sån skuld du heller gjera!» seier ho best som det er, og med det same tek ho armen kring halsen hans og bøyer hovude hans innåt seg, og munnen hans imot sin, eller korles det var, det var så urande stutt ei blink, mest som ei svim ring

gjenom hovude berre.

I det same rettar han på seg, det hørtes som han beit i hop tennene:

«Ja, berre vår dæ du, berre vår du, det varsku æ dæ om!»

«Langt ifrå! – – din stakkar der du e!»

Men dermed spring ho ifrå han, fram i lyse og ut i stallporten.

Han står still og seier det halvhøgt fram for seg: Eg hørte hjarte hennar. Hørte det så vel. Og høgseier han, i det same han kjem fram i lyse og klipper med auga mot kvassblanke dagen:

«Akt dæ, det varsku æ dæ om enda ein gong!»

Sia om dagane såg dei enda mindre til kvartanna. Gjekk dei seg på einannan på tomannshand, stogga dei som snarast og fann på einkvan å le til. Men Åsel ser på Astri av og til, og da ser Astri beint på henne att og smiler. Og når ho går sin veg, mumlar ho med seg sjøl: Stakkars ^[54] krok. Henne var det inga sak å gjera glad. Stilla og tyngda og alt i hop kunde ein løfte av henne; som ein *dom*.

II.

Otte kjem til Håberg ein og annan gongen no som før, og somtid blir Odin med han pa vegen.

Men ein kvelden er Odin ikkje heime, han og Astri er vesti vikane etter skjelsand til hønene. Otte er så lettliva og ulik seg den kvelden, sitt og snakkar i aust og vest, og da han skal gå, bed han Andrea vera med seg på vegen. – Det er reint for vakkert vår dette her, til å sitte inne i, og De ser meg jamenn bra fåen ut. Andrea ser litt på han, og så blir det til at ho kjem.

Utpå stallbakken stanar han og pekar vest-over: No har han jamisel skapt om sjøen til speiel, ser du det? Og enn sola da, så blid ho gjer seg no da ho skal til sungs. He? Sommarmål, veit du det? *Sommarmål!* Men stå ikkje her og glåm da, inni haugen såg eg ein hegg med lauv på, det er tydelig sant! – Nei veit eg? – Jau, gut, visst eg ikkje miss-såg meg så – kom skal vi sjå etter; du og eg. Og har eg rett, da – da taper du!

Heggen hadde store grønne knoppar, og på eine kvisten paa sørsida sat det tre små lysgrønne blad, dei var fuktige enda, så unge var [55] dei. Otte bøyde han ned og synte henne. Dei såg på einannan med det same. Til Andrea vart raud og prøvde sjå vekk. Men han stod og såg på henne, tok liksom i henne og snudde henne til seg att, og no gav ho seg over og let han sjå det han vilde i auga hennar. Ho bleikna litt om senn. Han stod og lo innvendig.

«Det va de æ sa ja, at du taft.»

«Ja.»

«Jaja, så får det vara avgjort da!»

«Ja!» – det var så vidt han hørte det.

«Så går vi da,» sa han og tok armen hennar. «Osså ber det i giftinga da. Ja, ikkj i kveld, men.»

Ein og annan vårfuglen prøvde seg og song oppi haugen, han tykte visst det var i tidligaste lage. Enderne låg og rapa borti myrdammane. Bjørkskogen stod det ein fin blåbrun lett over, det synte seg så rart under den vårbleike himmelen. Det var tidlig på våren enda. – Du hadde visst ikkje trudd eg var slik ein galning du? Det hørtes som han gjekk og gotta seg over kor still ho hadde vorte. Ho såg på han og tenkte etter, og så ler ho litt: Eg trur eg visste det likevel. At du kunde vera slik òg. – Au, au! visste du det! – Ja. At du kunde rive deg laus eingong. – Hm! Men eg visste det ikkje sjøl, forlate meg synda! Det er han Odin, den skarvnakken, det seier eg beint. For han vart eldre og eldre, han er ålvorlig gammal no han, og eg vart yngre og yngre. Eg merka det ikkje før han hadde flytta.

[56] Best som han gjekk, lo han høgt ut over skogtoppane, dei vov så fin ein veft oppi vêre:

«Hvad haverst du gjorst? Og enn å Åsel da, ka du mein ho sei te godt?»

«Ho veit det visst. Ho har ønska det i mang år, trur æ, – la du ikkj merke te kor ho såg ette oss?»

«Merka ikkje noko te det nei. Men no bynni æ på eit nytt liv. Og på eit nytt hunder-år. Så lettsindig kan berre ein allvårsmann vara. Men det e hans Odin si

skyld!»

Han snudde og følgde henne på heimvegen. Han var i ei undring heile mannen, og som ei undring var heile vorkvelden omkring dem, syntes dei. – Ja, du Otte, du Otte! gjekk han og sa, halvveges som han hermtte etter nattvaka i grantoppen. – Men enn folk i bygda ser oss? sa han, dei må tru vi er gærne? – Det er vi vel òg, det? – Og lesarane dei tenker på det vi *kunde* ha gjort. Jajaja, san! bli ikkje forfæld, Andrea! Du hører eg har rive meg laus, og eg som ikkje har vore laus på over tjuge år! «Vi kjem både i visan og eventyra.» Og slikt eit vêr da?

III.

Det var same gode vøre vesti vikane, men der hadde alt ein annan lett. Sjøen var så vid der utafør, og blikkande blank og lys, så det kom for ein at all ting innerter lande snudde seg vestover ^[57] og såg til havs. Kveldsola skjein i strandsteinane og tangbeden, det var det siste ho gjorde, og det skjein i dem enno da ho hadde gått ned; og nord- og vestover stod kveldraudnaen og spegla seg i sjøen. Skjera der utpå kom langt unna. Strendene svinga seg inn i lyngmarka vik for vik, med kvitsand og stein og sølvskjel og med slette fine grasvollen ovom, oddane sluta seg med raudgrått berg ut i sjøen, med lyngroser på ryggen og svartblanke tareblad frammed sida. Og over det have og himmelen, for dei to var same blånaen i kveld. Og sjøfuglen lét over det, måse og kjeld og e-fugl, ein fri og vill lyd, og det blenkte i den med, naar ein hørte han imot dragsua, ho anda så stort og stilt.

«Kjelvik-marka!» sa Odin. «No e æ berre som ein sju-ått' år!»

Astri såg opp frå sanden sin, med skjørte millom knea, han såg henne imot vesthimmelen og vestanalyse.

Ho hadde sagt det her i dag, dei sat og åt til nôns: Du Odin kan vera med meg uti vikane etter ein skjelsekk i kveld? For gjætarguten har sett av borti borti plassane, eller kor han er. Han hadde ikkje blunka for det, han hadde lagt litt på hovude og tenkt seg om: Han kunde vel det òg; visst han fann på det slik. Så fann han på det slik, og så hadde dei lagt i veg. Han syntes alt da at dei var to ungar

som skulde avstad og leite seg skjeler.

[58] Ja, han såg vålig ung ut der han stod, tykte ho. Det var visst *han Odin*? No smetta han av sek skone og hosane, bretta opp buksa til langt på lår, og vadde uti; det var fjæra sjø, og han hadde sett ei ku-skjel som sat og gapa på bergryggen der nedi vatne. Det er djupare enn han trudde, han blir skammelig våt, og stein og skjel klør han under fotsolane og kitlar, men no når han skjela med kjeppen og stikk, og tunga ho stikk ut i munnvika på han som på sjuåringen; der kjem han opp med skjela, ei skinande gulbrun ei: Sjå her, Astri! He? Vil du ha fleir?

Ho står og ler til han: Enn krabben bit deg no?

Da rømmer han i land så vass-spruten gyv om han, og Astri storler så det lyar i berghammaren; ho er ung i andlete og alt med seg.

Men no ser dei på einannan for første gongen i kveld. Dei blir dått med båe to. Ho raudnar først, men han ikkje mindre; men auga slær dei ikkje ned. Da ho smiler att, er det ein annan smil, eit lite, nytt drag kring munnen, til *han*. Da tenker han, at dette er Astri, han har ikkje sett henne før.

Dei gav seg til å sjå utover vågen, der e-fuglen rodde over blank-båra, – halsane inn, og spegelbillede under seg. Enno skimra det draumen om ein bleik rosa-lett i sjøen.

Men Odin syntes Kjelvikmarka saug i han og tok han, det vart skumt og einslig omkring dem, [59] ei gjente og ei vill mark; og han ein hedning for all bygda. – Men det er overstått, det, smiler han for seg sjøl. – Kva da? – Nei, eg veit ikkje. Det er *du* som står der. Ho veit ikkje om meg eingong, tenker han, om ho raudna, så var det berre for eg hadde hørt hjarte banke i henne ein gong, og det skulde eg ikkje ha hørt; og når ho tier no, så er det for høgtida i kring oss, så fin og god er ho. – Eg har aldri sett han slik! ho pekar utover sjøen. – Nei, og enn lynge da, og all marka her, ho er vill! – Du kjem for meg litt vill du òg, somtid. – Ja! du har rett i det! – han undres at ho ikkje spring sin veg.

Han sette hendene i lomma, han prøvde å vera så logn han berre kunde, det var ein konst han trudde han hadde lært godt. Men han var borte no, det var umulig å stå still: han spente til småsteinen så han trilla nedetter strandvollen.

«Det ska stå om at æ ikkj reisi tusen mil vekk! æ kann finn på det du aldri

venta!»

«Da bli æ med dæ!»

«Ja? Ja berre kom du, visst du tør. Men, du kann ikkj reis ifrå Håberg?»

«Trur du det du? Det skuld du vel få sjå, stakkar.»

Ho såg like fritt på han; så lo ho litt, men auga hennar dei var ålvorlige, tankane kom og gjekk bakom den djupe grå blunken.

«Vi kund vel slå oss for på Håberg òg, vi. Visst vi kom på det slik.»

[60] «Ja, visst vi kom på det slik ja. Og no kom æ på noko anna, no gjer æ slik –
»

Han tok omkring henne og kyste henne. Ho var mest like høg som han, og kjentes umulig så sterk da ho svaga innåt han, ho var det sterkaste han hadde havt millom armane sine; det rann som ein angst i han da han kjente munnen hennar.

Ho stod litt med hovude til aksla hans. – Eg er så glad. Veit du kvifor eg er det, Odin? – For det at du er glad i meg, ventelig? – Ja ja, men. Eg synes eg er på *den rette vegen*; eg veit ikkje korles det har seg. Ho farmor blir glad ho òg. Eg trur det har gått som det skulde gå. – Som det *skulde* gå? det var meir enn eg trudde. – Nei nei, sukka ho, du forstår det visst ikkje du heller. Men før, da trudde eg at eg skulde døy ung. Og det var det største eg visste. – Og no er det ei anna ulukke som har sett inn? Jau, jau, men dette synes eg skulde vera det største.

Han såg på henne, til det bar i låtten med han. Han såg ho likte det ikkje, ho hadde venta seg han noko ansles, javel, men vilde ho snu han ryggen for det og springe sin veg, så versågod, her stod han! Ho skulde bli for veik like vel, til slut. Men no gav ho seg med han og lo; litt raudlett berre.

– Og så var det den her da! han tok sandsekken på ryggen og gav seg på gonga. Ho stod enno ei blink. Ho såg han for seg imot himmelen eller haugane, slik han stod der og lo, han hadde eit [61] par trøysame rukker oppmillom brunene. Å få han til ansles vart visst aldri råd.

Dei gjekk heimover, kuveg og gjeiteveg, over strand og haug, somtid i breid og somtid han føre. Eitt blautdike var det ikkje å komme utanom. Odin tok seg fart og hoppa over på det smalaste, med sekken på ryggen, men Astri kom ikkje etter. – Hopp! ropte han. – Nei, eg går omkring, heller. Han sette ned sekken og retta fram handa: Kom no da! Ho ser inn i auga hans. Det brenn i kinna hennar. Han ser kor det krenker henne, ho er nær på å kaste med nakken og ta omvegen fatt.

«Nei men, e det du det der da, Astri? Ska æ stå slik i all eviheit og vent på dæ?»

Da kjem ho endelig. Ho hoppar fjøralt og sterkt så det går ein fysna igjennom han, ho tek handa hans i sprange og får den siste litle auken i farten, hamnar jamføttes og med så ung ein svikt innpå tuva breiddmed han. – Det var det eg visste ja, sa han. Auga hennar stråla imot han ved dei orda.

Da dei hadde gått eit stykke, sa ho: Nei, du skal sleppe å vente i all evighet på meg, Odin. Men skal eg hoppe straks du kommanderer meg til det? er det slik å forstå? Ho lo og la handa på aksla hans, han trudde ikkje eingong ho visste det sjøl at der sat ein liten agg under.

«Ja, det fall visst tungt for de gammel juvikingan å bli kommandert,» sa han.

«Veit du kofor æ kom lel?» lo ho.

[62] «For det at du va nøydd te det, veit æ?»

«Va-det-lekt! Men du kom te å bli så lang i ansikte visst æ sa nei takk. Osså va du så vakker der du stod og hersa med mæ,» la ho til. Ho klappa handa hans med ho gjekk og sa det.

Men da dei kom oppover Håbergvollen imot husa, såg dei to som stod arm i arm utpå stallbakken. – Ser du dem du! seier Astri. Odin går og stirrer på dem. – Men er det dem da? spør han; det var ikkje å miss-ta på kven det var. Otte og Andrea hadde alt vorte vår dem og slepte einannan. – Har du ikkje skjønna det der da? sa Astri. – Nei! kom det tørt og kviskrande.

Men Astri smiler til han, den uforfælde smilen sin, og den har ho da dei sitt og får seg mat. Dei er to-eina i kjøkene.

«Dem får no gi sæ lel,» sa ho.

Odin vakna til, liksom ho hadde rive i eit sår. Men da han såg ho vart ille ved, tok han seg i luggen og smålo til henne:

«Vi får hive lodde da! som 'n Cæsar sa da 'n skreva over bekkjen.»

Ho hang tungt kring halsen på han ei lita stund, før dei skildes. Og på nytt rann den sæle angsten i han når han kjente munnen hennar. – Berre småting, alt anna! kviskra han.

IV.

[63] Andrea fortalte ikkje noko, og Åsel merka ingen ting.

Ein kvelden, ei veker tid etter, kom Åsel og Andrea frå ein av plassane, dei hadde sett til ei gammal kone som låg på det siste. Det var same mildvêre enda, men det var skodda, ei mild og regntung vårskodde; fjella gjømte ho, og låg og kvitna og gråna over skogen og husa. Heile kvelden var grå av væte; all ting ein kom framom, var vått og nær ved ein. Bjørkerise stod med urfine mønster i lufta, perlande blankt av dropar.

Åsel måtte stane i einingen og puste seg opp. Ho smått lo med seg sjøl: Eg synes snart det er motbakken – same kor eg går. Men den her grolukta, ho gjer meg så godt. No kjenner eg skogen alt; han minner seg! Åja ja! Ho var på og gjekk att. – Men veit du kva som bers meg for, Andrea? At det har hendt einkvart. Millom ungfolka. Jan, eg er stø på det. Men elles så tykkjer eg han Odin legg i veg for kvast om dagen? Ikkje sant? Med arbeide; med våronna. Og maten, den heksar han i seg. Som i andre tankar mest – ja, du har da sett det?

Nei, Andrea visste ikkje det, just? Men Åsel merka seg ho fekk ein annan hamlett. – Ja, eg ei for gammal; det er vel det. Men elles så tykkjer eg: han kunde gjerne ha vore litt meir glad av [64] seg. Å få a' Astri – som dei ikkje tør ta etter, nokon ein! Men sjå: dei er så mangfelt, folk; no for tida; som de her maskinane; det er så fint. Det skal vel så vera. Men ho Astri, det er *det*: Ho ser ut som ho ikkje forstår seg større på han ho heller?

Ho måtte stane for og kvile att.

«Nei men kem det e, det der lell?» ho står og ser oppover mot husa. «Jamenn

mein æg ikkj det e 'n Otte som e ut og går igjen. No igjen?»

Ho såg fort og uviss på Andrea, og no kunde ho sjå det brann enda heitare i dei bleike kinn hennar. Andrea sa ikkje orde. Så tagde Åsel òg.

Først hadde han stått uti gåren og sett nedover, da han hørte kor dei var. Sia hadde han snakka med Odin, mykje meir enn han var vant til, og så med Astri; han hadde enda hjelpt henne å få inn hønene, for dei var nokre store leibeist om kvelden. Så tok han fram ein sigar og tendte, – han måtte ha ein kjepp å bite i, sa han. Han sa fortvekk einkvart som dei måtte le til, og auga hans hadde ein frisk blink, så Astri og Odin måtte sjå på einannan fleire gonger. – Og der kjem kvinnfolka med to tomme hender, sa han, det blir ikkje anna råd enn at eg går imot dem og hjelper dem å bera. Han hadde kvit krage på, og ein blomster hadde han i trøyekvarden; no sette han hendene i lomma og gjekk blistrande nedetter vegen, i stille milde vårkvelden.

Odin stod og såg etter han, heile vegen nedover. Da tek Astri i han og snur han til seg:

[65] «Du e no vel ikkj bleik, Odin? For det der?»

«Nei, æ stod berre og tenkt – æ har tenkt att og fram – korles det ska bli, Astri?»

Bleik var han ikkje, kanskje, men så rådlause auga hadde ho aldri sett i noko menneske før.

«Ska bli? Det bli som vi vil det. Det *har vorte*, rettar å sei.»

«Men dem e så glad, sjer du ikkj det da? Dem e reint fortulla.»

«Ja men, vi e glad vi ò, sjer dem ikkj det da?» Det hørtes halvt som ho klagde seg.

«Jaja, vi får 'vent og sjå, så bli det ei rå! Æ har havt det slik all min dag, at det ska bli ei råd.»

Ho står og ser ned på skotåa si, som skriv i sanden, Odin følger med, og ser frå den litle foten oppetter kjolen, over hofter og barm og opp til halsen, det er så fin ein linesving, det kunde ingen tegne det eller skjera ut det, umulig verk. Det

var berre barnespell alt det han hadde drømt og pint seg med slikt; og no var det lenge sia.

«Æ skuld ikkj stå her og sjå på dæ; du e for vakker te det. – – Han bli rik, han som får dæ,» sa han lågt.

Som ein liten styng syntte det seg for han, noko han ikkje forstod: at rikdommen og lukka dei fekk ingen ein samstundes, men han visste ikkje kven han vilde kåre seg ut.

Astri stod som ho ikkje hadde hørt det siste han sa. Og no kastar ho med nakken, og andleta ligg ope imot han, vidunders ope, og stolt:

[66] «Du har ikkj nokon rett te det her, Odin.»

«Rett te det?»

«Nei. Du har ingen rett te det.»

«Ein må ha rett te å – – te å vik unna for anns-manns rett, meint æ?»

Dei ser einannan inn i auga. Men hennar let seg att for han, så opne dei er. Munnen knip seg i hop i ein kaldsmil. Det var denne munnen – –

«Du har ingen rett te det.»

Ho ser kor det arbeider i han, står rolig og ser kor tankane slit i han og leitar, kor dei plages og finn ikkje utslepp. Han blir tynnare og tynnare framfor henne. – Eg ser det no, mumlar han. Da snur ho seg fort og tek eit par stig, ho har fått tårane i auga og trampar i jorda og vill ikkje *ha* dem der!

Ho snur seg til han att. Det dirrar berre litegrand ved eine munnvika:

«Det va vel inga sak da, visst det va berre å vik unna! For resten: Æ kund ikkj det heller æ! Kjem aldri te å gjera det heller!»

Ho tok handa på aksla hans og fekk han med seg bortom borstu-nova.

«Kann du ikkj sjå opp da, Odin? Det e da vi, det her. Det e da ikkj to gammel skugga. Osså det attåt – – det kom så rart for mæ: Du bli ikkj den du *ska bli*, visst det ikkj bli du og æ. Du kann gjern flir åt det, om du vil, men æ sei det lell, æ, for det e sant! Det va det, som – – men no e du enda bleikar, mein æ? Nei men Odin!»

[67] «No? Nei, no miss-tek du lell! For no e æ glad – da sjer æ slik ut.»

Han tok over hendene hennar og klemte sa det kvitna etter.

«He? Ja, du kjenni æ e glad no, ikkj sant? Men at du skuld vara den sterkast tå oss?»

«Det e noko æ må fortel dæ. No altså. Han Arne har skrevi åt mæ igjen. Og no vil 'n ha svar.»

«Å?»

«Det e synd ti 'n, sørgeli synd ti 'n, – æ kund ha vorti glad ti 'n, trur æ. Men æ har ingen rett te å – æ kjenni det på mæ det vil vara synd imot –, ja imot alt i hop! Du og æ; det e ikkj ansles det.»

Ho hadde teke handa hans, og andlete kom imot han. No kjente han munnen hennar att, som det var første gongen.

Det låg eit sterkt lys over andlete hennar, innanfrå og ut imot den dimsne dagen. Håre var ei tung krone over det, skinande mørkbrun i skodda som dogga det til. Og rundt omkring henne var det Håberg og hennar, alt saman, ho stod og såg det og visste det, kjente det som ein rikdom eller kanskje som ei tung bør.

Og vestover, utpå oddane og skjera, der lét sjøfuglen. – Hører du han? sa Odin. – Ja, eg står og hører på han – Ein kan bli sår innvendig av den der låta. – Vi hører ikkje på 'n! sa Astri; *ho* hadde så varmt eit mål.

No kom dei tre nedantil, og Astri gjekk fram [68] og i møte med dem. Der fanns ikkje eit forandra drag i heile andlete hennar. Ho snakka nokre ord med dem, og dei gjekk inn i ei dør og ho i den andre.

Odin gjekk inn i borstua og snakka med ein utant plassane som var der og sette i stand vognene. Det var ein arti skruv å snakke med, og særlig i kveld; men elles vilde han skikke han heimatt med all som først, same kva Åsel sa, for han var ein kluntresmed og ein klokkar til å arbeide, og dertil ein dagtjuv, ein kunde ha sett det i stand to gonger, som han sette i ustand ein gong.

Han sette seg på høvlbenken hoss han og sat der til kveldsverd-tid. Det var støtt så trøysamt å høre folk snakke, men aldri slik som i kveld. Astri kom og bad dem inn. – Fin kvige det der san, sa kallen da ho hadde gått. Men, ho får vel

stanga tå seg eit horn om senn, ho òg; før ho har havt siste kalven, tvi! han sendte tobakstugga som ei banning borttil omnen.

V.

Det var ein ottedags tid etter, og seinkvelden, og Odin kom nordant Kjelvika og skulde heim til Håberg. Dei hadde havt ein liten attpå-vinter med snøfokk og full sjau, men i kveld var han godvêre att, Odin såg enno for seg sola slik ho raudna over Kjelvikstrendene da ho gjekk ned, og Folla som la seg i speiel utover.

Han tok skoglendes frå Langbrekka og vestetter, [69] langa på og gjekk det meste han vann, og flytta huva att i nakken eller fram i panna alt i eitt. Og best han gjekk, såg han Astri kom framover sommarfjøsvollen i møte med han. Det var henne; det fall aldri så fint og varmt kring nokon annan det grå sjale, og ingen annan hadde den måten å gå bein på, enda ho gjekk og såg ned. No såg ho opp og vart vår han; men ho kom ikkje fortare for det,

Dei møttes i småsteinvegen nordom sommarfjøse eit stykke. Ingen kunde sjå det heimifrå gåren. – Eg trudde mest ikkje du kom imot meg, sa han, han var glad i måle. – Så? Og du har vore i Kjelvika. Det er lenge no sia sist. – Ja. Har ikkje vore der på to år. Har ikkje havt mot til det før. For kvar gongen eg kom dit, hadde det minka så, all ting. Fjella hadde vorte lågare, og marka snauare – ingen ting å gå seg vill i der meir. Eg gjekk fattigare heimatt for kvar gongen. Men ho Gurianna, ho vart glad for det eg kom, det var det. Men vi to, vi skal gå dit ein gong, Astri, vil du ikkje det? Når det har vorte vi to for ålvor? – Du har vore så mykje vekk i det siste, om kveldane. – Ja, det er dette ungdomslage vi skulde prøve å friske opp, og så skulde vi ha havt et turn-lag, – og så skyttarlage da, veit du, han er ein heil strøypar den nye lærarsjæla. Eg har vore borte ifrå det i all vinter mest; eg har ikkje havt tida. Ikkje har eg vore huga på det heller, for resten, før no.

[70] Han snur seg til henne, saa blankøygd og i farten som han er:

«Det e du som har yngt opp mæ, som enkmann' plar sei. Men æ trudd ikkj du kom imot i kveld. Du var så rar her i dag.»

«Når da?»

Men han såg ho kom i hug det. Og no kom det og gjekk framom han, slik det var, han stod rolig og såg det ein gong til: Åsel kom ut på gåren med han heldt på og sette i hop nyharva, og Astri var i nærheita og kalkvaska einkvart til hønehuse. Da seier Åsel: Du har no ikkje tenkt deg til å så enno, Odin? – Jau, bortpå Sandåkeren, hadde han meint? – Ja ja da, sa ho, og strauk seg over andlete. Ja ja da. Og no såg ho på dem båe to: De får så at dykk sjøl no da, i Guds namn. Odin hadde sett på Astri. Han hadde stått og venta på auga hennar, men dei kom ikkje, dei vart ikkje å finne. Ho hadde kvite fine augelokk, og nedafor dem kunde det blykte nokre ørsmå bevringar. – Ja, for det er ungdommen som rår her i gåren; alt det finns ungdom da, hadde Åsel sagt.

Så hadde ho gått inn. Da endelig smilte Astri, men det var ikkje imot han, det skrådde berre frammed han, slik som solglipa kjem i gråvêre. – Jaså ja, sa ho. Det er slik å forstå. Vi skal settast i bås no da? – Ja ha, no er klaven ferdigsmidd. – Det ser så ut ja. Men de får no vente til så lenge, både du og a farmor. Det vil [71] eg du skal tåle, Odin! – Tåler alt eg, ban. Eg skal gjerne vente sju år på deg, er det om det å gjera. Da lo ho, og skya letta seg liksom og seig vekk ifrå dem.

Like vel hadde han vorte dyktig glad da han såg ho kom i kveld, han merka det no.

– – – Men på Håberg sat Andrea og Otte i Øysterstu'. Det fall ikkje sol inn der om kvelden, og trea i hagen hadde vokse opp og skygde for vindauga. Men der var gjerne eit lint og godt lys der i stua kveldens tid; det hørte til der, ho var så still og glømt, og det høvde med kvar tingen derinne, med dei gamle Håbergstolane og med sofaen etter dyrlægen og det andre som Andrea hadde der, ting som stod og trivdes attmed kvarandre om dei ikkje hørte i hop.

Dei kunde sjå sola bortpå sørfjella, millom øvste greinene uti hagen.

Dei såg ikkje dit meir, men dei merka det hadde slokna. Og inni stua kring dem kom det sigande inn ei minning om det same, ein sløkt liten tone i lyse. Det vart ikkje så dei sa noko meir. Andrea nynna på eit eller anna, eit par gonger, og så gjorde ho ikkje det heller.

Da hørte dei Åsel kom. Dei stiga var hennar, og take i døra, så vårt men så

visst. Otte manna seg opp og smilte til Andrea, og ho smilte att: det var da berre Åsel som kom! Dei såg på ringane sine, og Andrea sat blommande raud. Men stua vart enda ein tone gråare kring dem.

[72] Åsel såg frå den eine til den andre, slik vise hennar var. Det minte ørande lite grand om tunghørt folk. Ringane såg ho ikkje, men dei merka ho visste av dem. Same djupe varmen stråla det frå auga hennar som elles, og andlete var i kveld som ein annan kveld når ho fann dem to-saman. Dei kjente det likevel, at det var ansles. Andrea såg på Otte, men han sat og såg ut gjennom glase, ho var åleine. Og ute der stod trea urørlig imoi himmelen som før, og himmelen like avletta bleik og langt unna. Ho var mo åleine med Åsel. Og nu smilte Åsel til henne. Greinene derute stod gudnådslig nakne i kveldlufta.

Åsel sat litt og kvilte seg, liksom ho pusta ut etter ein tung bakke. – Eg vart så åleine, sa ho; eg veit ikkje korles det er. Dei fer kvar sin veg: det blir berre eg og huse her. Og her sitt de ja. Ungfolke, skulde ha vore. Som eg gjekk her og ønska ja, ei tid.

Berre ho vilde ha teke handa ned frå panna! tenkte Andrea.

I det same gjorde ho det. Men no stod auga hennar bert og blått imot dem, utan svik, og utan nåde, dei blunka fort og ungt og tok tak att. Deira auga gav seg over til hennar.

«Nei, bonn, det går ikkj!» sukka ho. «Lett oss sjå det som det e. Det e for seint!»

Ho kunde sjå kor letten seig bort frå kinna til Andrea. Ho hørte Otte, kor still han sat på stolen.

[73] «Æg be dokk i Guds namn. Framtida her i går'n, og den ting, det snakka æg ikkj om. Men dokk vil da vel ikkj gjera bonna dokkes den sorgja? At dokk ødelegg – – det som e dem imilla?»

Ho var alt i gang med hendene over knee. Ho sukka ikkje meir; ho såg berre på dem. Så reiste ho seg, stod litt og såg fram for seg, og gjekk så mot døra.

«Heller rettar sagt: Dokk val gjera det dokk finn rettast. Dokk må ikkj hald mæ ond – –»

Ho hadde opna døra da ho sa det, og no hadde ho gått.

Før Otte snudde seg, var han viss på at Andrea sat og gret. Det gjorde ho ikkje. Han venta til ho tok auga inn att, og møtte dem med ei kring lita blunking og eit modig drag ved munnvika:

«No snakka verda! Ja. Slik snakka no ho.»

Andrea svara ikkje, og han måtte til att. – Verda, seier eg. Det der var henne. Eg har både sett henne og hørt henne. Ho er vis. Men eg vart aldri vis, for det om eg hørte etter henne. Han reiste seg og kom bort til Andrea: Nei hør no her, tullhøna! Eg står her og tygg tøv, eg. Verda er stor og vid ho, det er det ho er, og vi to vi reiser så langt at føtene våre snur beint opp og hit, så rund skal verda vera. Da kan vi da ikkje vera i vegen for nokon lel? Eg visste for resten ikkje – – eg trudde ikkje – – eg må seie som sant ^[74] er, at eg trudde ikkje det var dei to. Men som sagt: Vi reiser, vi, Andrea. For eg har vore ein heimlausning all min dag. Og deg, ser du, deg slepper eg ikkje – hører du kva eg seier?

Andrea hadde sett beint i andlete på han heile tida, men no først vart ho liksom vår han. – Ja, men? ho klipte rådlaus med auga. – Men? Vi bryd oss ikkje om noko *men* her. Det høver ikkje allstads, det orde. – Eg har tenkt på det lenge, eg, Otte, at det her gjekk ikkje, vi kom så blodig i vegen for to andre – eg fekk vondt i meg alt den dagen da han kom hit. For det kom til å bli dem to, det kunde ikkje skje ansles det. Og da nytta det ikkje om du sa noko, ein gong. Og heile tida i det siste –!

Otte tok bae hendene hennar. Han heldt dem hardt. Han var så forandra, ho kunde ikkje tru dette var han. – Nei men hør meg no her og sjå meg no der, gjente! Vi – vi – –

Andrea rista på hovude. Enno gret ho ikkje.

«Dem gifta sæ aldri, visst vi gjer det,» sa ho lågt. «Nei, og ikkj skuld dem det heller, da, æ tåld ikkj å tenk på det eingong – det va synd!»

Otte stod og såg borti andre veggen. Slik stod han lenge, og no merka han at Andrea brukte lommeduken. Han vart meir og meir grå i andlete. Endelig tek han seg over panna, stryk seg hardt nedetter andlete og over skjegge, og gjer det enda ein gong, liksom det var berre skøy og gap alt i hop, så ser han opp i take og

smiler:

[75] «Ja ha, Otte, no va det spørsmål da. No e dem her og spør dæ for alvor. «Sætter eder ikke op imot det onde,» sei dem. Men enn imot det gode da?»

Så bøyde han seg ned over Andrea, tok bortti håre hennar, det var så stort og mjukt.

«Vi klara vel det òg vi. Å gi oss.»

Og med seg sjøl mumla han, og smilte att, gammalt og bleikt: Der fekk du for munnen din. Vårherre hørte deg, og tok deg på orde. Men da han merka Andrea gret, vart han gåande att og fram på golve, stod ei stund framfor henne med handa nokonstads oppi andlete, og så bar det i gåinga med han att.

Ingen av dei ansa på at Åsel stod i døra, før ho kremta eit par gonger.

«Det gror berreste gråten der æg fer,» sa ho. «Æg va ut eingong, for leng, leng sia, va heilt over fjorden i eit slekt ærend; æg ha ikkj tenkt æg skuld legg mæg på den slean oftar. Det kom ikkj noko godt tå di nei.»

Otte stana og såg tankefattig på henne; ho vart ståande innom døra. – «Vi e eni' no,» sa han. «Vi e eni' all tre. Så, så! no får du te å sjå opp,» – han snudde seg til Andrea, – vi gret ikkje meir no i ein gong. Ikkje for det, i allfall, at to skapningar blir glade; om det no ikkje er oss to just. Og Vårherre – – han ser på Åsel – – no er det min tur å ta *han* på orde. Nei visst, han har ikkje lova å gi oss det att, eg veit det, [76] men. Men han burde gjera det lel, han kan da ikkje vera mindre mann? Noko må han da vel finne på – vi skal vente og sjå, Andrea!

«Du e no ikkj så løsti som du lêt te, du hell,» sa Åsel.

Da vart han ståande som han hadde bite seg, – Men det kan da vera rett nok, det eg sa, for det om eg snakka som ein fåne? Men det var for resten ho Andrea eg – – eg snakka med, mumla han med seg sjøl.

«Æg får takk dokk ein annangong!» sa Åsel, ho var alt på vegen ut att.

Da Astri og Odin kom framover sommarfjøsekra, såg dei Otte kom om øystre stuenova og gjekk heim. Den eine kjente det frå den andre som ein liten støyt: Går han heim åleine i kveld? Men ingen sa det. – Sjå måsen, sa Odin, han peka

vest på Storåkeren. Der gjekk det tett med måse all veg bortetter, og nye flokkar kom svevande og slo seg ned, blågrå og kvit, svart og kvit, kvitt i kvitt på den nypløyde jorda, det var reint som ho hadde pynta seg. – Da blir det regne, sa Astri. Og måsen lét, og skogfuglen song, og Odin såg seg rundt og var opp i under. – Kjenner du våren? sa han.

Men Otte såg liten ut der han gjekk; og der vart han borte i svingen nedom reina.

Og lita syntes dei Åsel var, ho stod ute på stubrua og venta dem.

[77] «Ja-a,» sa ho. «Han gjekk heim ålein i kveld, han Otte. Ein forstandig mann. Ein sterk ein.»

Astri såg stivt på henne, med brunene ihopdregne. – Kor ho er da, ho mor? spurte ho. Sitt ho inne da? – Ja, Åsel viste med hovude åt øystre stua. Astri stod enno litt. Ho såg hastig på Odin eit par gonger, men ikkje på farmora meir, så gjekk ho fort inn øystre vegen.

«Ja, Odin, no e ikkj *det* i vei'n for dokk, sa Åsel.

Han svara ikkje. Han måtte sjå seg i kring: det hadde visst vorte ein underlig tung lett på kvelden?

Men rundan i kring stod vårlyse ungt og blankt som før, over tak og tretoppar og fjella imillom; og bortpå åkeren der sjaua måsen, og nattvaka skvattra oppi haugen; og sjøen han blikka all vegen utover, han var mild og djup i blenken. Det snudde seg til han frå alle kantar.

Odin såg på mormora att. Halvvore glad var ho å sjå til, og halvvore urolig, men slik hadde ho visst vore støtt, når han tenkte etter. Astri kom ikkje ut meir.

«Æ kann ikkj sei æ vart glad, just,» sa han.

«Nei, nei, Odin. Det e så det.»

Han sette hendene i lomma og dreiv nokre steg bortetter. Han sa det med seg sjøl: Jaså; han far vart sterkare enn eg. Likevel. Ja, men, han *skulde* vel det òg?

Han beit seg i leppa for å halde styr på andlete; [78] men da han snudde seg til Åsel, fekk ho ein kvekk i seg, liksom ho aldri hadde sett han før.

«Ha det ikkj vøri a Astri – – men *ho* e ikkj ein ting som ein kann kast ifrå sæ – – umulig, sei æ! Dem har ikkj prøvd det, sei æ, nokon ein!»

«Gudskjelov, Odin, for at du tek det slik! – Gudskjelov for at du er slik ja,» mumla ho med seg sjøl, ho var ikkje godtil å stå der lenger, ho gjekk inn. – Det var slik eg vilde sjå han, sukka ho, – han var ålvorlig så vill no! Det var det der eg sakna så i garden her.

Odin stod lenge ute og venta på Astri, men ho kom ikkje.

Ho var inne hoss mora. Ho stod framfor henne med hendene i sida. Mora måtte sjå opp enten ho vilde eller ikkje, for slik hadde aldri Astri stått framfor henne nokon gong; ho syntes det både bevra og brann i det bleike andlete. Men ho slo auga ned att – Eg veit da kva du vil seie, kviskra ho. Eg hadde ikkje tenkt det helder – – eg skjønner det ikkje sjøl, men. Men no er det slutt, du hører da vel eg seier det, Astri?

Da fekk Astri raude flekker i kinna, og sette foten hardt i golve: Det er noko tull alt i hop, hører du! Idelig tull og vas, det er berre noko ho farmor har funne på. Kunde aldri ha vorte noko *tå* millom han Odin og meg, same korles det var. Aldri, hører du!

Andrea såg på henne, utan å blunke, det var mest som ho stava seg fram i andletsdraga til ^[79]Astri. Det som var sagt, fekk ho ikkje tak i. – Nei, eg ser det no, sa Astri, ho stirde ned i golve. Det hadde aldri vorte han og eg. For da måtte eg ha vore ansles – da måtte eg ha vore utru imot ein annan ein, ein som – – *tren*g meg. Eg ønska ikkje du skulde gifte deg, det skal eg tilstå. Men no skal du gjera det lel. For mi skyld. Unyttig sorg, det hatar eg.

Det var så uvant for Andrea at Astri snakka med henne om seg sjøl. Ho fekk ein lysdæmd tone i åsyne, sat liksom når ho lya etter noko vakkert dei spella. Og denne blyktinga over brunene og augehåra gjorde Astri så vakker. Men måle til Astri var lågt og tørt:

«Ingen ein kund ta ifrå mæ retten min. Men æ kann gi 'n bort.»

Endelig spurte Andrea, om ho var forlova med nokon annan da? Var det med han Arne Finne?

Ja, sa Astri. Det var han og henne ja. Så rettar ho seg opp og ser på mora, ho smiler med ørfine rykkingar nedunder auga: Nei, for resten, det er ikkje sant. Det var berre noko eg fann på. Men han Odin, han tek eg aldri. No når det er som det er. Du skjønner da det, mor? Eg vil ikkje stå her og *snakke* om det eingong! Når eg berre visste kva eg skulde seie til han, sa ho stilt.

Andrea hadde retta fram handa, og Astri hadde teke henne utan å gi det nokon ans.

[80] «Du ska ikkj gjera det der, Astri. Du kjenni da det e galt?»

«Det e gjort det, mor; det e ikkj meir å snakk om. Det e *dommen* min. Du ska ikkj sjå ut så forføeld, dem har da vel dommen sin all i hop? Dem e da vel ikkj fattiar hell så?»

Ho såg ut, langt, langt utetter. Det var som det pla vera, der. Nei, nei. *Det* gav seg visst ikkje om det vesle ein bala med.

SKILDE VEGAR

I.

[81] Dagen etter skulde Åsel til byen, den årwise ferda si, og Astri skulde vera med henne som vanlig. Odin skyssa dem til Segelsund. Han såg Astri var noko forandra, men det undrast han ikkje på, det var slikt slag med han sjøl. Heile vegen tenkte han på det, det var jamgodt med at han snakka med henne: No var han slave og ikkje fri mann, for no hadde han kjøpt henne så dyrt, han kunde ha gjort både det og det for å berge henne. Slaven var kan hende den einaste lukkelige i verda. Nei, han var ikkje lukkelig, just, at han åtte henne, det var meir å kjennes på som ein lukkelig angst for at han kunde ha mist henne, ja at han

kunde miste henne enda og aldri bli trygg på henne, slik anna folk var på sitt. Han stod bakpå kjerra og såg ryggen hennar, han var modig å sjå til, og halsen var unders kvit og fin, så levande gulkvit; og håre hennar det var *brunt*, det hadde han aldri set make til hoss nokon, mørkbrunt med skimmer av solgull i. – Gi deg tida, sa han til denne nakken, for deg ^[82] skal eg få makt og velde over ein gong, eg skal bøye deg bakover og tukte deg, til det ikkje finns der det som stort eller byrgt kan kallast imot meg, til dei gir seg, både auga og heile veikja. Meir har aldri ein mann rådd over, nei.

Han ansa ikkje kor still dei to kvinnfolka sat. Han spurte dem da han snudde hesten nedmed sjøen, kva tid dei var att-ventandes. Åsel sa dei kom da og da.

Men da snur Astri seg til han, ho står nett attmed han og ser han i auga, fer over andlete hans og vil minnst det, kjem det for han; så seier ho lågt:

«Det blir leng å vent på mæ. Om det nøtta å vent da.»

Han ser halvt ovanfrå og ned på henne, han smiler enda litegrand til henne:

«Ja-ja-ja. Du får komma når du kjem.»

Så fór dei.

Åsel hadde mange ting i hovude, ho skulde handle for ei lang tid framover, gjekk frå bu til bu og hørte seg for og tenkte seg om; for byfolk var byfolk, dei, og handel var handel, det kunde ikkje vera ansles med det; og *ho* var ifrå lande, det såg dei sagt, kven som vilde. Astri var med henne og venta tålmodig. Ho òg tykte det skulde gå slik for seg.

Men andre kvelden gjekk ho ifrå henne. Åsel spurte ikkje, ho såg berre etter henne, var kanskje litt meir urolig enn ho pla vera. Ho skjønna ^[83] ho skulde til Arne. – *Ho* kjem vel att, trøsta ho seg.

Astri gjekk beint gjennom hagen og til det store huse, ringte på og venta. Ei gjente kom ut og spurte kven ho vilde snakke med. Astri fortalte det. Gjenta tenkte seg om, med handa på døra, så seier ho at ho skal høre, og bed Astri inn i eit rom straks innafor. Ikkje lenge etter kjem mannen sjøl i døra, *Finne på bruke*, ein høg gammal mann, og streng, med briller på. – Snakke med Arne? seier han. Kven var *ho*, om han måtte få spørre? Astri hadde reist seg, og raudletten flaga

henne oppetter vangane som snarast med ho fortalte kven ho var. – Håberg? mumlar han. Jaså. Ja, men sonen min er ikkje frisk i dag, han ligg; var det ikkje noko som eg kunde seie han? – Nei. – Ja, De må undskylde, frøken – – gomorn!

Den høge gamle mannen bukka og var alt ute att; det gjekk så stilt og visst for seg. Astri tek eit par stig fram, og på nytt raudnar ho til, det eine uttrykke jagar det andre over andlete. Men så stanar ho og ser på den atlatne døra framfor seg, og blir ståande og tenke seg om. Ho bit seg i leppa til andlete kvitnar litt om senn, og går så rolig ut i gangen. – Skal dei virkelig kaste meg ut da? seier ho og småler; ho er så sint ho kunde gråte. Ho hører kor kjøkene er, og går dit.

Der møter ho gjenta ho snakka med i sta. [84] – Er han mykje dårlig, han Arne? spør ho. – Ja, sjøl veit. Han har ligge nokre dagar, – han spyttar no blod da! – Det er ikkje noko nytt, med han. – Nei, De veit, han – – ja, frøkna kjenner han, hører eg? – Eg stod her visst ikkje utan det. Du må helse han ifrå meg da. Ifrå Astri Håberg. Astri hugser du alltid på å seie?

Ho hadde alt handa på klinka og vilde ut att. Da tok gjenta til å kviskre og fortele kor kleint eit hus her er no: Finne har slutta på bruke, eller dei har teke det ifrå han, rettare sagt, og frua og dotra har alt reist sørover til folke sitt, kjem visst ikkje att meir dei, nei, og no skal her snart bli auksjon og styr, ho for sin part har alt stedd seg annanstads, og blir Arne liggande, no i den her tida, så blir det neimenn ikkje fyst for han, – korles skulde dei få han med seg, tru? Javisst hadde han vore ein snild gut, han hadde vore alt for snild, etter som ho hadde forstått, men noko heitt imillom han og folke hans hadde det ikkje vore, han brydde seg aldri om å bli noko. Og desutan så – –

«Ja, hels ifrå mæ da,» sa Astri, ho baud farvel og kom seg ut. Det var ein uliklig munn på denne gjenta.

Åsel spurte, da dei var i heimvegen, korles det stod til med han Arne, var han friskare no, eller –? – Å, det stod no til så tålig. Astri såg ikkje slik ut at Åsel vilde spørre meir. Og da ho kom heim, var det reint så høgtida lyste av [85] henne. Ho hadde ikkje auga sine på nokon som snakka til henne. Ein kunde tru ho gjekk og hørte etter kva vinden sa, han hadde blåse opp frå søvest og låg over huse med eit tungt sog.

Odin tykte dagane var ulaglig lange med dei var i byen. Det kjentes, sistpå, som dei ikkje skulde komma att meir. Dertil var det alt anna enn godt å vera tosaman heime med Andrea, og ikkje likte ho det stort bedre, såg det ut for. No, da dei var heime og han såg att Astri slik ho var, vart han ståande still lange øva og sjå ut i vêre. Åsel kom og spurte han ein dagen, om *han* kunde forstå seg på Astri. – Nei? – Og snakka med henne hadde han ikkje? Han rista på hovude og såg vekk att. – Nei nei, sukka Åsel. Da sa han, lyst og likeglad: Det får ha si tid. Ho må få ha fred. Det snur seg vel igjen, sa mannen, da kjerringa hadde sett han på hovude i tomtønna. Men Åsel lea sorgsamt på hovude: Du veit korles det gjekk – – med i ho Elen her, med ho mor di ja, og han far din. Han far din var slik han: det skulde ha sin gang, det skulde få skje som skje vilde – – eg kjenner så godt til det, eg òg. Har vore huga ofte på å ta verda slik. Det er farlig spell, Odin, det er ulovlig! Odin lo til henne: Tru det? Eg vågar det no lel, eg. For det som skal skje, det må skje. Somtid da. Og ho Astri – –

Han gjekk til arbeide sitt. For henne skulde han vel få grima på, når tida kom. «Gruv ikkj fer di!» hermte han. For trufast, det var ho, som [86] fjella kring ein. Som blåe himmelen sjøl. Var ho ikkje det da? Jau, og vist ho ikkje det var, kva skulde ein da med henne? Nei, han vilde ikkje snakke til henne.

Leid om nokre dagar gjorde han det lel. – Du er still av deg? sa han. – Eg er kanskje det. – Du får ha lov til å vera det, veit du. Men slepper deg gjer eg no ikkje da. Så mykje du veit det.

Ho såg stort på han, og lenge. Auga hennar hadde aldri havt eit blunk av angst før. – Men seier du det da, Odin? – Ja kva anna skulde eg seie da? Da var det liksom ho reiv seg laus med ein rykk:

«Æ fekk brev ifrå 'n Arne i dag. Nei, i gaar va det. Han sei farvel med mæ. Han ska døy no.»

Odin tagde til det. Ho såg kor skuggen rann over andlete hans, og no seig skya unna sola og viste det fram. Det var forunderlig ungt, andlete hans, ho syntes han var berre som ein liten gut der framfor henne, men ein lettлива ein som det ikkje beit noko på. – Men er kkje det rart, seier ho, at han skulde bli liggande no nett med det same –? Som eit tegn, synes du ikkje det? Dokteren seier han skjønner

det ikkje, det har komme så fort.

Odin tier enda, og ho står og ser på han. Vårvinden susar vøt tungt derute.

«Du ska ta det som ein vaksin kar, Odin – du ska ikkj tenk på mæ meir. Det va ikkj *vi to*.»

[87] Han går hardt framtil henne, tek over hendene hennar. Solglytt og skuggar dansar det inn på lofte der dei står, og slik alle reinane og haugane utetter, det spring og ler, spring og ler, berre kjæta og tankeløysa, og med kvart kjem det ein regneling sendande, berre ein som er ute og spring i kjæta det òg, i mai. Vinden friskar opp måle sitt imillom; han song som ein vilde ha det til.

«E du ikkj *rett* du, Astri? Ka det e du tenkji på? Du må da vel – »

«Han fekk det så fort?» sa ho stilt. «Og no ligg 'n der ålein, det e ingen som bry sæ om 'n.»

«Ja men høyr no, Astri, vi har da tia for oss, vi kann da – –»

Ho ristar på hovude, det er visst langt unna henne alt han seier.

«Det kund ikkj ha vorti oss to lik-vel.» Han slepte handa hennar.

«Å tigg e æ ingen hund på, det veit du. Og tenk dæ om, det nøtta det ikkj å be dæ; du har gjort det, høyri æ.»

«Du skuld heller hjolp mæ du!» sa ho. «Det bli ikkj så lett. Det bli tungt nok med a farmor og a mor.»

«Men i Herrens namn, veikj, ka det e du tenkjiⁿ³ på da?»

Ho stod og tagde. Auga hennar låg som to tunge hender på han og heldt han ned.

«Æ må gift mæ med 'n.»

Ho kom seg så vidt at ho smilte til han, for no [88] var han rar i andlete. Men det var ikkje lenge, så skaut hamleten opp i han på nytt. Han tok i henne liksom han vilde riste henne til vett og forstand att:

«Du gjer det ikkj, Astri! Du gjer det ikkj! *Du?* Du gjer ikkj a farmor di den sorgja, og enn Håberg og all ting – nei! Mæ sjøl ska æ ikkj snakk om eingong, det e ikkj for – –»

«Nei, det ska du ikkj. Du ska gi mæ bort – e du ikkj så pass te kar da? Da vil æ ikkj ha dæ lell. Du ska sei ifrå dæ retten din.»

«Det henda ikkj!»

Men da han hadde sagt dei orda, vart han ståande. Han måtte ha stått lenge slik, da han hørte Astri sa:

«No tenkt du på 'n far din, ikkj sant?»

Odin såg opp, og blunka kringt med han samla seg.

«Ja, æ gjord visst det. Gjord visst det ja,»

«Men æ, Odin, æ har ingen far æ. Æ må klar mæ forutan. Men æ trur æ veit – at han ha gitt mæ medhald. Minder mann va 'n ikkj; det kjennes slik.»

«Ja ja da,» sa Odin. «Det e ikkj noko meir å snakk om det.»

Han gav henne handa, skjemtes litegrand ved det, men gjorde det likevel, – ho tok henne millom bære sine:

«Slik skuld det gå, Odin. Med oss.»

«Ja sjøl veit *no* det, men.»

[89] «Du e så sterk du – vi to høvd visst ikkj i hop heller, vi.»

Odin hørte ikkje det ho sa. Var det så at han skulde framgjenom det her, så var det vel gåande veg, og henne var det ulovlig å plaga meir. No hadde ho gått sin veg. Berre solgrimene låg bortetter golve.

«Dem har ikkj *rett* te det her!» sa han høgt. «Men la gå med det.»

Han var på vegen ned, han var tålig bra til motes. Da ranns det for han som noko nytt, det som hadde hendt. Han sette seg på sengkanten.

Odin og Astri snakka ikkje mange orda saman dei dagane som kom. Først hadde ho Åsel og mora å takast med, og sia hadde ho meir hell nok med å bli ferdig. Ho måtte enda til presten. Nokon forandring å sjå på henne var der ikkje, utan det kanskje, at ho mest hadde auga sine annanstads enn der ho gjekk, og at ho var enda ein grand meir fåmælt enn før. Stundom kunde ho sjå på Odin, liksom ho grunda på kva der budde i han. Han spurde henne ein dagen, kva Åsel

sa. – Å, ikkje noko større. – Men ho seier aldri eit ord til meg om det – ho må vera forfæld? – Ho vart forfæld ja. Med det same. Men eg trur ho forstår meg. Eg trur enda ho sa det: «Æg kjenni att mæg sjøl.» Og på slutten sa ho: «I Guds namn da!» Eg trur ho forstår meg. – Ja ja. Det var vel ventande ho sa einkvart slikt. Eg har sett det på henne, når eg tenker meg om. – Ja, og så sa eg det, at han ^[90] Odin og eg vi er no søskenborn, sa eg; ho forstod visst det òg.

Odin gjekk ifrå henne att, for no var ho alt langt inni sine tankar, ho gådde knapt at han stod der.

Maivêre blistra kring husa med vind og regn, det hersa med jorda så det var ein lyst. Odin aksla seg og la i veg ut, til arbeide, han syntes han hadde gått her all sin dag: Kvasse elingen beint imot andlete, og jorda blaut og klabbi under føtene: og Håberg rundt omkring, som eit stort og ålvorsamt andlet som var med han der han gjekk; så kom solglytten over ein, høgt ovant skya, og la alt lande kringom ein i undrande lysning, ein kunde grant høre låtten i det om ein vilde, – og så blindt inn i gråa og elingen att. Og arbeide det hadde vorte gjort all tida, med lett hug og tung hug, gjennom prøvd og uprøvd, det hadde aldri vore så blånøye med slike ting her. Sute, det fekk dei gjera dei andre, slik kjentes det. Og slik stod det i skrifta eller nokon annan staden, at: «Som dine dage ere, så skal og din styrke være.» Kanskje så hadde dei ikkje hørt det ein gong, dei som gjekk her før; dei som hadde kjørt opp vegen her, som hadde slite merke i døra og dørstokken; dei hadde levd her så godt dei kunde, det forutan.

Men Astri, henne hadde dei aldri sett.

Husmennene, hadde vore, var der mykje gode i onna og hjelpte til. Det var no som før, at når ^[91] Håberg skikka bud på dem, så kom dei visst dei kunde; men no gjekk dei for dagpenar. For Odin var dei husmennene like vel, han tenkte ikkje ansles over den tingen. Somtid, når ikkje Åsel hadde sagt ifrå, kunde han spørre dem til råds om det eller det med arbeide, men det var mest for å komma i snakk med dem; dei visste mangt om korles her hadde vore før, og kvar for seg var dei ei lita verd som han skulde ha kjent til. Best han gjekk imillom dem, skaut det opp ei lita minning i han om den tida han leika seg med skjel og steinar og slikt: Dei gjekk så villig dit han viste dem, og kom og spurte seg for når det *var* einkvart, og ein og annan gongen, og det var det trøysamste, kunde dei gjera seg

trave og kaste grin i, det var ikkje meir hell så vidt dei lystra. Men lystra gjorde dei. Odin såg etter dem der dei gjekk.

Anton Bekken, gammalkaren millom dem, hadde vore sãmãnn på Håberg sia Kristen fall ifrå. Odin kjørte harva. Dei møtes oppved øystre reina, og hestane stanar og humrar etter såbøtta. – Ja, seier Anton, eg hører da det der, men – – husbonden stod litt for nær oss. – Lat dem få kvar sin neva da, seier Odin. – Som du vil da. Ja, det er vel deg eg sår åt, no i år? – Å nei, san. Da vart her anna jag utpå åkeren. – Nå, kva som jage angår, så-e, men du let det da ikkje gå ifrå deg? Og a Astri, du får ikkje maken til kvinnfolk, innhyses da. Storgars-kjerring er her [92] vandt om emne til; du kan tru meg på det. Men skynd deg, det seier eg deg, det er usagt kor lenge *ho* ventar på ein. Så, no skal de vel eta opp meg til takk, he! he!

Same kvelden seier Åsel med han: Du reiser ifrå oss no, du òg da?

Ifrå oss, sa ho; Odin syntes orde vart djupare des meir han tenkte på det. Og andlete hennar, det bles snart vinden igjenom, så tynt var det. At eit menneske kunde vera både redd og uredd i same studa! – Nei, eg gjer ikkje det heller, sa han. Kan likså snart vera her.

Ho såg på han, men sa ikkje noko. Så tok ho seg over panna og sukka:

«Hm, hm! Enn at det skuld gå med a Astri som med mor hennes? He? Det e dommen, sei a?»

«Vi må vel sei eitt eller anna?»

II.

Astri hadde tenkt å fara i veg åleine. Men Åsel hadde henne for seg og fekk snakka henne over, og så let ho både henne og mora bli med. Sia var ho glad for dei vart med, det vart tussig nok lel å greine med alt som til skulde. Kanskje det var som ei trøst for dem, at dei fekk hjelpe henne det dei kunde.

Ho hadde skrive til Arne kvar dag mest, og no sist hadde ho sagt kva dag ho kom. Andrea hadde spurt henne kva han sa. – Kva han sa? [93] Ikkje noko større.

Han må da vel innsjå her *er* ikkje anna råd?

Otte hadde ho fått til å reise oppover i førevegen og tinga dem hus litt utafor byen. Han hadde funne ei trivelig lita stue nedmed sjøen. Arne måtte kjørast dit, og enda berast inn. Mat og anna som trongs skulde dei få tilsendt med ein mann som rodde til byen om dagane.

Arne hadde sett seg det i hovude at han skulde ikkje vigjast av ein prest. Da vilde han heller at Astri skulde bli der og passe han lel. Ho rista berre på hovude. Ho tok handa hans og såg litegrand på han. Da gav han seg.

Andrea baud seg til å vera der og vaka hoss han, natta føre vigjinga, og det tok Astri med. Så la ho til, ho såg ein gong på mora og ein gong på Otte: De kan vaka her bae to da. Og sia, da ho og farmora stod og skulde gå til byen, såg ho på dem med smale auga og sa, at no stod da ikkje ho i vegen for dem; no vilde ho helst det skulde jamne seg. Ho såg på farmora, ho stod der så ukjennelig sløkt i auga. – De kunde jamenn gjera a farmor den gleda. Eg skylder henne eit bryllopp som ho har glede tå; eit likare enn det her blir. Ho visste ikkje av at ho stod som ho lo. Så snudde ho og gjekk bort til senga att. Ho kyste Arne på panna, og vart ståande bøygd over han enda ei stund. Bak henne gav dei visst einannan hendene; der var stilt som i kirka før dei lyser til ekteskap. Ho var krita bleik da ho [94] snudde seg til dem, og tårane fekk dei i Guds namn sjå.

«Dokk må gjera det for hennes farmor si skyld,» tek ho oppatt.

Astri hadde vore stø på det skulde bli regne når ho gifta seg. Det vart det òg. Ho ansa det først da presten hadde komme og faren til Arne, da stua stilna imot høgtida. Det let seg opp som ei dør for henne, og regne mumla og kviskra i eitt vekk, ein mild men sterk lyd, det var nett slik ho hadde hørt det før når ho prøvde å tenke seg det. Slik hadde ho sett grase og, ute på vollen, og lauve på trea straks ovom stua, grase mørkgrønt i regne og lauve lyst. Det var for henne det var slik. Hadde vore slik til-etla. Men til mora sa ho: Det regner, mor. Regn i brurkrona, hm? Mora var bleik, men smilte.

Så stod vigjinga av seg, og så skulde dei reise, dei andre. Finne, den gamle høge mannen, la handa på hovude til dei nyvigde. Han såg useielig trøytt ut da han gjekk, men han tok dem varmt i handa alle saman. Åsel gav seg tida. Endelig

kom ho seg til det: Ho bad om at dei måtte få drikke ein kopp kaffe her før dei fór. – Ja kjære! sa Astri, ho vart lys i måle, – javisst skal de ha kaffe, det tenkte eg enda.

Og så vart dei to-saman, han og ho. Da sa Arne: Men du skulde ikkje ha gjort det her Astri! – Skulde eg ikkje det? For det om det er for seint? – Nei, smilte han, det er ikkje for seint, [95] men. – Ja, sa ho, da litt hadde vore, eg har havt fæla i meg for døden, eg skal tilstå det. No vil eg møtast med han, og jaga han på døra – ja du skjønner da det var ikkje berre derfor eg kom til deg? For det måtte eg. Og no er eg her, ikkje sant?

Han tok handa hennar og drog henne ned på senggavlen. – Når eg held i den, så trur eg mest eg skulde få sova. – Du *skal* sova no! Og straks etter dorma han.

Og der på senggavlen eller på stolen attmed senga vart ho verande for det meste, dei tre vekene han levde. Ho hadde ein liten benk å ligge i; men om natta torde han lite eller ikkje sleppe handa hennar, han var redd som barne og kvakk opp først ho reiste på seg, og om dagen gav han henne heller ikkje stor freden. – Du har sove så lenge, klaga han. – Ikkje meir enn to timar lel. – Ikkje meir? Eg trudde det var ein fem-seks. – Er det likare når eg sitt her da? – Ja, hører du! Ho spurte ofte om det.

Som snarast, eit døgn eller to, såg det ut som sjukdommen hadde slakna. Hosten linna litt i, og sømnen vart jamnare; ein dagen sov dei fleire timar baa to.

Den natta låg han og såg på henne, tok ikkje auga ifrå henne. Handa hennar heldt han så det brente. – Astri! kviskra han. – Astri! Da reiste ho seg, med brennande kinner, tungt og ålvorlig. [96] – Ja, Arne. Eg kan ikkje seie nei til deg. Det får – bli som det vil.

Ho såg ut. Det var grålyse natta der. Lauve rørte seg i vinden, og båra pusta frammed stranda; det var forunderlig langt unna henne. Og rolig og ålvorsamt som ho hadde reist seg, tok ho til å klæ av seg og gjekk og la seg attmed han. – Er her rom til meg da? sa ho.

Utpå morgoparten, da ho stod opp, klaga han: Du hadde ikkje tenkt det her, Astri, da du kom hit! – Nei, kanskje. Nei, sant å seie. Men no er du *guten* min, Arne!

Åsel og Andrea kom og såg til dem eit par gonger. Odin spurte ikkje kor det stod til, men han skydde dem heller ikkje når dei kom att. Han venta rolig, når Åsel laga seg til og fortalte. – Ho Astri har snart stridd ut no, sa ho siste gongen. Litt trøytt er ho, ho har visst ikkje vore utor klæane, såla, men elles klarar ho det bra. Og så la ho til: Ho såg vel ikkje anna råd enn å gjera det slik. – Nei, sa Odin. – Den som enda visste om ho kjem hit meir! – Det trur eg da ho gjer.

– Men da får vel *du*? – Ja, kan hende. – Langt da, trur du? – Veit ikkje. Eg skulde ha vore ute for ålvor ein tønning. Ute og lufta meg. På sjøen, trur eg.

Ho sat still og såg på han, – Du har no ikkje vorte tjukkare i kjakane nei, mumla ho. Jamenn er du skrinn no!

Da gjekk han ifrå henne. Resten får ho vone ^[97] så godt ho kan, sa han med seg sjøl. Eg har kasta bort eit stykke av levetida mi, eg har kasta bort meir, det er ikkje så nøye. Men eg trur eg må i gang snart no. Å vera noko anna.

Elles var det fredsamt å leva. Han sat ofte på lasse når han kjørte lang veg, han sat og såg einkvart for seg. Han såg så mangt slag. Ofte såg han kor liten ein ting det var, om ein hadde det vondt ei tid, det var jamgodt med ein prikk på vide himmelen. Stundomtil myrja det imot han, det eine syne etter det andre, som den tida han var gutungen, *dei* dagane kom livs levande nær han att, med solskinsstrender og kveldsskuggar og store ville marka, og så kom bygda og lande og levna til framfor han og gjorde han varm og urolig, det vilde visst ikkje gi han fred lenger? Ja, i tre skulde det ikkje skjerast. Men somme gongene hørte han tonen og takten i det, og ord for ord, store og sterke ord som han lite hadde visst av, det kunde gjera han kald i klæane reint, det var ein frammand ein inni han og *kvad*. Såg han så opp, da stod sommardagen der imot han og smilte allvitande, verda med det store lyse andlete; og langt langt unna der var Astri, han skilde henne så vidt. – Du har gått deg bra vill, sa han til henne. Du òg har kasta bort nokre år og meir til; det er ikkje så nøye.

Astri skreiv heim da Arne var død. Breve var til mora denne gongen. – Han døde i natt, ^[98] skreiv ho. Det var utpå morgoparten for resten, og lyst ute, eg hørte fuglen song. Han døde så vakkert, det var inga sak, verken for han eller meg. Det er så langt ansles å døy enn eg trudde før. Og no reiser eg sørover med

han, kista kjem her i dag. For han skal ikkje ligge att her når folke hans har flytta bort. Eg har telegrafert at dei skal møte opp på kaia. Og visst ho farmor spør, så sei til henne at eg trur han døde salig. Ja, eg er viss på det. Eg måtte lesa i bibelen for han, og så trudde han det når eg trudde det.

Så bad ho om pengar etterseg-sendt, og nemnte at ho var ventande heim den og den tid, og no måtte ho slutte. Men enda skreiv ho ei side, ho var så for vaki, sa ho, ho vart sittande her og sjå ut i lysgrøne dagen. – Nei, mor, eg sitt ikkje her og gret, det er berre det at eg vil ikkje legge meg, det er så for lyst og stilt, eg har aldri sett så vakkert vêt før, nokon dag. Og visst eg kunde vera den heretter som eg er no, da skulde eg ikkje gruve meg stort for å døy ung, eg har stått over det no. Eg synes eg sitt her og snakkar med deg, og Arne han er her og hører på, eg synes eg har så mykje å snakke med deg om. For på Håberg kan det aldri bli slik, same kor stilt der er. Men kanskje så kan eg snakke litt meir med deg heretter enn eg har gjort, det kjem for meg det no i dag. At eg er ansles enn før. Far vel da, mor! Eg ønsker deg einkvart godt, og farmorⁿ⁴ òg.

[99] Den kvelden gjekk Odin til far sin. Utor breve hadde han ikkje hørt anna enn at Arne var død. – Men at ho skreiv til mor si denne gongen, sa han med seg sjøl. Og at eg skal bli meir åleine for det?

Faren vart brydd da han såg han. Litegrand av det hadde Odin merka før og, ein skygg liten blunk i auga hans, og somtid hadde det vore som ei minning om einkvart som kom imillom dem, så det fall tyngre å snakke med einannan. – Det må vera år og dag sia sist eg var her? Odin stod og såg seg rundt. Dei fór så snåpt dei åra eg var her; liksom det åre i byen. Det er så vidt eg minns at eg sat her og prikkla og laga til nokon ting, og sjøl veit kva det var eg tenkte på? Nei, eg minns ikkje til det.

Otte svara ikkje noko, og det hissa opp han, så han sa mykje meir enn han tenkte. Og best det er, snur han seg til faren og ser på han, med ein hardhendt liten lått: Nei, no får du heller løyse meg av, du må komma til Håberg og vera. Jau, det blir ikkje anna råd, det er ålvor det, – du kan da vel gjera rett for deg på ein gar når du berre vil? I maten om ikkje anna? og i onna med. Det er noko skrap å sitte her all si tid og laga til konstige ting! Det er bra nok, veit du, men det

er ikkje *nok*! Og no ventar dei deg. Eg vil ut ein tur eller to, han har venta så lenge på meg, sjøen, han har mest som ein rett på meg, frå gammalt. Hm? Kva du seier da? Ja, for [100] du må til, den her gongen; til dei får seg i ein skikkelig dreng, i alle fall.

Otte spurte om dei hadde hørt noko ovant byen. – Ja, han er død no. Odin vart blod-spritande raud med det same. – I natt var, la han til. I denne augeblinken ranns det for han, at han hadde hørt eller sett folk vart brydd framfor faren, dei vilde helst sjå ein annan veg, og kom ikkje fram med det dei hadde meint på å seie. Odin gjorde litt med eine aksla: Ja, du lovar meg det da, ikkje sant?

Otte skulde tenke på det. – Det ser det no ut som han held på med, sa Odin med seg sjøl; faren stod og beit i ein høvelson og såg fram på golve. Og Odin tok ei lita fjøl som låg der, ei fin maghognyskive med eit utskore dyrehovud på. – Når dei berre *levde*, dei her, sa han. – Lever dei ikkje, synes du? – Jau jau. Da eg var liten, syntes eg all ting levde som eg berre såg på, fekk kvar tre-beten til å leva først eg vilde. Men eg tenker på folk eg, folk og fe, på levande skapningar: Dei er trøysammare like vel. Dei som lever og gjer einkvart, – så det er berre å styre dem og få dem hit eller dit; det var det eg meinte. Som i bøkene, he? – Ja, lever *dei* da? Slik? – Ja, gut! Eg har dem omkring meg, heile skokken somtid, og dei lever og døyr så det er ein Herrens fryd! Og slik er det, all bygda over; når ein berre kjem *innpå* dem, det er det som er konsten. Men no er det [101] sjøen ei tid. Eg skal ha røynt han – – ja, det der *kan* du, for resten. Men eg kan vel helse og seie at du kjem?

Han fekk mest få det da, like vel. Otte såg opp og drog i augebrunene; det var slik han smilte, han.

No rørtes det sterkare oppi brunene, og auga syntes komma fram imot Odin, dei var ikkje det grand skygge meir. Det var slikt sug i gutskarven, i måle hans og andlete og alt i hop, eit blåsande friskt vêt, det kunde reint gjera tosk av ein gammal ein; ein kunde seie det ein vilde. No lo han: Men kva du seier, om eg finn på og giftar meg, Odin? – Kva eg seier? Odin blunka til eit par gonger. Kva eg seier? Du har no alderen, seier eg kanskje. – Og ho mormor di da? Trur du ho har større imot litt bryllopp, når det lid på? Men det var det eg skulde seie. Eg

skulde visst ikkje dit no førut, om så var? – Så? – Nei du veit: folke? – Dem bryd du deg; mindre om. – Ja, seier du det? Du skal ikkje vera stø på det, kar. At du ikkje bryd deg om dem, du òg ein gong. Dei har no *sin* rett. Det er ein rett det òg, skal du komma i hug. – Det der, far, har vi snakka om før; vi blir ikkje einig. – Nå-å. Vi blir vel einig ein gong, om det san. Men eg skal komma; når eg får områ meg urlite.

Otte vart med eit stykke på vegen. Det blåna over myra alt, som om nættene høgste sommarens tid, og lauvskogen klædde bygda grøn rundt ^[102] omkring, småbjørkskogen, han er så tett og mjuk. Hav-vinden sov ikkje, han var der alt i eitt og minte seg, grå og vaken, men han var ikkje ute og vilde nokon vondt. Inn over sjøhaugane kom han ruskande, strauk grasreina så det kvitte etter, strie, striglande kast; så mjukna han alt med seg, og strauk berre som med handloven over lauvlia, – ho vart hjartans blid etter.

Da sa Odin: Enno har du visst aldri undrast på kva det skal bli av meg? – Nei; knapt nok. – Ikkje eg heller. Det må no vel ein staden stå oppskrive? Otte svara ikkje, og Odin gjekk og blistra ei lita stund. – Men er ikkje det rart, sa han, at for det meste så er eg så trygg på den tingen, det kjem med tida, synes eg, og den har eg nøgda tå, – og med kvart kan eg bli reint redd, mest som det skulde bli for seint?

Han vilde ha sagt meir, men Astri kom så bert for han i det same, vinden kom berande med henne beint imot han: og natta omkring han og alt i han vart forandra, det vakna og fann seg att åleine og i pine.

«Det må no vel gå over,» sa han; det var ikkje stort måle i han.

«Du lyt tåle det, Blessom'n!» lo Otte. «Det e så vakkert eit vêr.»

Slik snakkar alderdommen, tenkte Odin.

III.

^[103] Åsel kom sjøl ein dagen og sa, ho meinte Odin fekk reise ut ein sving. Ho tyktest sjå han skulde ikkje gå her lenger i ein gong. Han stod og såg på henne, så han knapt hørte det ho sa, hadde så nær glømt å fortele at no var han på ferda å

kalle, han undrast at nokon kunde vera så sterk som henne. Ho var ikkje gammal og slø, ein kunde sjå kvar tingen gjekk som dørtrekken gjennom henne, og angsten sat der i kvart drage og heldt henne ålvak: dei skulde fara *vel*, alle i hop omkring henne. Ho gjekk og såg imot framtida og venta; han visste ikkje kva ho venta på, men døden var det ikkje.

Det vart rarare enn han hadde trudd, å gi henne handa og seie farvel. Han sa det han ikkje hadde tenkt å seie: De veit eg kjem att. – Det er det eg trur ja, sa ho.

Han kom til byen og fekk hyre med ei trelast-jekt, dei skulde opp til Tromsøykantane med ei kirke. Lasten var alt inne, det var berre eit råm at han vart med, ein mann hadde vorte sjuk. Det var utpå kvelden han kom om bord, og om morgonen skulde dei ta laust. Og først da dei skulde gå segl, kom skipperen om bord. Odin fekk ein liten klemm for bringa med det same: Det var *han Lauris* som var skipper. Lauris helsa berre i farten på han, utan minste ^[104] undring, han hadde anna å sjå etter. Sia kom han bort og snakka nokre ord med han, det var mest som dei hadde råktest her eine dagen eller hadde avtala å segle i lag. No var ikkje Odin opp i under over møte lenger han heller. – Javisst måtte vi råkast, sa han til seg sjøl; det har du da visst frå du var småguten.

Lauris var den han hadde vore, ein kunde ta han for ein gutladd om bord med det same, snauraka og ung av seg, og auga gulbrune og spellande fulle av liv. Dei kunde hardne til glasblankt ein gong imillom, når einkvart bar imot, og elles såg dei ut til dei visste alt som dei trong å vita. Slik kom det visst for karane og, dei heldt seg gjerne litt unda han, og var snare i vendingen framfor han. Odin hørte han skulde vera ein namnspurd skipper alt, og det fekk han fort til å rime. Verre var det å skjønna at han hadde lagt seg opp pengar og åtte halvparten i fartye, for aldri hadde det vore anna enn skøy og pengeløysa med han før, det Odin hadde visst. Men i grunnen var vel det *Lauris*: ein som var ansles enn folk trudde.

Dei vart gode venner på turen. Lauris kunde komma frami lugaren og sitte og prate med Odin lange stundene, når vøre var til det, så dei andre måtte undrast på han; for dem såg han sjelden, utan når dei kom med brennvin om bord. For kvar gongen kom han inn på gamle dagar, og for kvar gongen nemnte han at han skulde gi opp ^[105] sjøen, han vilde bli garbrukar – skulde han kjøpe Vennestad,

tru, eller Håberg? – Du meiner noko av det du seier, hører eg, sa Odin ein kvelden. – Ja, kva da, trur du? – Nei, det veit eg ikkje, og ikkje har eg tenkt å plaga meg med det heller. Gong for gong tok han seg att i at han sat og såg ned på denne skippersjæla, slik ein kan undrast over ein hund med folkevett. Da vart han lei seg og ønska han hadde ikkje vore der ombord: For han var da eit rettelig menneske, denne Lauris'en, og det enda ein som stakk fram millom dei andre. – Og du sitt og grundar over *djupe* ting, ser eg, sa Lauris best det var. Odin kunde ikkje la vera å seie, beint opp i andlete på han: Eg sitt og undrast på det, eg, at folk skal snu kvar sin veg. Og at det skal vera så lett å sjå ned på dem som snur ein annan veg enn ein sjøl. Det sokk litt i dei andre karane, men Lauris nikka berre, at det var vel så ja. Slik var det ofte, at Odin hogg etter Lauris, for å kjenne at han hadde retten sin til å seie det han meinte. Råkte gjorde han ikkje, og det same kunde *det* vera.

Da kunde han etterpå ta seg ein tur på dekke i blåe natta, i staden for å sova. Dei låg fast for svartstilla. Lande stod og sov, austetter, hovud ved hovud og aksel ved aksel. Vestover var det øyar og hav i ei himmelens hildring. Men i nord der låg sol-gloa som ho vaka over eit folklaust land. Såg han sørover, så kom det for han ^[106]like-eins der, audt og daudt all stads. Da var det rart å tenke på kva eit menneske var. Ein uting, kom det for han, ein kravlande og skravlande ting, som skulde hit og dit over all jorda med seg og ufreda si, – med einkvart godt inst inne hoss seg sjøl; og best det var, så sovna dei ifrå det eller døydde ifrå det.

Midt i dei tankane kom gjerne Astri til han. Da kjente han ein forunderlig ting: at han kunde ha sett seg ned og sunge ei vise om henne. Det vermte ein rikdom med vakre ord i han, og ein lengt etter å røre hjarte på folk.

Sistpå fekk dei vestavinds-hampingen og rennande bør. Lossa fekk dei i ein sjau, og da dei strekte segl att, var nordavinden der som han skulde vera tinga. – Det har seg slik med meg, sa Lauris berre. Det lo visst bakom andletsdraga hans, og Odin hardna til i andlete som for eit trugsmål. – Korles likar du Nordland? Lauris såg ut i vêre og spytta. – Veit ikkje, sa Odin og gjekk sin veg. – Veit ikkje, sa han med seg sjøl etterpå. Men no *segler* vi.

Det bar så friskt i veg, det kunde løfte håre på hovude. No la ho kjaken nedtil, gamla; no la ho sjøen i skom etter seg: Villare og villare vart ho, ho rente som ei

hydd gjeit. Odin stod grå og ålvorsam og skreva, han som ein annan gammal sjøkar, men han lo all igjenom. Så, der fekk ho sjøen imot, – det vart anna slag å bite i: rettno kom han som veltande berge, det der var ^[107] no den, og så den, og den! Ho braut seg fram som kvalen, som ein blind og jaga ein. Til slut stod det i frøs og gov alt i hop der dei fór. Ho vart ur lita, sistpå, måtte lea seg fram og finne vegen millom vassberga, der det ingen veg var, berre stup i stup og støyt i støyt, og kvinka og bar seg gjorde ho så ein kunde fryse attmed det. Men Sørøver bar det, herlig sørøver, så lande rann imot dem og kuta framom dem, det var ikkje å tenke på kor ein *var* lenger. Slik bar det i veg, visst, naar lagnaen hadde hand i ein.

Da først kom Odin til å kjenne at der var ein vilje som styrte, og det var Lauris. Han hadde ligge og sove heilt til dei fekk Vestfjorden. Da kom han og løyste av ved rore, og sia slepte han det ikkje før dei tørna for bert ska' vêr sør i Brønnøysund.

Lauris spytta skråa ut i rokke, han møtte Odin i livd for byssa da dei var ferdig.

«Ka du sei da? Du lika sjøn, mein æ?»

«Å ja da.»

«Såg for resten ut som du ha mangt slag i hue. Slik e det med mæ ò. Tenkje på for mangt ja, på *mange* ting, gut! – – vi får hald oss te landjorda vi; og te folkje.»

Odin aksla seg litt for væta og gjekk ifrå han, han vilde ned og legge seg.

Dagen etter sov dei ut, og sia rak dei heimover i spakvêre, kryssa natt og dag, og kom til byen i solrunna ein godvêrsmorgonen.

^[108] Da dei var ferdig om bord og skulde ned og ligge, kom Lauris og spurte Odin om dei ikkje heller skulde ro i land og ha seg eit glas øl. Så treffer vi gamle kjenningar, smilte han. Odin kunde ikkje seie nei. Han stod der tynn og trøytt imot Lauris, og det beit han. Straks dei var på land, sa han: Det her veit eg ikkje om eg gir meg om. Eg har ikkje noko her å gjera. – I lag med denne hekkels jektlyren, sei? Lauris dulta til han og lo. – Ja, just nettopp! lo Odin med. Denne

ålsleipe jektlyren, tenkte han; det er da tusen mil med stengt veg imillom oss. Men med vart han. Dei rak oppgjenom gata og inn ein liten port. – Men var ikkje porten stengt da? undrast Odin. Lauris svara ikkje, han banka på ei dør i bakgaren. – Ja, desse kvinnfolka! sukka han med han stod og venta. Eg plar no elles ikkje vera så snar i Nordland da. Han vart arg og banka hardt: Vil du late opp, di sømnpurke! Endelig spurte eit kvinnfolk-mål¹⁵ kven det var. – Eg, veit eg! – Kven er det? kviskra Odin. – Veikja mi, for fanken. Ho Karen-Anna. No såg Odin eit gardin rørte seg og med det same las han ordet *Systue* på døra breiddmed. Det var sant, han hadde hørt ho skulde vera her.

Odin gjekk sin veg, ut på gata og nedetter. – Karen-Anna, sa han ein to tre gonger.

Sola rann over fjorden, og små sølvgårer av morgonvind drog seg utetter, her og kvar på den svarte botnlause speielen, solgulle til møtes. Da [109] brusar det fram ein stor dampar om odden, med kvite skomskavlen til munnskjegg. Han bles frå seg ein lang vaken tone, som rullar frå haug til fjell innetter, og tek svingen inn mot brygga. Det er alt nokre folk dernede, og ein to-tre kjem springande framom Odin med kofferten eller vadsekken i handa, ein sømn-ørig hotellgut kjem etter med kjerra. Odin gir seg tida; det var så velkomme dette her.

Da snakkar det tett bakom han, orda tek eit rått og nærgåande tak i han: Ventar du kjent folk, kanskje? Det var Lauris som kom. Ja ha, no skal vi sjå, kor her ser ut i farvatne, san. Og er du odelsmannen på Håberg, så jumpar du om bord og riv i ei flaske sterkt no, eg vart så tørst da eg hørte dampen bles. – Odelsmann eg? – Nei nei, vi kan spleise, veit du, ja på flaska, meinte eg; vi to råskinna utant Kjelvika og dei kantane. Hm? – Odin smilte berre. – Det bit ingen ting på deg, sukka Lauris.

Det var ikkje stor fjølliden som kom i land. Eit turistlag som hadde hestar ståande og vente på seg, ein to-tre handelsreisande med pargasen sin, og nokre kallar og kjerringar med laup eller skrin. Sist kom det ei høgvori dame åleine. Ho var svartklædd frå topp til tå, og hadde svart slør for andlete. – Nei men no *trur* eg –! seier Lauris og er bortmed henne i det same. Nei goddag, goddag, Astri! Ja, du kjenner da att meg?

Det *var* Astri. Ho fekk auga på Odin, han [110] stod der i fartyklæane: Men er du her da? – Ja, og du med. Kjem du no først da? – Ja, eg skreiv da heim? – Eg har vore borte eg, eg er fartykar, som du ser, vi kom no i sta her, nordant. Berre slumpen at eg var på land og kom raklande hit ned.

Ho såg opp og ned over han. Da først fekk han tak i andlete hennar. Ho var nattvakande å sjå til over auga, dei klipte så stort og grått, og bleik var ho så han syntes andlete bevra kvitt imot det svarte. Ho spurte om der gjekk båt utover snart. Lauris svara at det vart nokre timar å vente.

Han står og ser på henne, og ho freistar å sjå vekk og likar seg ikkje. Så går dei oppover. Odin har teke kofferten hennar. Morgonstilla har falle over byen att, ein kan mest høre ho syng i gata. Luftdrage står ned frå lande ovanfor og kjennes friskt som blanke vatne; det minner om grasvoll og skog.

Odin spring opp og tingar Astri rom på hotelle der handelskarane tok inn. – Men eg vil ikkje legge meg, seier ho, eg får ikkje sova kor som er. Kan vi ikkje heller gå ein tur nokonstads du og eg? Lauris helsar og går.

Dei driv utetter vegen, framom små blide hus som ligg og søv i sola, millom jorder og tre som blinkar i dogga. Det perlar og skin i strå og blad. Kvite, stille vatr-skyer ligg over dem, uendes høgt oppe, og millom dem skin himmelbotnen [111] fram, han er hjartelig så blå. Framfor dem blinkar elva, som går fjorden til møtes her.

«E det du det her da?» seier Odin.

«Både ja og nei.»

Dei stod ei stund på ein bakke; så snudde dei og gjekk ned på kirkegaren, gjekk att og fram under trea og såg på gravskriftene, og sette seg på ein benk. – Nei, han Arne skulde ikkje ligge her, sa ho. – At du vinn å nemne han, sa Odin stilt. – Ja, eg undres sjøl òg. Men eg vinn mangt. Utrulig, legg ho til. Ho spør kor det står til på Håberg, og sia vil ho vita korles han har havt det paa seglturen. – Jau, berre storveges; det er mest som eg har drømt det. Det gjorde så godt å få segle seg litegrand. Sjøen og eg, veit du, – og jekta ho er eit oppriktig farty, som han Lauris seier. Men Nordland var meg for sterkt. Dei var ikkje å få bukt med, denne gongen. Og somtid stemte det meg for bringa reint, når det var ei still

stund, eg syntes det var noko utrulig som vilde ha tak i meg, som vilde hende meg; det trua meg som ein lågna mest, eg skjønner det ikkje.

Elles vart det mest om Lauris han fortalte. Det var godt å ha han å snakke om. – Det er meg ein konstig skruv. Ein allvitande smådevel, han seier meg alt eg tenker. Og ein helt på sjøen! – At du kan stå han ut! undrast ho. – Det er just det ja. Kjem for meg av og til, at han er det eg kunde ha vore. Eg ber han i meg, å kalle; eg kunde godt bli som han. Han og eg, det vart ^[112] jamt eit menneske. Midt i verste uvêre stod han og heldt auga med meg, stod og *kunde* meg, det er det som bit meg. Vond, seier du? Nei, han er ikkje det heller. Han er det visst ikkje nei. Eg har tenkt litt på kva det er å vera vond; eg har tenkt mykje på folk i det siste. Somme gongene har det komme for meg, at berre eg lærer han å kjenne, så kjenner eg *folke* – – dei på Håberg har aldri visst om folk i kring seg, trur du det?

Astri var alt i andre tankar, og Odin tagde ei lita stund. – Eg vilde lære å kjenne dem, sa han lågt. Eg hører dem til. Men no skal du inn og legge deg, ser eg. – Nei da! ho rista på hovude. Så ser ho opp på han, gjennom ein gråe av mange utvakte nætter liksom, men med den gamle uredde blunken i auga:

«Sei mæ det, Odin: Va det synd at æ gjord det forbi millom oss? Rømt du Håberg og a farmor for den skyld? For da ska æ reis igjen, æ høyri visst ikkj te der, kor som e.»

«Det gjekk som det skuld. Æ va ikkj den rett – – æ høvd ikkj der.» Det kom ei skjelving over han, og gjennom lufta og gjennom lauve rann same varme andedrage: det som hadde vore. «Det var rart å miss dæ, men.»

Ho reiste seg og gjekk fram imot lee, han etter med auga på ryggen hennar, for den var like ung enda.

«At det ikkj skjer det som *ska* skje!» Han braut kvisten av eit tre over seg.

^[113] «*Det* skjer,» hørte han ho mumla.

Men frampå vegen snudde ho seg imot han att. Da ho var lys i andlete og let auga kvile på han: – Sei meg kva du skal bli. For ålvor? For det synes eg eg har rett til å spørre deg om, like vel. – Eg skal bli diktar! lo han. – Diktar? Kan du ikkje snakke ålvorlig da! *Diktar*? – Ja gut, ein stor ein! Nei, eg skal ikkje sette i

hop noko bok ikkje, for det første da. Ikkje laga viser og dikt heller, det held eg for skam, – eg laga mange på turen nordover, men. – Kva om da? – Nå, det var no om – – nei, det får vera det same. Men eg har tenkt ut noko rart. Eg skal ta folk og syne dem fram. Eg likar folk, eg. Syne dem fram, ser du. – Skuespell, altså. – Javel, dei kallar det så ja. Eg var flittig i veg og såg på dem, da eg budde i Trondheim den vinteren. Men eg skal ikkje laga noko skval om at *elsker du mig* og at *skjæbnen skiller oss*, det står det nok tå i bøkene, og desutan skulde eg vera ferdig med det no. Eg vil syne fram folke som kjem stomlande hit gjennom gammaltida og mørkre og har berre svartmakta rundan ikring seg. Eg vil syne fram han som tok tak med Satan, og vann, for han er den største. Vann ja, så dei torde ande og le som dei lysta, det var ein stor dag, det vara i hundretals år kanskje. Å, gut, eg ser dem, dei kjem heile hopen, dei renger av seg mørkre og maktene og rusar blindt fram i lyse og blir ståande og glåme, ser mest ikkje det slag. [114] Eg synes eg er midt i lag med dem, at eg har gjort ferda med dem, i blinda all vegen! Eg vil vise dykk den gongen da dei vart vår kvarandre. Og så den gongen da ein eller annan blir vår seg sjøl. Og til slut skal de få sjå striden, den *store* striden, naar dei er alle imot ein og ein imot alle. Han som tapar all ting og enda vinn. Og mangt anna.

Astri stod og drog ikkje anda. For slik hadde ho sett han nokon gong før, det hadde lyst slik imot henne andlete hans, så blankøygd og lukkelig som barne sitt, – det var lenge no sia. – Ser du det der da? – Ja? det gjer eg da vel? Somtid så. Eg ser det så det syg i meg, så eg syp etter anda: fram og alltid fram! i lukka og til avgrunns, – og med kvart ser eg einkvan som blir berga. Eg ser live skiftar lettene fort vekk! Og så alle hendingane som levnar til og bygg seg opp – det skal bli eit konstig spell!

Var det no det da? spurte ho. At han levde han som – var åleine imot dem? – Ja da. Javisst! No ja? og rundt i kring oss, det er ein vålig dans. Eller kanskje det er i vente berre.

«Og det der forteld du mæ ikkj, Odin?»

«Nei, æ gjord ikkj det. Trur knaft æ visst det før.»

Astri let auga gå ifrå han; dei drog vidt utover. Ho klipte med dem som Åsel,

syntes han.

«Det va derfor, kanskji – – at det gjekk som det gjord?» sa ho, stilt og forundra.

[115] «Men somtid så rinn det berre som ein song igjenom mæ. Æ får no sjå, og kjenn – –»

Dei rusla nedover til byen att. Byen tok til å vakne no. Det såg ut som fjordblenken skar han i auga. – Men visst det blir så at *dei* giftar seg, da skal du lova meg at du kjem til brylloppe, ikkje sant? For *da* kan vi vera som søsken, du og eg. Ikkje sant? Kwart orde ho sa, strauk som ei hand over kroppen hans, innpå nakne holde. Ho var Astri enda, og no snakka ho til han.

«E det ondt for dæ å vara i lag med mæ, kanskji?» spurte ho, da litt hadde vore.

«Nå nei da. Ikkj noko større nei.»

IV.

Båten kom til Segelsund i sekstida om kvelden. Åsel sat inne hoss fru Mina og venta, da Astri kom. Ho sat bortmed vestre vindauge, så sola flømde inn over henne attanfrå, men andlete vart i skuggen, det var så vidt auga var å finne. – Ho vann seg ikkje nedpå brygga ein gong, tenkte Astri, – da er ho bra redd. Men ho heldt berre handa hennar litt lenge, og fór over andlete hennar som all snarast: ho fekk vera velkommen att!

No snudde Astri seg til Mina og helsa. Andlete til Mina var ungt og friskt som det hadde vore, men det var eit frammandt andlet, det såg Astri straks. Dei helsa kaldt på einannan, og [116] Astri snudde seg til farmora att og prøvde å smile som dei hadde snakkast ved i gaar. – Jaså, ban, så har vi deg her igjen da, sa Åsel.

Jaha, no var ho her, og no fekk dei kanskje kjøre? Det skal bli arti å komma heim til Håberg like vel. – Like vel? undrast Åsel. Astri smilte rolig og vilde seie einkvart, var enda på veg og vilde sette seg attmed henne, men i det same kom morbror Ola inn. Tjukk, og rund, og skinande kvit i skallen, og auga var som to smale strek i andlete; dei tok liksom rundt i romme og fanga inn dei tre, tok og

heldt dem framfor seg for moro skyld, – så heldt dei Astri åleine. Det var merkelig til lys i dem, syntes ho, eit slag godslig vondskap som det var trøyheit å møtast med. Dei minte henne om live og det som langt unna var, dei flytta henne midt inn i det att. Elles var det ein draum alt i hop her, sola der ute og farmor her inne og same kva auga fall på.

«Ja du Astri, du Astri!» småflirte han. «Du e no rugjen du!» Han sukka overgitt, og seig ned i stolen.

Da kom måle til Mina, det skar bitande og visshendt gjennom stua og all gjennom ein:

«Død'n sali da, trur du?»

«Han Arne?» spurte Astri. «Ja det gjord 'n,» ho møtte auga hennar, og såg bort att, like sæl.

«Hva sa 'n da?»

Astri fór over henne med auga att, ein blunk, [117] og snudde seg til Åsel: Kor det står til heime? – Å jau takk!

Men no hadde Mina teke til å snakke. Ho snakka om Guds vegar, dei var uransakelige, og så var det døden som ventar oss, og deretter dommen. Astri stod still som ho hørte på det; det var ei lang lekse. Måle var ikkje Mina sitt, og slett ikkje det ho sa, det var eit nytt menneske, ei merkelig ei, og rettno bar det visst i gråten med henne. – Da går eg ut, tenkte Astri, eg vil ikkje sjå det. Men orda døden og dommen nikka ho til. – Og du sjøl, Astri, korles er det med deg? Har du tenkt på det? Astri ser halvt forfæld på henne: Kva er det du spør om? – Om du ser kva veg du vandrar på, spør eg? – Å det! Det lettna over andlete hennar, ho klipte ungt med auga: Ja, og enn du da?

Ola fekk ein søkk i magen av berre lått, og Astri angra ho hadde sagt det.

I det same kom tausa inn med kaffeen, og Mina stod midt på golve og folna bort; det sat berre litt glo att i kinna. Auga storkna til som vass-speielen når vinden gråer over han. – No trur eg jameim eg vil ha kaffe lel, sa Astri. Åsel lysna opp ved det. Ho hadde sitte still liksom ho aldri fanns der. Dei sette seg framåt alle fire.

Men best det er, reiser Astri seg, ho har tårane i auga og ser på farmora: Nei, eg kan ikkje,^[118] eg må ut heller! Når eg berre kom meg heim til Håberg så – –

Åsel vart kritbleik. Men da Astri var ut gjennom døra, snudde Mina seg til hennar og sa: At de let henne reise i veg slik! Let ungen gjera det ho berre finn på, eig de ikkje *andsvar* da, folk?

Åsel kremtar litegrand, og Mina tek i att: De har andsvar for Gud om ikkje anna! – Ja, svarar Åsel stilt. Hans vilje skjer, får vi tru. Mina var logande raud og fekk ei grop ved munnvika. – Berre undskyldning! bles ho. Og desutan så veit de ikkje korles det her går enno, på det eine eller det andre vise, ho kan vera både smitta og sjuk alt, og kva sette ho av ut for? Og slik ei *skam*!

Da humra Ola med hendene over magen:

«*Bort verden av mitt sind og øie!*»

Men Åsel strauk lint over det, med ein sukk ned imot borde: Å ja ja san! Vondt er det, visst ein har barn, og vondt er det når ein ingen har. Men Guds vilje skjer, det er no mi tru. Det kallar eg å tru. Nei, eg lever ikkje etter det, all tida, gu be're, eg er ikkje slik. Men eg prøver. Ja, takk for kaffeen da!

Astri hadde stått og sett ned på fjorden. Det var havgula utafor, men hit inn i fjorden nådde ho berre med nokre små gjeisp; og tenna ho flagra hit og dit, opp og ned, ein rådlaus fugl både i vengslaga og måle. Det var ikkje sommaren utan henne, men ho song han full av uro. Og ^[119]inne sat dei i same uroa. Tri! tri! kunde dei gjerne ha sagt, liksom tenna; for dommen sin vilde dei unna, og aldri visste dei kor dei hadde han. Ho kunde ha ledd der ho stod: «Tri, tri, tri egg!»

Det gjekk smått og lognt gjennom marka og heimover til Håberg. Astri vilde gjerne ha snakka med farmor, men enno var det bra langt over til henne. Før var det inga sak: da var ho berre barne for henne, kunde snakke om alt ho vilde. Da bynte Åsel på. – Her har vore slik ei vekking no eit tak att. Dei har omvendt seg stokk og dør, trur eg. Og det må dei gjerne for meg. *Finn* dei trøst i det, så trengs det sagt. Og ho Mina, stakar, ho er den heitaste tå dei alle, – ja, det hørte du visst. – Ja, eg såg det straks eg kom inn. Det var ikkje henne, – ho kunde brenne ein med dei auga; og slikt eit rart sug kring munnen, det var lukka midt i blodige ulukka. Eg såg det, og så glømte eg det med det same. Ho gav meg berre ytterste

fingeruppene! no hugser eg det. Astri lo. – Du skulde visst ikkje le til det. – Nei men, eg gjer det lel. Eg ler for resten til noko vas han Odin fór med, eg snakka med han i byen. At det har vore nokon, ein gong, som tok redsla frå folk; så dei torde puste, sa han. Det skulde hjelpe bra. Dei er redde, og blir redde. Når dei vil rømme *unna*.

Åsel sukka eit par gonger. – Men ho Mina, eg synes eg er i hennar stad. Mannen hennar ein liten tusling berre, og ikkje den rette eingong, og [120] hjarte i henne så stort og stolt; og synda etter henne og vil dra henne ned, dit ho ikkje vil, og makta minkar. Kor skal ein så henn? Nei, eg seier ikkje noko om det. Ho rasar imot alle. For ho rasar imot seg sjøl. Imot hjarte sitt, eller kva eg skal kalle det. Ja, og så berre motgangen på alle leier, ho er utslitt, såla. Eg er redd det lid til auksjons der i gåren snart. Og kva seier du om det, Astri? – Eg? – Ja. Du og eg. Han far din vilde hjelpe dem ein gong. Men han kom ikkje i veg med det. Dei fekk hjelp av ein slektning i staden; dei har fått mykje hjelp av han, desverre. Han eig dem tvert igjennom; han syg dem ut. Var ikkje denne krambukaren der, så var det slutt og stengt for lenge sia. Han far din vilde, som sagt, – men.

Ein lett liten raud-dåm rann opp i vangane på Astri.

«Du veit æ vil det.»

Ja ja, sa Åsel. Dei fekk sjå i det Ho såg vel ikkje likt til han Odin i byen? han skulde snart vera der no? – Jau da; eg såg da han. Den første eg såg. Eg snakka med han, som eg sa her i sta.

Åsel sa ikkje meir. Dei kjørte gåande eit langt stykke, enda det bar *unna*. Bjørkskog og granskog fór dei gjennom, og dalsik og myrmo. Kveldsola skjein over tretoppene. Berg og blåe lufta. Og stillare og stillare vart det. – Det ringer som ei stor klokke, tenkte Astri; dette held [121] eg ikkje ut. At ho ikkje seier orde meir da! Da mannar ho seg opp og syner hesten svepa: «Jau da, han Odin treft æ. Og enno e det ikkj umuli. Enno kan det bli han og æ.»

«Ja, sei du det, Astri?» Astri ler ein liten trill og ser ut i vere, ho har vorte glo raud: «Det e ikkj nokon ting umuli, sei æ. Vi ska ikkj slepp trua. For – – det e ikkj slik med mæ – – som a Mina trudd. Det va berre så rart for mæ å setti i lag med folk igjen, æ mått ut.»

Åsel såg opp på henne, så ho kvakk for auga hennar; for slik på lag måtte den sjå ut som hadde angsten og gleda som to sverd igjennom seg. Ansles kunde ikkje ho farmor bli glad. Og endelig ein gong var dei på Håberg. Astri tok omkring mora og gret. «Det va no ikkj for-tili!» sa Åsel. Men da var det ikkje stort att av Astri for det første, tvila ho for.

– – – Ein otte-dags tid etter spurte Andrea, kva Astri sa til at no skulde *ho* gifte seg. Astri vart forunderlig heitt oppi det. – Det er da det eg har villa all tida eg mor! Du kan da vel høre ein gong!

SEGLAREN

I.

Odin slo seg med Lauris att, han skulde nordover og kjøpe sild. Det var andre åre Lauris skulde vera sildkjøpar. Pengar fekk han låne med han vilde, på eitt eller anna vise, og ein stor galeas fekk han leigd. Odin stod og skulde seie nei først, da Lauris snakka til han, han hadde alt hørt seg for hoss ein annan skipper. Men lysten stakk opp i han som ein tagg, og så hadde han svara ja utan å tenke seg om. For visst Lauris vilde ha han med, kvifor skulde han da rømme unna for han?

Dei for nordover først, med segl og med slæp, og kom opp i silda som første kjøpar, kjøpte full last med ein gong og sendte han med dampskip sørover. Andre som gjorde det same, tente grovt på det, hørte Odin. Så rak dei søretter leia att, låg og smått kjøpte og smått venta. Lauris sa sjelden eit ord til mannskape i denne tida. Endelig vart det gjort eit steng sørmed Namdalskantane. Lauris venta, og andre kjøpte. Steng for steng vart gjort, og da prisen var nedi ein tre-

fire kroner måle, kjøpte Lauris last att. Den [123] skulde dei segle inn til Trondheim med. Vêre var bågt, og dei var liggande i Skarsvågen, eit stykke utafor Håberg.

Odin var både ør og vill etter sildverkingssjauen. – Kva fanken ligg vi her for? sa han til skipperen, eit par gonger. – For motvind, trur eg, gjeispa Lauris. Kva er det som riv deg no da? la han til. – Eg var ikkje eit *menneske*, visst eg kunde ligge her. – Sjømannen skal ikkje vera noko menneske, som du kallar det. – Tvi deg og alt ditt, no veit du det! Eg ønskar to ting i breidd, her eg staar. At eg var på land att og var eit menneske, og at vi seglde no på timen og kom opp i full sjau, så heile dekke var stuva fullt av verkar-kvinnfolk og kva sytten du vil. Men du, sjå, du veit ikkje om anna enn å tene peng du. – Ja, det er no så, men. Eg skal vel lære.

Ein dagen var Lauris i land og telefonerte til byen. Han kom att med telefonbud fra Håberg til Odin, at dei vilde snakke med han. – Håberg? sa Odin; han såg misnøgd ut. Men han rodde i land og ringte opp.

Det var Andrea han råkete, og ho sa det var just ho som vilde ha tak i han. Ho bad han til bryllopps, til sundagen kommande. – Ja du seier ikkje nei, veit eg? Måle kom tett inn i øyra på han. – Nei, han skulde komma. – Det er visst, det da? – «Obetinget!» lo han. «Amen!» la han til da han hengte opp tuten.

[124] Da Odin fortalte det til Lauris og snakka om å leie mann for seg om bord, rista Lauris på hovude: Han vilde ikkje ha fjellfinn på dekke. Nei! han rista på hovude ein gong til: Nei men no skal eg seie deg noko: Vi blir liggande her over helga, vi let sildprisane gro sørafor, og så blir eg med i brylloppe eg òg! – Høy san! – Ja, eg trenger meg inn i Guds-rike med makt, eg er tå dem. Og riv det til meg ja. Men eg skal ikkje eta av agne for deg. Eg har sjøleigandes gjente gåande på gras i bygda, på Vennestad. Ho Kristine, du kjenner da henne? – Var det ikkje du som hadde ei i byen da? – Forstår seg. Ei i byen òg ja – kvinnfolka er så naske etter meg, eg nyt meg ikkje for dem; dei ser det utapå meg, at eg er ein fåne og ein godfjott i den vegen. Men, som sagt – –

Dei stod framved spelle og snakka om dette, midt i vestavinden og regne. Det maura ei uro gjennom Odin, og han syntes dagen sette opp eit hardt andlet imot

han. Vêre gjorde godt, ein skulde ha vore gjennomblaut til skinne. No stod Lauris og såg på han frå sida. – Det er det, Odin, og det veit du før, at eg vil bli ein stor mann i bygda. Det er det som er *mi* sott. Døy på sjøen det er glupt det òg, eg seier ikkje anna, men på landjorda, som ein far i bygda, det er no basen da, etter min smak. Og ho Kristine blir ei staskjerring på ein gar; ho kan bli ordførarkjerring så fint som dertil. Odin: No smett vi ^[125] ned i beinhuse hoss meg og tek oss ein stivert – *er* du min venn eller er du det ikkje? Eg har fint brennvin når eg vil ut med det, anna slag, skal du kjenne, enn det fotvatne eg skjenkte nothundane og sildverkarførkjene, – kom no!

Odin slong med atterover og ned, brunraud i andlete av vêre og saltvatne. – Har du lagt merke til ein liten ting? spurte Lauris, dei hadde såvidt spretta drammen sin. At eg aldri klip borti nokon tå verkar-gjentene? – Det skil vei ikkje meg? – Du skal ikkje vera så kvass-tennt imot ein komling som eg. Om det ikkje skil deg, så kan du no minnast det, til så lenge. Aldri! hugs på det, Odin. Det kan du vitne for meg. Odin sat der så lenge Lauris vilde. Det tok litt tid før han fekk snudd rette sida til; sia var det trøyheit.

Næste dag sprang vêre om, gjekk til nords og vart finaste børen, og dagen etter slikt slag, det kjentes som han vilde suge dem med seg. Odin stod og såg i vêre alt i eitt. – Skal vi ikkje segle lel? sa han til skipperen. – Gu om vi gjer nei! Odin gjekk og dreiv paa dekke, og nordvesten friska og bles, han blistra og gol for dem og vilde ha dem laus. Små elingar gneiste om andlete og rente sin veg innover land; båra skvalpa kring fartye, kviskra og smått snakka med det, ein skulde visst høre på henne.

Men Lauris stod med hendene i lomma og likte seg. – Dei *er* bedt til bryllopps, dei på Vennestad, ^[126] hørte eg. Og ein skipper er alltid velkommen i lage, prat ikke tull åt meg! Eg gled meg som kua på kløverhåa.

Odin rodde i land laurdagsmorgonen og tok vegen fatt. Likaste klæane sine hadde han heime hoss faren, og utan skikkelige klæda synte han seg aldri med kirka. Faren var heime da han kom, og dei vart der om natta, men sundags morgonen gjekk dei til Håberg, for det skulde vera frukost i bryllopgaren, etter skikken. Han såg faren var lite huga på å snakke, og sjøl var han lei for at han hadde komme. For når det var slik ei lys og still høgtid over ein, da skulde han

vera åleine.

Det stod ein stri blank nordvest imot dem da dei gjekk. Store lyslette skyflokkar seglde høgt oppe, og nedpå jorda rann vindflaga etter vindflaga som ålen, i myrgras og lyng og lauvskog. Lenger unna sågs gule åkrar som båra og båra; og over skogtoppane, når dei svaga til sides, såg dei alt flagde på Håberg, det vifta og slo over huse, det var tonande raudt mot det gråe fjelle. – Og dette her er eg! seier Otte best han går. – Ja, vi flyttar no til byen ja, sa han litt etter. – Ja, gjer de det? – Det blir til det. Eg var på Håberg både i sommar og i haust. Eg er ikkje mann for det. – Nei, det er no ein strivoren gar da. – Det er ikkje det. Men eg er for feig. Vi er for feige alle i hop no for tida, eg kan ikkje seie det ansles. For *skulde* ein vera ^[127] bonde, og vera på Håberg, så måtte ein – – omvende seg. Ein måtte langt att i tida – du skjønner kva eg meiner? – Eg trur rett eg gjer det òg. Men eg veit ikkje så visst – – ein kunde vel flytte seg framover, like snart? Bli bonde av eit nytt slag, tenkte eg?

Odin var glad for dei hadde litt å snakke om på vegen. Dei snakka heile tida og vart ikkje einig.

Det var ikkje noko stort bryllopp, og ikkje brennvin og ikkje dans.

Odin lettna over bringa da det var overstått i kirka. Han hadde sett dei to stå der oppved altere, så langt unna, to små menneske som dei vigde i hop. Han såg andleta deira da dei kom nedover att, dei var bleike og livlause; og folk seig fram til dem nedmed døra og tok dem i hand. Og han med. Astri såg opp på han som snarast. Det låg ei skodd som av sår skam over auga hennar, så uredde dei var, og i kinna brann det som dei skulde ha slått henne. Han smilte til henne, eller han trudde han gjorde det. «Hvad Gud har sammenføiet!» kviskra han tett bak henne da dei gjekk ut. Han tyktest sjå ho vart bleikare for det.

Da såg han Lauris millom dei andre, i fine blå klæda, han lo seg inn på brurfolke og sa einkvart løglig til dem, bad seg visst med sjøl så frimodig det kunde gjerast. Og no helsar han på Astri. Ho ser han ikkje, rettar berre fram ei ^[128] lita svart hanskehand. Og så var han bortmed Kristine. Ho var fin i dag, kvitklædd frå øvst til nedst, ho var brurpике! Ho var kvit alt med seg, og vart raud først Lauris såg på henne. Da først ansa Odin på at Astri var svartklædd, i sorg.

Dei stod i stimen nedmed døra og skulde til bords. Da var Astri tett attmed han, og vart skumpa og klemt enda nærmare. Ho viste med hovude attover og til side, og der stod Lauris. – At du bad med deg han der da! – Han er skipperen min, smilte han. Og stautare kar enn du trur. – Skal ikkje stort til det. – Og bryllopp vart her, sa vi, – han såg heil lystig på henne.

Da vart ho eit aug'grand kvitare enda. Men auga tok rolig imot hans, djupgrå, og seine i blunken. – Eg talte dem til det, sa ho. Eg talte dem til det! – Ja visst. Eg hører det, men.

Folk stima og ståka i kring dem, for alle skulde til bords, og ingen vilde i veg først, enda Ola Håberg var over dem og både lokka dem og hånte dem. Odin og Astri stod liksom dei var to-eina i tettaste skogen. – Skulde eg ikkje det da, Odin? sa ho, og no var ho mjukare i maale. Du kan vel svara meg, Odin?

Odin visste ikkje at han var likså avletta som henne, enda så vêrbaren han var. Han stod og såg på ringen hennar; det var ikkje lite gull i den. – Du gjorde visst rett, svara han. – Og no reiser eg til Amerika. – Visst ikkje eg kjem deg i forhanda ja, sa han; han vilde ha [129] komme seg vekk no, og det same vilde Astri. Men dei vart skubba innåt einannan på nytt, det var einkvan som braut seg veg fram om dem; ho klemtes hardt oppetter han. Da for det ein villstyren heite gjennom han, og for auga stod det som eit slør, det var armelig han såg henne:

«Kannⁿ⁶ hend vi reisi bå to!»

Ho hadde sett ned før orda kom; hovude lutte for hogge. Ho sa ikkje noko meir. Han snudde seg vekk. Han meinte han hadde selt tårane hoss henne, så vidt, og det kjente han ho tålte ikkje. Litt etter vart det rommare, folk hadde teke til og sessa seg om borde. Astri kom inn-millom to tre kjerringar og vart borte. Det skulde vera berre eitt bordsett, så det var best å komma seg framåt.

I kveldinga var brurfolka og ungdommen ute og gjekk ein tur. Vinden hadde spakna. Berre ein og annan gusten kom og slo ned kring dem, i kjæta.

Lauris gjekk med ei gjente på kvar side, arm i arm. Det fall på han å halde liv i lage. Han fekk dem enda til å synge. Odin manna seg opp og slo seg med, både i songen og snakke. Særlig var det mange han skulde ha snakka med, no når han endelig ein gong nådde i dem, han måtte ha vore borte ein levealder så lenge. –

Her er jamenn du òg! sa han med den eine, – her er visst du òg! til den andre; – vi er her snart alle i hop. Ein kan gå på gras her, det er [130] midt i bygda; levande folk alt i hop. Kor eg har halde til? Har eg vore folkstyggjen, seier du? Eg som tykkjer at folk er det likaste eg har omkring meg!

Men før ein vardest, slo vinden ned i ospelauve eller båra gjennom åkeren, eit farande pust i halvmørkre: det som hadde vore og aldri kom att. Etter kvart tok det skapna og vart til Håberg, som låg og var til omkring dem, og best det var, såg han andlete til Astri, det lyste imot han i same tunge kjensla; auga hennar leita over til han som dei var i nød, kvar gong kviskringa steig og rann bort att over jordene.

Da var Lauris der. Det kom som blanke blåsande dagen, måle hans: Nei men lat oss komma i hug det er bryllopp, like vel! Lat oss riste pelsen og vera *lite grand* glade eller likeglade, ikkje sant, folk? Han Odin, med han er det eit anna mål; gammal og stadig har han vorte, og så skal han tenke, støtt – – at eg ikkje hadde eit positiv!

Odin såg korleis Astri la øre til det måle, uviljande, det skymta ei undring over augelokka hennar. – Gå og tenke skulde hunden gjera! heldt han ved, utan å sjå på Astri, men det var til henne lel. Det får eg nok av når eg ligg ute: når eg er to-eina med sjøen; når eg må gå over syndregistre mitt ein gong imillom. – Syndregistre? det var lite om å gjera at ikkje Astri lo. – Ja, gu' nå' meg så sant, eg får kalle det [131] slik. Eg vil ikkje skyte skylda over på andre; ikkje når eg er åleine da; lat meg heller svie for heile trøyheita. – Men trøyheit *var* det? ho snudde seg til ei av dei andre gjentene og gav seg i snakk med henne.

Lauris heldt seg i høgde med dem, og i heimvegen bad han Astri og Kristine og ei gjente til, at dei måtte komma om bord i galeasen og sjå korles dei hadde det der. Så skulde han segle dem rundt til Håberg-vågen og få dem vel i land att. – Vi ser ikkje anna enn sildverkarførkje om bord, det kunde vera konsti å sjå gjenter òg ein gong. De skal ikkje misakte seglaren; han er ein skarv; men han er å likne med eit menneske, i mange ting. Og seglarar er vi alle, på livsens hav.

Orda kom ansles enn nokon hadde venta dem, frå ein annan Lauris enn dei hadde visst om, ein med eit sår innvendig som galenskapen skulde løyne. – Slik

skal ein snakke til kvinnfolka, sa Odin med kammeraten sin. Og Astri var den første som lovte å komma.

Om kvelden, da gjestene hadde fare, stod Odin ute i mørkre. Han vilde gå det i møte, einkvart som var der ute, det var likare slik. Han stod der lenge. Da såg han det stod nokon på kjøkenrammen, og visste i det same det var Astri. Han gjekk bort til henne. – Hadde ho stått der lenge? – Eg har stått her like lenge eg som du. – Eg synes eg har stått ute her all mi tid, ^[132] eg, i kveld etter kveld, og der har stjerna stått over take og blunka, slik stor og kvitblå i skine, og der aust over skare stod *den*. Og slik snakka skjerlyden til meg utafrå; og slik har husa stått omkring meg. Det har vore godt å stå her. Men no snudde eg meg just ifrå det og skulde til å gå min veg. – Det gjer du rett i, Odin! sa ho.

Da seier Odin ut i vøre, det høres ikkje som det er henne han snakkar med:

«Det va gæli, gæli! At det gjekk som det gjord – det skuld ikkj ha skjedd!»

Da han snudde seg, var Astri borte. Han hørte ho leita seg opp troppa og inn på lofte. Han ropte godnatt etter henne, og gav seg i vegen, han skulde til heimen åt faren og skifte klæda.

Dagen etter kom verkelig gjentene om bord. Lauris sjøl stod ved rekka og hjelpte dei opp. Han bad dem ned i kahytta med det same, dei skulde sjaa hie hans; der budde han og bestmannen, han Bertinus. Gjentene lét over seg kor fint der var, enn der var blåmåla og steilt som i eit hus da, og så *reint*? Det var anna slag å vera fartykar enn dei hadde trudd. Skjenk måtte dei ha enten dei grein eller naus, og om det så var Astri så måtte ho le, for Lauris var så truverdig og brydd, han visste ikkje korles han skulde gjera det på det likaste: *skulde* det ikkje vera salvet på brette da? og kva skulde dei drikke kaffe utor, dei som var kvinnfolk og frammandfolk om bord? ^[133] Han såg oppråd frå den eine til den andre, så glad for at dei kom likevel – kunde dei ikkje hjelpe han og seie eit ord om korles det skulde vera! Ja ja, de får le åt meg da, inga råd med det, san.

Odin stod vantruen og såg og hørte på. Merka dei ingen ting? Men han gledde seg attåt. Han drakk ein dram, og så måtte han opp, dei heldt alt på og strekte segl. Så letta dei anker, og Bertinius rugga attover og tok rore. Galeasen fekk vindtyngda og la seg på godsida, med ein lat liten sukk, og gav seg på rake. Dei

måtte slå eit par slag før dei gjekk fri Leinlandsoddane. Vinden var beint vesta, og ein høvelig kryssargræe.

Først da dei rømte i skjøta og stod innerter, kom Lauris opp, og gjentene etter han. Han stod med hendene i lomma, såg til vers som snarast etter storsegl og mesan, sa eit par ord med bestmannen og lest elles ikkje som han hadde det grand med dette her.

Kristine lyste stor og kvit om bord, med ein rik liten glans i auga når ho såg på skute og skipper. Slik ein ørande fin raudlett hadde Odm sett i mjølk nokon gong. Astri stod og såg på sjøen. Ho hadde knept kåpa tett oppunder haka og såg bleik ut, forunderlig fin breiddmed dei andre. Andlete hennar var både trøytt og tynnt, og kvart drage stod der bert og reint; og auga hadde det same ved seg, fortalte kven ho var ^[134] utan å blunke. Lauris kom og stod i nærheita med henne, oppved luv rekke. Han stod der berre, sa ikkje noko. Men så snur han seg med ein lystig sving og knippar i fingrane, blistrar og ser på henne skinande sterk i auga: Stakars kvinnfolka, seier eg! Som skal sitte heime støtt, i stua og stilla, når vi gælningane spiler vengen og stryk vår veg. Var det enda ein som kunde spelle opp ein rettelig slått i bygda! Som kunde blåse liv i fjørdungen! Det blir ikkje før eg kjem, det – –. Men enda er de lukkeligare enn seglaren! la han til.

Astri kvakk som han hadde stukke henne med syl. Ho såg på han, kunde liksom ikkje få til kven han var. – Så? sa ho. Men Lauris tagde. Stod enda litt; så la han hendene på ryggen og gjekk.

Det sat ei lita undring i auga hennar enno, da ho snudde seg til Odin. Ho kom og stod attmed han. – Når kjem du heim da? spurte ho. – Heim? smilte han. – I jula? – Eg trur det mest ja.

Da såg han det i ein blink for seg: I gårkveld da ho stod utpå kjøkenrammen, da skulde han ha gjort slik, han skulde ha breidd armene vidt ut til henne, det var den tingen som skulde ha skjedd, så hadde ho falle beint inn til han og vorte verande der; ho stod og trong det så vel. Han hadde visst det da òg. I staden sa han einkvart som gjorde henne vondt, han kjente no kor ^[135] fattig ho var da ho gjekk og la seg, ei enke berre. Han kjente det som svepedrage over andlete, og slo neven tungt i naglebenken. – Ja, eg kjem heim til jul! sa han.

Innpå Håbergvågen la dei på vinden og låg bakk, med gjentene vart sett i land. Dei stod på brygga og vinka, og Lauris svinga med skjermhuva. Så tok han rore og slepte henne sørover, ut på leia. – Du ser ut som du er glad du? sa han til Odin. – Eg er glad, eg? sa Odin, han såg undrande på han. – Er du verkeleg ein seglar da? For seglaren, han angrar ikkje nokon ting. Tvi vøre, han er meg eit forunderlig skinn!

Det vart full kjøring søretter leia, dei slepte det eine fyre og fekk det andre fort vekk. – Gu' er eg ein seglar lel! sa Odin med seg sjøl.

II.

Dei vart liggande lenge i Trondheim før dei selde silda. Lauris vart aldri nøgd med prisen. – Han veks, nokonstads, det kjenner eg på kroppen min, sa han. Eg telegraferer og grasserer, men same svare allstads, det må vera ein svinhund som *sitt* på han og held han nede. Det hjelper dem ikkje i lengda.

Det hørtes så tørt og visst som det kunde bli, men Odin merka kor uroa og kortspell-vågnaen grov i han; om det så var ei skippersjæl, så måtte ho bli hol til slutt. Da såg han seg rundt, ^[136] på brygger og steinhus og alt live der, og smilte, han tykte han smilte som ein devel: han såg for seg ein mann han hadde sett, som låg og flådde ei dau merr ein gong. Og før han visste det, hadde han sagt til Lauris: Handel og dei ting, det må da vel vera det kleinaste ein tek neven sin i, eg stod ikkje ut med det. – Nei? sa Lauris.

Elles var det ei lang helg for Odin å ligge der. Sist han var her, likte han seg ikkje. Både skolen og byen var han imot. I fristundene fór han og såg på ein treskjerar, og somtid på ein som var kunstmålar, det var gilde ting der, men støtt sat det i han at han kasta bort levetida si. Einast i teatre kunde han glømme seg.

Lauris var ofte borte heile dagen, og natta med, og når han var om bord, var det ikkje stort snakke i han. Men skulde Odin i teatre om kvelden, kom han gjerne og vilde vera med. – Så liknar eg eit anna menneske, sa han første kvelden. – Ja ja, kom da! sa Odin. – Takk, Odin, du er gasta kar! Ja, eg såg du beit deg i leppa, det er så, – slik dei gjer, folk, når dei let vera å seie einkvart stygt. Lauris lo

godslig og skreva i veg det meste han vann for å halde takten med Odin. – Eg tenkte berre på kva du *skal* der. – Ja, herregud! ikkje å nemne det!

Da det var slutt den kvelden, la Odin i veg ned til fartye med ein gong og var like vis på kor det vart av Lauris. Men han hang tett etter han. Kvelden etter var han ikkje så huga heim, [137] og Lauris fekk han med seg til ein matsal, der det var både øl og liv, som han sa, og dei vart sittande til siste mann. Sia hendte eitt av to: Enten tråva dei heim og la seg, eller dei slo seg galne som dei kalla det og sat og drakk og prata utetter. Dei fann seg ei god krå og fekk tak i godt øl. Odin hadde ikkje vore nokon hund pa kjøpeøl hittil, men no, etter teatre, var det ansles; det smaka bra, og gjorde bedre. Folksurren i kring dem verka på same måten. Folk kom så levande fram for han, best det var, store stua full med folk, som tagde eller snakka, og ingen like-eins å sjå til. Han hadde drukke ut kruse sitt før han ansa seg, og ropte på meir. – Eg er ein seglar, lo han, eg er tørst! Herren rår for om eg kjem heim til jul. Kan De ikkje rive han klår? ropte han til spellemennene.

Lauris sukkar ein kvelden da dei held på og blir påverka. – Når eg berre var så fint innreidd eg som du er! Ja, eg *meiner* det, la han til, –eg lærer da den ting, om ikkje anna. Men skuespell og teater og kunst og dei ting, eg trur aldri eg vinn meg dit opp! Eg hatar både silda og heile live mitt, når eg tenker på det der, men eg rekk ikkje lenger, eg er gale skapt. Musikk ja, det er anna slag, det er for småmannen òg det, det kan live opp ein forsarva ein som eg. Her den første kvelden vi var avstad og såg på dem, det var visst så fint det vera kunde, både kjærleik og svik og all slag gripande stell, eg såg [138] dei gret, dei likaste i lage. Eg sat der som skjela på steinen sin. Eg har *vore* med på slikt – det tykkjer no eg er basen. I kveld var det høgare ting dei hadde for seg, så mykje forstod eg, jøss, ja, det var folk høgt ovant nokonstads, og dei la ikkje handa imillom, det var beistelig til strenge krav, gut, dei fór med imot mannakrypen. Eg var einig med dem i eitt og alt, om eg skal vera oppriktig ein gong eg òg. Men slikt skulde heller presten seie, og blada, det er det vi held slike ting for. Eg skjemtes, gjorde eg, når dei stod der oppå eit golv og skapa seg bleike og lest som dei meinte det!

Odin gjorde store auga etter kvart, vart høgare og høgare i sessen, og no såg han ut til han vilde stoppe Lauris. – Du sitt da dyrade og seier meg det eg sjøl

tenker, du, midt opp i syne! Eller har tenkt, rettare sagt. – Du *sleiker* no, Odin? – Gu' om eg det gjer! Eg? Nei! Det åre eg var her – – eg var i teatre støtt når der var noko, eg kunde ikkje vera derifrå heller – eg syntes på ein prikk slik om det, som du seier. Berre jål og tull og kjærlegheit, syntes eg. Og var der einkvart som var litegrand *til*, så ødela dei det for meg, dei skulde gjera det så ubergelig godt: det skulde vera som live sjøl! Tvi, seier eg enda! Nei. Men det er visst uråd. – For oss å lære det? – Du med den elendige læringa di! Du *er* ei skjel du, som du sjøl seier. Uråd å gjera det som det skal gjerast, meinte eg. Å få det til. [139] Uti Kjelvikmarka, og i den tida, kunde eg ha sitte og sett det for meg midt imillom buskar og stein, om det så var figurar av tre dei fór med. Men i hus, og når dei er levande folk, da skal det mykje til. Men eg held på og kjem meg, for resten. Eg ser da live i det, somtid, det kan gå tvert igjennom meg, at slik *er* det, slik lever vi og tullar vi, eit andlet eller eit ord kan fortele heile live åt kroken, det er ei rivande glede, gut! Ja, og i kveld, enda så falsk ein tone dei tok, eg kunde glømme meg og bli med dem lange stunder. Eg såg folk for meg slik eg vil ha dem, slik som eg har skapt dem sjøl, eg sat og gjorde dem om fort vekk – det er slik det skal gå for seg. Det må ha sitte ein underlig ein nokonstads uti marka og drømt i hop det, ein einstøing utpå Patmos å kalle – såg du veikja som kom inn på slutten og var engel? Ja, gut, eg veit om henne – men no vart eg helvet så tørst!

Det surra og snakka så livsalig omkring dem. Odin var nær på å reise seg og gå hit eller dit og slå seg ned millom frammandt folk, han såg mange han skulde ha drukke eit krus øl med. Da sa Lauris: Ja, det var eit fint legg-stell 'pund den veikja, du har rett i det. Men såg du leggene til Astri da ho kleiv om bord hoss oss? Eg kan aldri bli glad meir!

Odin hørte det ikkje, han bles skomme av øle sitt og drakk, kvilte litt på, og drakk ut. – Tvi fanken, kor vi sitt her og pratar! sa han og [140] reiste seg. Han lo: No hører eg alt vi har sagt – – ja god natt da! Han gjekk. Lauris kom ikkje etter.

Dagen etter gjekk han ein lang tur utoveilande, og Lauris gjekk han krok for da han kom om bord att. Men gong for gong var han midt inni snakke med han. – Du er meg ein plagsam ein, sa han. Du er berre ei skjel som sitt fast på meg. Ei stund etter kunde han seie: Ja vel, men eg har godt av deg, kor som er; du er så levande og mangfelt ein skapning. Folk er manggolva, men lat meg ha fred!

Eit par kveldar etter var dei i lag i teatre att, og fann seg att i same ølkjellaren etterpå. – Det er like nytt for kvar kvelden, dette her, sa Odin, han sat og hørte på musikken og på praten i kring dem, denne underlige kvernsurren av sorglause mannamål; det var så sorglaust eit liv som mól. – Skal eg bli sittande her all mi tid, tru? Skal eg sitte i teatre om kveldane og bite meg i leppa og gråte innvendig så eg må skjemmast heile dagen etter, berre for eit sårt ord eller eit par svikne auga oppå scenen dei kallar? Ja, men eg vil ikkje. Det var eg, heller, som skulde få *dem* til å gråte! Han vart sittande still og sjå fram i tobakk-røyken. – Men sitt ikkje slik og sjå syner no! bad Lauris. – Eg såg for meg bygda heime; eg vart vår henne oppi teatre: Folke går og tøyser seg og føyer seg etter kvarandre og har ikkje anna å tenke på, dei blir olme av det; [141] og så snur dei andlete imot meg, best det er, og det er eit nytt andlet, det er friskt og godt som morgonen austpå blåfjella. Live er stort og herlig, det er få som veit om det! Og han far min og alle i hop, dei går der og ventar meg heim, synes eg, det er lyse morgonskodda over det. – Berre tobakk-røyken, stakar! harka Lauris. – Men kor *er* dei ifrå, slike store ting som kjem og gjestar ein? Det er ingen i slekta vår som har visst av det ein gong!

Det sat nokre gjenter bortved eit bord og: drakk kaffe. Det var skikkelige folk, visst; Odin sat og såg på dem. – Jaså, sa Lauris. Det er ho Astri du ser for deg no?

Odin tok til seg auga og såg rolig på han, inn i det glatte skøyar-andlete. – Ja, sa han. Lauris såg bort i veggen ein staden. Han vart småøygd, og rukkut i panna: Du, din svimling, som let dem gifte seg? – Å, det blir vel ei råd! Odin tok seg i luggen og smått lo. Eg kan finne på mangt eg, står det om. – Nei da, det er eg som kan det! sa Lauris tvert og drakk av kruse sitt.

I det same reiste gjentene seg og skulde gå; dei var 3 damer og 2 herrar i følge. Odin gjorde det same og Lauris betalte og kom etter. Da hadde alt Odin snakka seg inn på ei av dem, den vakraste han såg. Han vilde følge henne heim! Ho var forfæld, det kunde han sjå, forfæld tvert igjenom, og enda var ho reinhekla [142] bymenneske – han *vilde* følge henne heimover! Ein av bykarane gav vondt frå seg, han såg seg visst rundt etter politi. Men Odin la handa på aksla hans og lo så overgjeve barnslig, det vart ikkje noko *med* bykarane. – Eg har ikkje

vore i byen før, sa Odin, eg er som ein hedning å rekne for, eg har aldri snakka med ei bygjente før. Ei *byfrøken*! lo han så det klang millom husveggene, – nei, no går vi! Og gjekk gjorde dei.

Det synt seg at gjentene var kontordamer og to av dem budde i lag. Den eine av dem var det Odin gjekk med. – Eg har sett på dykk i all kveld, sa han, eg har sett på dykk bykvinnfolk i mange år, det er rart, gut, å halde i ei tå dem! Dei andre vart borte for dem, og gjenta var urolig enda; – De er visst ein farlig kar, De, sa ho. – Å ja, med kvart så. Eg er seglar ja. Og De er byfrøken!

To gonger dreiv dei framom porten utan ho fekk gå inn. Større strid på det var ho ikkje heller. Men kysse henne da dei skiltes fekk han ikkje. I staden lova ho å møte han kvelden etter, ikkje i ølhallen, for dit hadde ho vorte narra ein gong og det var nok, og ikkje i teatre heller, ikkje tale om, – ho skulde heller komma nedetter den og den gata i ni-tida.

Odin dreiv att og fram i gata neste kveld, og såg på klokka alt i eitt. Ho vart halv ti, og inga gjente kom det. Men ho kom, det var han stø på, ho hadde vorte hefta. Og kom gjorde ^[143] ho, kom trippande så fort og skygg nedetter, såg mest ut til ho vilde renne lukt framom han. – Eg trudde ikkje De venta så lenge på meg, sa ho. Dei var inn ein staden der det var fint, og drakk kaffe, og sia spaserte dei frammed elva og sjøen. Den kvelden vart det mange kyssar. – De er så rar! sa ho, eg kan ikkje bli sint heller. Men *er* det ikkje De som er skipperen da? – Nei, hører De! Han prata og prata med henne, det trøysammaste på lang tid, men om seg og sitt vilde han ikkje ha noko snakk.

Ein natta seinare vart han med henne opp; den andre gjenta var hoss kjærasten sin som hadde komme til byen. Det gjekk så gale det kunde gå. Gjenta gret enda, – Ragna heitte ho. Men det var godt det ikkje gjekk verre, tykte Odin. For same kor vakkert ho snakka seg innpå han, så hadde ho ikkje fått noko tak likevel, han hadde ikkje lova å møte henne ein gong. Og no skulde dei segle. Det er berre seglaren som er herremann, no for tida. Ho var dotra til ein embedsmann, det var konstig kor det gjekk her i verda!

Lauris hadde seld silda desse dagane. Det sågs ikkje på han, men han hadde gjort eit varp som monna; Odin hørte det av andre skipprar, dei banntes over slik

lukke. Straks dei hadde lossa, bar det heimover, – – Odin tenkte på Ragna da dei sløra ut fjorden. Det var landvindsstormen og froste. Galeasen kjentes merkelig lettbrysta ^[144] no da han slapp i veg. Odin syntes, når han stod og styrte, at dette var for gildt eit arbeid, det var ikkje eit slikt liv han skulde leva, kunde umulig vera det. Det var likså visst det som at byen og bykvinnfolka hadde han ikkje noko med. – Det var gluft til greier det, san, men det er ikkje for deg!

Svartsundagskvelden tørna dei på vågen heime i byen.

– – – I millomtida hadde Andrea og Otte flytta til byen. Otte hadde fått i gang ein liten snekkerverkstad der. Odin hadde fått brev om det frå Andrea, og leita opp dem. To lukkelige skapningar, såg han straks han var innom døra. Han såg litt velare på faren, utover kvelden. – Han der er visst yngre enn eg, lo det i han. Ein finn det ein leitar etter, trur eg.

– – – Heime på Håberg hadde Astri teke på seg fjøse da dei fór. Åsel var einig med henne.

Ho kasta seg inn i det med full tyngd, ho hadde berre ein veikjunge til hjelp. – Du treng no vel ikkje ta det så hardt? sa Åsel da det leid på. – Det er det eg synes eg treng, lo Astri. – Ja ja, ban. Eg veit om det. Så slepp ein da å tenke og slikt, den stunda. – Ja, det er just det! Men Astri beit seg i leppa med det same. Eg er for resten ikkje redd å tenke, sa ho. Der er ikkje ærlig veg utanom det! – ho reiste seg og gjekk ut att. Ho kjente dei urolige auga til farmora etter seg, da ho var i døra, og slik hadde ^[145] ho dem etter seg seint og tidlig, så gode og så plagsame.

Og farmora var det i grunnen ho snakka med når ho var for seg sjøl, når ho sat attmed kua og mjølka eller stod attmed fôrstabben ei blink og kvilte seg.

Åsel såg det arbeidde i henne, og at ho forandra seg. Ho tyktest sjå at ho mognast eller voks eller korles det var; andlete friskna til og yngdest opp. Og noko ekteskap hadde det ikkje vore, det ho kunde sjå, og Herren skje pris for det. Ho bad til Gud, at han måtte hjelpe gjentungen, – ho kalla henne slik. Ho venta ikkje at Astri skulde komma og snakke til seg.

Men da Astri merka det, gjorde ho det like vel.

Ein dagen var Åsel litt ussel og heldt senga, og Astri sat i kammerse hoss henne i skymminga før ho skulde til fjøse. – De ser på meg, farmor? sa ho, ho

hadde sitte og plagdes med noko ho sauma på. – Gjer eg det? – Gjer De det ikkje, kanskje? lo Astri. – Du må haⁿ⁷ di tid og din strid du, ban. Så klårnar det seg litt med kvart. – Trur De ikkje eg har sett *det* i auga da? At eg ikkje tør? Eg har sett det så klart som dagen. Det er så godt i fjøse, eg kan tenke på kva eg vil, det gjer ikkje det slag vondt meir. Da ser eg det best for meg, det eg berre har skymta i skodda før.

[146] «Å ja ja! sukka Åsel. «At det ikkj vart du og 'n Odin som tok gåren her!»

«Ja, det va visst gæli, men. Det va det æ tenkt på ja, at det va lagna'n vår.»

«Og løkka,» la Åsel til.

«Ja.» Men i det same stakk det henne nålande kvast. Ho retta på nakken: «For resten, løkka? Den har æ aldri stunda ette. Løkkeli, ka e det for slag? Har nokon prøvd det da?»

Åsel såg tirande blankt på henne, lea litt på hovude og smilte: Kor vel eg kjenner att meg, ban! Berre det – – at eg hadde aldri mote – – til å seie det. Lukka nei, den stod eg aldri etter for meg sjøl. – Nei? Nei men eg, eg *hatar* lukka eg! Det kjennes slik. Det var så for lett, den gongen eg og han Odin – – da eg bad mor å gifte seg; det smakte søtt mest å be henne ta lukka. Og det eg fór i veg og gjorde i same skyndfarten, at eg gifta meg, meiner eg, eg har sett det sia at det var gale det òg. Gale alt eg har gjort. Eg trudde eg var dømt til det. Berre noko eg vilde tru; det hadde sitte i meg frå eg var lita. Og enda er eg glad eg gjorde det. Hadde gjort det no og, hadde ikkje blunka for det. Eg var lukkelig da eg sat der hoss han: for *han* var det. Og no er eg ikkje redd lenger, ikkje nokon ting. Og så har eg levd, kjem det for meg. Kom det for meg den gongen ja.

Åsel tok i handa hennar, som låg der på senggavlen. Det var stilt ei stund. – At eg talde mor [147] til å gifte seg da eg kom att, vil De seie? – Ja?

– Ja, eg gjorde det. For eg hadde vore – eg veit ikkje kva eg skal kalle det. Eg var så rik, eg kunde gi henne den lukka. – Hm! Hm! sukka Åsel. Det var gale lel, Astri! – Det same seier han Odin, svara ho rolig. – Tenkte du ikkje noko på han da?

Astri tagde litt. – Nei, ikkje da. Jau, eg gjorde da det òg, sant å seie. Han

skulde ikkje ha ei enke, eg trur det var slik eg tenkte. Han skulde sleppe å tenke på det ein gong. – Men enn no da? – Ja, no er det gjort no. Når eg kjem så langt, da stanar eg; da gir eg meg. *Han* tek seg ikkje stort nær av det. Men no må eg åt fjøse, var det ikkje seks klokka slo?

«Men ka æ ska gjera med går'n da?» klaga Åsel etter henne.

Det var første gongen Astri hørte farmora klaga seg. – Å, garen han, – sa ho. Men ho visste ikkje, ho heller, kva ho skulde seie om den. Ho drog på smilen, utan ho vilde det, da ho stod og leita fram mjølkekoppene: Gåren han var å tenke på som å sjå ei ku i auga, ho skal slaktast: det var likast å snu seg vekk.

«Men sei 'n eit ord og be mæ, når 'n kjem hit i jula, da rømme æ iⁿ⁸ lag-med 'n te verdens ende!» Ho sa det stilt berre, da ho sat og mjølka, let att auga og sa det, slik ho gjorde med ho var lita, og før ho vardest var ikkje tårane å styre. Lukka at ho var åleine i fjøse. – Nei da, nei da! godsnakka [148] ho til kua, men det var Åsel ho såg for seg, – du veit da eg gjer ikkje det. Men han kunde no *spøre* meg – –

Stjernene stod i eit bragl over henne da ho kom ut frå fjøse, all verda over med store kvite blunk. Ho stod som all snarast og såg på dem. Da fall det så lognt til ro i henne. Undere, det kunde skje kva stund Vårherre vilde det. Og han var god. Og vestafrå sjøen svara det enda meir djupt og fredsam, lange sukkande skjerlyden, som spådde godvêre. Det skjedde støtt det som skulde skje.

Enno var Odin berre ein gutunge, smilte ho. Han gav seg urimelig god tid med å vera det. Enda han flaug så høgt ein kunde misse anda om ein skulde følge han, – det måtte ikkje vera meint slik at han skulde gå som ein bonde her på Håberg, kunde ikkje vera det, så uransakelig vid som verda var.

Ho såg enda ein gong på stjerneblakre over seg. Det fekk bli som det kunde. Det var ikkje lenge til jul.

III.

Da Odin kom om bord i lokalbåten dagen før juleftan, var Lauris den første han møtte. – Jaså? sa dei båe to. Odin syntes han fraus med det same han såg

Lauris. Han fraus innvortes, enda han var fullt vinterklædd, og ein eller annan sa han liksom at han skulde ha snudd, han var ^[149] ikkje frisk. – Jaså? tok dei oppatt, det hørtes ut til at Lauris var glad ved møte.

Odin bad han med seg ned, og der tjuvdrakk dei eit par drammar av julbrennvine. Dei vermte ikkje stort, det skulde ha vore eit par til, men Odin sette korken i og gjømte flaska. – I jula vil eg ta og drikke meg *full*, sa han. – Det var merkelig vi skulde råkast her, sa Lauris, han var meir ålvorsam enn han pla vera. I byen vart du søkk borte for meg; eg leit på eg skulde finne deg der ute kring Håberg nokonstads. Det var noko eg skulde seie deg, ser du. Noko som både kleiar og klær, Det er Lofoten som ventar på oss, ja på oss to, skjønner du. Vi skal ut å kjøpe fisk i vinter, det finns ikkje pris på han no, og til våren eller sommaren har han rennt til vers liksom gradstokken; eg kjenner det på meg, over all min kropp! – Ja? – Ja, no kjem eg med det. Vi skulde slå oss i lag, i *kompani*, kar. Pengar, snakk ikkje om det, du får dem på Håbergnamne, og du kan få dem på mitt namn visst du heller vil det. Mitt namn ja, der sa eg det, for rettno må eg la dem i banken få det å *tenke* på, elles visnar det bort; og så slepp du å spørre, det er så beisk ein smak på det. Vi skal gjera eit spell, eit terningspell rettelig, og sjå om det finns lukke til for oss, – eg trur ho er i vage no, som sagt. Eg trur for oss baa to.

Odin hadde kvikna til litt etter kvart og var snart både varm og vaken. Lauris røykte tett. – ^[150] Det er ein ting eg har sett, smilte han gjennom røyken. Eg har havt tur i spelle sia du kom om bord. Åleine skulde eg knapt friste han stort lenger, men når du blir med, er det liksom eit nytt kast. – Ja men, sa Odin, skriv du på for meg, så blir du åleine om vågnaen lel? – Snakk plukkfisk åt meg, ban! eg veit kva eg gjer. Eg er ikkje den som fer og vil vera to støtt, eg byd ikkje deling i utrensmål. Men den gongen her, Odin, og vi to, det er anna mål det! Eg må tru på det eg fer med, elles går det skit. Og eit varp til da, så kan vi syne oss skamlaust i bygda, hm?

Hjarte banka i Odin, så han trudde han hørte det. – Ja ja, Odin, du er ikkje umota på det, ser eg? Lauris bles røyken beint i taket i den vesle lugaren. Båten la til ei brygge, og folk ståka uti gangen og på ⁿ⁹ dekke som det skulde vera forlis. – Nei, umota er eg ikkje, det ser visst Vårherre. Og vise meg skamlaust i bygda –

det høres som eit eventyr. Enda eg har aldri tvila på det skulde bli peng og alt i hop. Og med seg sjøl sa han: Og dette er virkelig han Lauris; der sitt han, og slik er *han*. Meiner kvart orde ja. Ein halvsliten slæpar alt, og einslig, for alt det.

Odin sat still og venta. Han lest som han lya etter einkvart i sjauen utafør. – Den tida eg var gutungen, sa han og smilte fram for seg. Men det er ansles no. Eg får ikkje til å fara i veg med ein gong slik. Stå still og bie er i grunnen ingen konst. Men somtid er det det som er sjølve makta like ^[151] vel. –Og så bli sittande fast ja? nei takk! Vi segler straks over nyåre – – ja, du tenker ikkje på å slå deg tver, veit eg?

Odin blistra ein to tre tonar, og såg ut gjenora kuauge og bortetter sjøen, som var grå og hundekald i austavinden. No var det der det han hadde venta på, det han kalla sjølve seg.

«Nei æ kann ikkj,» sa han. «Det e min natur imot. Handel og sånt – nei det får vara! Æ sei takk, men.»

Lauris satt dørg still ei lang stund, flytta berre pipa i munnen.

«Ein skuld ikkj gle sæ på no'n ting,» sa han. «I Trondhjem der – – vi va mykji i lag der.»

«Men visst æ fekk vara med som kar om bord, det va æ rivanes løstin på.»

«Ja ja. Ja vel. Så vart det slik da, sa vi.» Han takka for skjenken, og dei gjekk ut.

Dei skildes på Segelsund-brygga.

Der var det tjukt med folk, mange som kom ifrå byen, og mange som tok imot dem, og Odin var godt kjent med kvar og ein. Han kom i snakk med dem fort vekk, ung og gammal etter som det fall, han hadde snakka så lite med folk dei to siste åre. Nokre av ungdommen såg enda ut som dei var glade dei hadde han her endelig ein gong, dei vilde vita kor han hadde halde til og mykje og mangt. Dei snakka frampå om dans i jula, og så var det om dei skulde prøve å få liv i ungdomslage att, det han hadde fått i gang her i fjor, dei ^[152] vilde høre kva han meinte om ein fest i det og skyttarlage til saman?

Han la det over med dei snakka. Jau, han var huga på fest no, og helst ein

med litt dunder i, og kvifor ikkje gjera det *slik* da? – Jaha, det var dei med på. – Ja, men bi no, da skulde dei heller gjera det slik, kva sa dei om det? Stutt tid? ja, men *det* greier seg, for eg har ikkje lenger tid, har eg sagt! – Jau, jau, men. Dei hadde tenkt – – det var det at der var oppbyggels-møte kvar kveld, og desutan skulde dei vel ha snakka med *han?* og med *han?* – Ja visst, det skulde dei gjera! Men sundagen millom jul og nyår, som sagt. – Men kunde ikkje han, heller –? – Jau, det var det! – han fór dem over i tankane med han stod der, dei som skulde snakkast ved og snuast på, det skulde bli ein trøysam sjau! For *han*, han var slik, og *han* slik, og så var det nokre som slo seg vrange same kva kant ein tok dem frå; han stod der i vindgnage og fjordkulden og smilte til det.

Midt i det kom andlete til Lauris for han, – kor hadde det vorte tå han? Han måtte ha sett såra eller vond ut da han gjekk. Men kva var det han skulde ha sagt: Iår skal vi gjera laus gammalkarane, dei får hálade ta kjerringane sine og bli med! Eg tek på meg dem vesti grenda, og du dem der nord hoss dykk, og du dem her – å, snakk ikkje tøv åt meg! Og så møtes vi juldags-kveiden. – Juldags-kveiden? – Ja, skit i skikken, han er for gammal for oss! – Hurra! lo ein av [153] dem, ein liten freknut og modig ein, så stormar vi lesarmøte og hiver ut lesarane, for det er det verste som kryp på buken og et støv! Odin lo med, det var så friskt eit andlet på denne skruven, og dei andre stemte i med. Da seier Odin, og ser vekk: Lesarane er visst bra nok. Vi får gå krok for dem. Det er ikkje nokon småting at dei omvender seg. Han hadde ikkje ansa på det før, at han var godt og vel jamnhøg med kammeratane.

Dei var oppi gåren på Segelsund no, og med det same Odin skal seie farvel og gå, kjem Arthur frå bua og skal inn. Odin må bli med. Han skulde ha kaffe, og det slo han ikkje imot.

Fru Mina gjekk ikkje med briller lenger. Og på veggen hang det ein gitar, og på borde, ovapå bibelen sjøl, låg *Sulamiths Sange*, og andre gudelige ting attmed. Han såg på Mina att. Slik rykte nyfikna i han da han var småguten. Men for det første hadde han slikt illfrost i seg, han var ikkje god til å bie på kaffeen eingong, han spurte Arthur om han vilde drikke ein dram. – Nei takk! det slage skulde ikkje Arthur ha.

Og no såg fru Mina dit, ho var gloande raud: Han skulde skjemmast for å by folk brennvín! – Eg er så forkjøla, lo han, – det var arti å sjå ei som var brennsint ein gong. – Og ho Astri, tenkte han i det same, no har ho alt gått der som enke eit halvt år – vi har da heile Australia for oss gjente! Men eg lovar ikkje å bli nådig med deg i jula, du får passe deg sjøl. – Eg er ein seglar, veit ^[154] du, sa han til Mina. Han kunde ikkje la vera å møtast med auga hennar, for der var det eld.

Etter kaffeen kjente han seg god kar att, men Arthur såg litt på han, kjente på pulsen hans og fekk han i seng. – Tok eg meg no ein lysholmar eller to –, tenkte han. Men det fekk vera, ettersom dei var så nauver på det her i gåren.

Men dagen etter var han sjuk, og julkveld måtte han halde i senga.

Mina kom opp og spurte om ho fekk synge og spelle litt for han. Det vilde han gjerne. Etter songen sat ho og såg på han og sukka, – så spurte ho om han ikkje vilde til å tru på Jesus. Odin svara ikkje med det same. – Har du tenkt på kor det ber henn med deg om du døyr no slik du er? – Ja men eg døyr ikkje den her gongen –, det er berre krimsjuka, men ho har sett seg godt fast, ho fekk slik eit tjuvtak på meg. Mina stelna til i andlete: Du veit kva eg meiner, Odin, og no skal du svara meg! – ho heldt ei lang preke. Odin hadde så ilt i hovude, han følgde ikkje skikkelig med; han låg og såg på andlete hennar: Ho hadde ein gloheit flekk på kvart kinne, og auga dei isna til meir og meir, dette var den hellige elden han hadde hørt om; det rann lenger og lenger unna han. Men da han fekk spørsmåle imot bringa ein gong til, – om han vilde omvende seg og bli eit nytt menneske, om han vilde la Jesus bera synda si, da syntes han greinlig det var ein annan ein som tok i og svara for han:

^[155] «Nei, æ vil ikkj! Det – – smaka mæ ikkj.»

Mina vart både forundra og forfæld. Han vart forundra sjøl òg. Før hadde han havt dem utomkring seg, dei han skulde gå etter, dei hadde sett på han frå skogen og marka og frå blåe himmelen, gammalt og vist folk. No sat det inni han, halvvore eit sår å kjenne på, og likesnart ei makt. – Eg er ikkje ansles, smilte han.

Mina fall på kne ved senga hans og bad høgt og i gråten for han, at Gud måtte ikkje forherde han, men rive han som ein brand utor elden, visst det var mulig! – ja, om det så ikkje var anna råd enn å sende han *døden!*

Odin dorma, eller ørska, med det stod på. Det var elles vakkert at eit menneske kunde bli så brennande i det for anna folks skyld, at det kunde loge slikt i eit hjarte. Men da ho stod over han att, rista han på hovude. – Det er min natur imot! kviskra han. – Ja, men just derfor, just derfor! ho tok handa hans, og tårane rann nedetter dei vakre kinna.

«Nei, æ gjer det ikkj!» sa han. «Det henda ikkj! »

Det var elles synd ho skulde sjå så ulukkelig ut da ho gjekk ned. Og no kom han i hug Lauris att. – Eg får sjå til å gjera dem ei beine att, ein gong! sukka han. Føye dem var umulig. *Ho* fekk la ein annan svi for synda si, visst ho kunde. Visst det var så at nokon kunde det. Han kom til å lengte etter faren, som han fór så brått ifrå. Eller ^[156] om han berre hadde vore på Håberg. – Skal eg aldri bli anna enn ein gutkrok eg da! anka han seg.

På Håberg hadde dei venta han kvar dag. – Kor det blir tå han? undrast Åsel. – Kven da? – Han Odin, veit eg. Det vart julkvelden, og høgtid i huse og all bygda over. – Enno kan han komma? sa Astri og såg på klokka. – Kven da? Han Odin, tenkte eg. Fjerdedagen ringte Åsel opp til Segelsund og vilde høre om han hadde komme dit med dampen om morgonen. Ho fekk vita korles det var, og om kvelden kjørte ho og gjætarguten austover. – I morgo tenkjer eg vi har han med oss når vi kjem att, sa ho. Det hadde vore hålka og regne juldagane, eit vilt ver, men no hadde nysnøen komme, og kvitt og blidt var det kor ein såg. Astri stod ute og såg etter dem da dei fór. Ho stod enda ei stund. Dombjøllene ringte så vakkert innant vegen, og marka tok imot lyden djupt og stilt, med lyse høgtida i andlete, syntes ho.

Åsel hadde bedt henne bli med. Ho hadde berre rista på hovude. Og no stod ho og gjorde det klårt opp med seg sjøl: Ho kjørte ikkje etter han. Det skulde ikkje gjerast. Men var han med i morgo, da var det eit tegn at det kom einkvart til å skje. Ein stor ting. Det svimra for henne når ho tenkte på det, for enno skulde det ikkje ha skjedd nei, for hennar farmor si skyld, ikkje enno på lenge, lenge, men det kunde hende han kom for ålvor no, så det ikkje nytta å be for seg, – og ^[157] ikkje var han den heller at det kunde nytta å be for seg, veit eg? Men helst skulde han ikkje ha komme på lenge enno. Og vestpå himmelen over Sjøhaugane,

der stod nymånen, så ny og vakker som ho ikkje visste ho hadde sett han; der stod han og var einig med henne: ho måtte få tid. Om det så berre var for hans Arne si skyld, sa ho. Og så, best ho står, stirrer ho undersam fram for seg og smått ler: At eg ikkje veit kva ho farmor meiner! Korles tenker *ho* det her skal gå?

Da kom det ei skrei med ungdom vestetter, beinveges frå Vennestad eller Lauvset, dei hadde ein langsleda og for opp sommarfjøsreina, gutar og gjenter lesste seg på i ein haug, og ned over Håbergjordene bar det i ein spøkelig fart, utover nedste reina og langt nedpå myra. Ho vilde snu og gå inn, ho var ikkje mota på å bli i lag med dem. Ho snur seg beint imot to som kjem gjennom gåren og austover – det er Lauris og Kristine. Dei hadde vore med sledegælningane først, fortalte dei, og så hadde dei funne på denne svingen. Og no skulde ho bli med ein skjõt, Lauris tok i henne på eine sida og Kristine på den andre. Galenskapen deira gjorde ikkje vondt, det var tvert om, så ho hadde gitt seg over før ho fekk ord for seg. Ho vart med på sleden to turar, sat innklemmt i haugen og for gjennom lufta så det blistra kring øyra, sleden var oppifrå marka to gonger, kjente ho, og hua og skreik gjorde dei mest dei vann. Kristine og Lauris følgde henne til gars att, og der stod ^[158] ho just og tenkte på om ho skulde ta og be dem inn på juleskjenk. Kristine stod og såg nedetter, der sleden rasa i veg på nytt. Da var Lauris kring nakken hennar med handa og tok og kyste henne.

Astri skreik ikkje om ho vart aldri så redd. Ho hadde visst slått han i andlete nokonstads. Lauris såg ut ulukkelig. – Skal aldri gjera det meir! sukka han. No gådde Kristine kva som hadde hendt, og Astri retta nakken for ei sviande strime av hat frå auga hennar; ho såg henne beint i aug'syna, blunka ikkje. Så snudde ho seg og gjekk inn utan å seie eit ord. Det dirra oppi augebrunene hennar lenge etter.

Åsel kom att utan Odin, dagen etter. Han var ikkje så lik han kunde ta ut enda.

Astri kasta seg ivrig over posten. Der var enda brev frå mora.

Nyårsdagen kom Odin til Håberg ein vending, men han måtte attende til Segelsund same kvelden, for morgonen etter skulde han til byen og bu seg på Lofotferd. Med Astri fekk han ikkje snakke mange orda. Og alt det Åsel kunde

sjå, var dei like fornøgd med det baa to. – Kanskje eg òg burde vera det, sa ho med seg sjøl.

LAURIS

I.

[159] Lauris seglde til Kristiansund om våren og selde saltfischen. Tørke fisken sjøl trudde han seg ikkje til, særlig når fortenesta velta seg slik innpå han som no, sa han til Odin. Og no skulde det vera slutt med handelen til så lenge, – lat meg ikkje friste Vårherre, det har eg akta meg for all min dag, og derfor har vi vore gode bussar òg. No vil eg prøve lukka mi på landjorda. Der skulde eg med rettan ha litt til gode.

Han kjøpte seg eit hus i Håbergvågen, og gav seg til å sette det i stand paa storvise.

Odin gav seg for i byen, hoss faren. Han vilde vera der; det var einkvart som bad han bli. Lauris hadde heile tida vore ei bør, ei som dei andre hadde kasta av seg og som han skulde ta opp. Det *fanns* dei som hadde gått med ei slik bør, – som syntes det skulde gjerast, fordi dei klara det; det måtte vera langt langt atti tida, det var for gammalt no, og Odin kasta henne av seg. Det var ikkje fritt for at faren heldt på [160] og vart frammand for han att. Han kunde snakke liksom han vilde stryke ut det han hadde vore før; liksom han skulde ha vorte vår live frå ein annan kant.

Odin sa til Andrea: Du må seie ifrå når eg blir i vegen her. – Nei no skal du vera snild, Odin, og vera i mak her! – Nei. Men han gjer meg så godt. – Kven da? Byen? – Odin raudna, men såg opp på henne: Han far. Eg treng han, eg legg han

på meg, synes eg. Men det var sant, tenkte han da hau gjekk sin veg. I grunnen la han det på seg, alt som møtte han.

Mest dreiv han på og las, for her kunde han få låne bøker med han vilde. – Men dei der hadde han da kasta før? sa Otte. – Trur gjerne det, men. Der er liv i dem like vel. Det blir det, når eg tenker på det. Det blir ikkje så nytt som eg trudde, det eg kjem med! snakka han med seg sjøl, men han smilte straks etter: det skulde no bli eit spell da, kor som var!

Ein dagen, det var ein blank vestavindsdag med lauvsus i liene og kvit-toppar bortover fjorden, stod han og såg på at faren prøvde seg fram med ein ny beis på bjørk. – Eg må vel til å arbeide eg òg, sa han. Men eg undres, somtid: Det blir da gjort, arbeide, likevel? For det om *ein* sluntrar unna. – Når eg er lat, undres eg på det same, svara Otte, han retta på ryggen og smålo. – For gjort blir det, la han til. Han såg på Odin, og Odin kjente han vilde seie at *du* har ^[161] lov til å gjera det du lystar; om det så er berre å dikte du vil; faren visste alt om han.

Men uroa vart berre sterkare i Odin. – Nei, sa han, eg får heller fara utover til Håberg og hjelpe dem i slåttonna, eg lovte det visst så halvveges, – det går ikkje dette her! – Ikkje? – Nei. Ikkje enno i allfall.

Han trudde ikkje han hadde teke seg for og reist like vel, hadde ikkje ei lita hending komme til. Otte hadde sendt ein liten husbunad til Trondheim, det var eit sjå for slike ting der. Det var dei gamle Namdals-møblane han hadde funne opp att, men han hadde freista å gjera dem ein mon lettare og meir lettvint til sitt bruk, og noko av handa hans sat der med dem, kunde Odin sjå. Større premien var det ikkje han fekk, men han kom i blada og vart skrytt tå: dette var da endelig ein som viste rette vegen, og ein kunstnar, det kunde kvarmann sjå som vilde. Eitt av blada heime tok det oppatt, og la til nokre ord for eiga rekning, med odd både hit og dit. Dagen etter var dei ute i det andre blade og gjønte med heile stelle: Tenk her skulde finnast ein mann i byen, som kunde gjera maken til dei gamle ubrukelige stolane og borda som folk hadde kasta for lenge sia! Dei vilde vone det kom ein snart som fann opp det gode gamle jordgolve òg. Gløm endelig ikkje at der skal vera glugge i veggen!

Odin lo da han las det, og han visste at det same hadde faren gjort. Ikkje lenge

etter var ^[162] han uti gata og utafør vindauga til blade. Han hadde berre meint å gå seg ein tur. – Eg *ser* innom, gjer eg, smilte han.

Han råkete mannen sjøl. Det var ein tjukk og raudlett mann som ikkje var ulik Ola Håberg. Odin vart heit straks han såg han. Han fortalte kven han var, og sa det han tykte: at det var kleint å knive ned ein mann slik, når han ikkje hadde gjort dem noko, dei måtte da vita det var løgn det dei sa? – Far er kunstnar, sa han, De kan ikkje ha sett det han har gjort? Redaktøren la flathanda på hofta og såg småøygd på han: Vi vart for sein, skal eg seie Dykk! – For sein? – Ja, dei – – han viste med nakken over gata – – dei vart føre oss til å ta det inn. – Ja men –? – Berre spøk og moro, ikkje sant? Vi kan da ikkje vera einig med *motparten*, ikkje sant? Odin tagde litt og såg opp og ned over han. – Ja, men det er elendig lel! Redaktøren la handa på aksla hans, ein kvit og feit liten labb var det, og den måtte det vera som gjorde Odin rasande. – De er eit naut, vil De vita det! Det gjekk for seg mangt i andlete til bladmannen, rukker kom bort og nye tyta fram, og auga skifta farge i eitt vekk, syntes Odin sjå. – «Hva? hva?» småglefsa han, og så kom heile skreia ramlande: Ut, seier eg, ut med deg, *ut!* pekefingen dirra i lufta. Du er det mest – De er det mest – du trur ikkje eg har sett den elendige skiten hans far din, hva? hva? – *ut!*

^[163] Ut? tenkte Odin. Dei orda har eg hørt før; han drog opp brunene og flirte. Den andre sette neven mot bringa på han og skuva på. Da slo Odin, ein rasande dask nokonstads, midt på den tjukke kjaken visst, og bladstyraren tumla attende og vart ståande stiv bortmed veggen. – Ja ha! sa Odin, og no gjekk han.

Han gjekk langt utetter vegen. Da han kom heim, fortalte han det som hadde hendt. Dei vart still bae to. – Ja ja ja, sa Otte endelig og såg på Andrea: Det blir verst for deg! Andrea prøvde å le så godt ho kunde: Det var vel han det vart verst for like vel! Odin kunde sjå for seg, der han sat, kor urimelig det tok seg ut for dem. Og dei, som hadde trudd han var både vaksen og vettug no. – Men eit slikt naut skulde ikkje leva! sa han stilt. Faren drog på smilen: Det vart mange naut å ta ned da. Dei får gå til hausten.

Dagen etter gjekk Odin opp og vilde snakke med mannen att, men han vart vist ut av ein annan ein. Noko meir å høre vart det ikkje, verken frå politiet eller i blade. Odin reiste utover til Håberg.

Det vart mykje fôr det åre, og eit jagande høyvêr, så det var full sjau med det stod på. Åsel var glad at Odin kom. Men auga hennar var etter han og spurte som dei alltid hadde gjort, og dem var han ingen hund på. Det var ikkje ulikt til at dei bad for seg. Først han stana og [164] møtte dem, visste han at det var inni han denne uroa sat; det var der det spurte.

Lauris kom oppover somtid om kveldane. Han var ein velkommen gjest, enda ein kunde merke at Åsel sette han berre jamsides med ein vanlig arbeidskar, ein *utor plassane*. Det følgde liv med han, han kunde sitte og fortelle og seie trøysame ting lange øva, eller det var nok når han synt seg, for han var berre lystigheita heile kroppen. – Ser du ikkje det da, sa Astri til Odin, at det er *deg* han er? Ja, for han har stole heile deg snart, det er tjuvgods både når han tier og når han slær seg laus. Odin såg det, skymt og annan, og tykte det var moro, men i grunnen trudde han ikkje det var slik.

Ein kvelden stod Odin bortved brunnen og gav hestane vatn, og Lauris stod attmed og røykte for mya. Det var kvævande stilt og varmt, det vart regne visst. Astri og gjentungen kom ifrå sommarfjose, trinsande med 3 svære mjølkespann imillom seg, og det eine skulde ha vore fullnok for dem. Odin pla gjernast kjøre mjølka heim for dem før han sæla av gampene. Da tek Lauris trillbåra bortunder bure og legg i veg i møte med dem, truar dem til å sleppe spanna og kjem kjørande heim med dem. I det han sett dem av framfor mjølkbudøra, ser Astri på han, ler litt og takkar for hjelpa.

Meir var det ikkje. Odin tok hestane og sette for slåmaskina, han skulde slå ei lita økt enda. [165] Nei, det var ikkje meir. Likevel var det einkvart som sa han at vilde han ha Astri, så fekk han ta henne og fara. Måle kom utor bibelsoga, men tonen i det kom frå den stille tunge kvelden omkring, frå dei blå skyene som vov seg rundt himmelen, og frå ekrar og åkrar som dåma no i kvelddogga og venta regne:

«Stans ikke på hele sletten, og se dig ikke tilbage, med fly til bjergene!»

«Nei!» sa han og slo på hestane. Ho fekk i gudsnamn komma i hug kven ho var.

Sia såg han ting og annan som undra han, ein liten raudlett, ein blykt over auga, eit ovmodig kast med nakken når ho snudde seg og gjekk ifrå dem. Som i draumen såg han fjella stod med steingræe hovud over bygda, og sjøen som gjekk og båra utfor vågen. Så rolig skulde ein ta det.

Ein kvelden var dei nedtil Vågen, nokre ungdommar, og såg på huse til Lauris, det skulde snart dansast inn. Astri og Odin vart litt etter dei andre nedover. Ho vilde ha snakka med han, kunde han skjønne, men det var ikkje tida til det her, for det kunde ikkje bli ansles enn at dei kasta seg i armane på einannan og gret eller lo; det var urikkelig visst at det var ikkje tida enno til det. Strandblommane stod kvite og einslige og nikka i vestavinds-kjøla nedpå Sjøvollen, og strandfuglen sprang i fjæra og nikka og peip like einslig: Tju-hu-hu! – Der utetter er vikane, Odin, ^[166] sa ho. – Ja. Men dei har skifta letten no, ikkje sant? Ho svara ikkje, ho såg berre vestover. Og så var dei nedmed dei andre.

Odin står og skal gå heim, – det var alt seinkvelden og mørkt –, da kjem Astri springande ut og beint borttil han, ho er forandra alt med seg. Tårane står henne i auga. Ho bit seg i leppa så det kvitnar, men munnen skjelv enda; ho tek armen hans: Kom og gå, Odin! Dei går oppover, og dei andre kjem etter. – Kan du ikkje komma da, Odin? – Kva som står på no da? – – Nei nei; lat dem komma. Men han har fornærma meg! Ho ser tråssig på han. – Kva for ein *han*? – Det veit du, Odin. Han Lauris.

Han såg kor ho raudna da ho nemnte namne. Dei andre kom ikkje lenger for det første, og dei to gir seg til og går føre oppgjennom vegen. – Seier du aldri det slag til det du da, Odin? – Eg seier du skulde ikkje tåle det. – Tåle det? Når det er det eg ikkje gjer, hører du! Odin smiler, oppetter eine andlets-helvta: Da er det ikkje farlig. Da døyr det bort tå seg sjøl. Ho vart harm så det rista i armen hennar: Tåler du ikkje eg snakkar med han da? For *deg* er det da verken ord hell eid i meir, du er snart som a farmor du. Og av vegen for nokon går eg ikkje, så mykje du veit det, for det trengs ikkje, eg er ikkje redd!

No ropa dei andre på dem, at dei skulde vente. Dei stana og bia. Dei stod andlet mot andlet og auga mot auga. Måle hennar var lågt og lognt no, men harmen hadde vorte til hån.

[167] «Du sei ikkj noko du da, Odin?»

«Ikkj i kveld nei. Du veit det vart synd ti a mormor om *vi* reist ifrå a?»

«Ja men – –»

«Vi får vent, Astri. Hm? Osså e det folksnakkje da.»

Ho gjorde store auga. Det bevra små rykk over andlete på henne – slik hadde han sett hestenasen bevra for ei hard hand i beitsle.

«Bry du dæ om ka folk sei da?»

«Å ja; liti grand. For a mormor si skyld, om ikkj anna.»

«Da e du ikkj *den* – – da e du ikkj tå vårt folk!»

«Nei nei; det kund komma vel med det ein gong.» Han sette hendene i lomma og smilte.

Men Astri ropa til dei andre, dei skulde skynde seg!

Astri gjekk og snakka med dei andre gjentene liksom ikkje noko hadde hendt. Lauris hadde teke omkring henne på ein uhøvelig måte, da ho stod uti kjøkene hans og skulde gå ut, dei kunde ha sett det både ein og to, og da ho vreid seg ifrå han, kyste han henne midt på munnen, utan ho kunde verje seg, og lo henne skamlaust opp i andlete etterpå. Og slik hadde han i grunnen vore imot henne heile tida, ho såg det tydelig no når ho tenkte etter. Ho hadde sagt sant til Odin, at ho hadde ikkje gått av vegen for han; ein likeglad ein kunde vera ein arti ein, somtid. Og kva hadde han Odin med å seie dette om Åsel? [168] ho hadde vel sjøl plagdes nok med det! Ikkje skulde han komma og forby henne å snakke med folk heller! Var det så visst at ho vilde vente?

– – – Næste gong ho møtte Lauris, lest ho ikkje som ho kom i hug nokon ting. Han var stillvoren av seg, snakka ikkje til henne eingong. Det var så rart å sjå ein hardbarka kar som tok tukt.

Ikkje lenge etter kom det sild-tidnar innant fjorden, notbruka greidde inn og fór, og Odin vart med. Drengen klara det fint åleine på Håberg; og Odin måtte vekk. Han vart liten attmed å gå der lenger.

Da han hadde vore ute ei tid, såg det ansles ut. – Du syter for Håberg, meiner

eg? lo ein av kammeratane. – Kan aldri tru det. Eg er vel ikkje nokon hønegjætar!

Det måtte vera anna til i verda enn «elsker du mig?» og slikt. Desutan gjorde dei fleire små steng og tente pengar, og eit liv var det å fara våg og vik og gygne etter silda, det eine lage som fiendar imot det andre, det var smågut-tida og Kjelvika opp igjen så det tok gjennom all eins kropp.

Astri vart underlig til motes da Odin reiste. Harm vart ho, men mest kjente ho seg åleine, åleine og veik som ho aldri hadde visst ein kunde bli. Men ho skulde vente, det visste ho. Lauris gjekk ho av vegen for. Ho kunde sitte inni stua og høre han var i kjøkene, ho kunde høre [169] dei lo, eller ho meinte ho hørte det. Det liva opp i huse, kor som var. Ein totre gonger møttes dei ute. Da helsa han berre, og gjekk. – Kor toskut du kan vera, Odin, smilte ho.

II.

Så er det ein kvelden utpå seinhausten Astri kjem frå Skarsvågen. Mørkt var det, og ein utrivelig veg millom berghamrar og sandfall og snaue haugar. Sjøborden dundra vestpå, og vinden peip tynnt og klagande i dei lauvlause buskane; og mørkare og mørkare vart det. Da kjem det ein etter henne. Han harkar og spyttar ein to-tre gonger, rivande høgt og friskt i ødemarka, og no hører ho kor uvøre han trør i vegen, berre så småsteinen trillar for foten; ho blir glad.

Men det var han Lauris. Hjarte gjorde ein søkk i henne, ho måtte rette hardt på seg før ho fekk det i ro. Han banntes ein heil flaum, da han hørte kven det var. – Ja da spring du vel ifrå meg med ein gong, sa han. Men du kan tru meg på det, Astri, at eg kan vera folk eg òg. Her uti villmarka, og du blett mo åleine med meg – nei, eg er no eit menneske lel, på mitt vis!

Ho lo høgt og ovmodig: Han gjorde ikkje å tru ho var redd! – Men visste du kven eg er for ein, så *vart* du det, sa han stilt. Det isa i henne ved dei orda. Måle var grovt av sjølve sanninga. Han voks fram i kvelden og marka [170] til ein stor og kald ein, ein hedning og ein andsvarslaus ein, som hadde hende her. Men redd var ho ikkje.

Da tok han til å snakke. Det kom lågt og rustut, det var visst lenge sia han snakka noko større. Ho skulde vita han var eit naut. Vart ikkje folk heller, anna enn utanpå. Kunde ikkje så pass som angre seg når han hadde stelt seg på det verste. – Alle dei veikjene eg har vettskræmt og vore uliklig imot! Eller har gjort ulukkelig! Som no ei her, du veit kven eg meiner. *Du* kan gjerne vita det, du som veit det så halvvore likevel, elles seier eg ikkje orde, eg har aldri funne eit menneske å snakke med; eg har vorte slug litt etter kvart. Men det er synd i henne. Eg har sagt henne at meg skal ho aldri lite på, – det er ikkje nokon som kan legge grima på meg, det er det som er ulukka mi. Ho trur på meg lel. Gong for gong. Og *ho* er ikkje den einaste – – eg er eit naut!

Han snakka heile vegen. Somtid tok vinden orda hans og kasta dem ut i vêre, somtid kasta han dem beint på henne. Dei kom til bekken, og han flømte over den vesle brua, det var som Astri hadde reddast for. Lauris tok henne utan å seie eit ord, løfta henne opp og bar henne over, stod litegrand og såg etter ei trygg tuve, og sette henne stilt ned. Så! Han var i gonga alt, og Astri med. Ho vart forfæld kor mjo ho var i knea. Og så redd han som no dei kom framover vollane, hadde ^[171]ho aldri vore. Da må eg ha vore redd han heile tida, tenkte ho.

Lauris stana framved smia, han vilde ta beinvegen vestom Håberghusa. – Trur ikkje det er verdt dei ser at du kjem i lag med meg, seier han. Ho vilde seie at det gav ho seg sytten om, men da legg han handa på aksla hennar: Du skal sjå nedover til meg ein gong til. Så eg får vise deg at eg kan vera folk imot *deg*. Du gjer det, ikkje sant? – Det skal eg, sa ho. – Lat meg sjå det. Du gjer vel du som eg, når eg lovar noko: eg held det ikkje.

Han sa godnatt og gjekk med det same. – Nei, held det gjer eg ikkje, tenkte ho. For det er eg ikkje nøydd til.

Dagen etter trudde ho knapt det var sant det som hadde hendt. Ein snev av skam fór over henne gong for gang; det gjorde henne stri og harm så ho kunde trampe i golve. Straks etter kom redsla, som flaks av svartvengd fugl i kveldinga: Kven var det som sendte han ut i gårkveld, – som styrde med all ting? I gårkveld hadde ho ikkje lese kveldbønna eingong, kom seg ikkje til det, ho syntes einkvan vilde høre det og snu seg os sjå på henne. Ja ja, men no gav ho seg ikkje meir om

det. Gjekk til han gjorde ho ikkje, ikkje utan dei andre kom og drog henne med. Men eit par gonger tok ho seg att i, at ho såg seg sjøl på vegen nedetter, ho skulde ned og spytte på han. Og same kvelden bad Åsel henne ^[172] gå ned til Vågen eit erend for seg, det var eit bykvinnfolk som hadde litt handel der. Astri vart kald oppi hovude, men elles stod ho rolig. – Eg må åt fjøse først, sa ho. Ho vilde spørre kjøkentausa om ikkje ho vart med, men ho fekk ikkje opp måle; for tausauga vilde ho ikkje ha på seg, ho torde vel gå åleine?

Det regnte og bles, så ho måtte klæ seg i fullt regnhyre, ho hadde rådd seg av eit særskilt slag da ho var i Trondheim. Ho gjekk på bua først. Ho hadde venta det var fullt av folk der, men der var tomt. Ho måtte stive seg hardt opp, så tomt og kaldt var der.

Det brann lys i stua hoss Lauris. Astri stana ikkje og tenkte seg om, ho gjekk beinast inn, og no var ho rolig all igjenom. – Så er da det gjort, sa ho.

Lauris sat med nokon regnskap og gav seg god tid før han snudde seg i stolen. Det såg ut til han visste kven som kom, men hadde illt om tida. Auga hans festa seg på henne ei stund, ho visste ikkje enten det var stutt eller lenge; dei var som auga i barn. – Kom eg ikkje, kanskje? lo ho. Han sat like rolig. – Var det nokon som såg du gjekk inn her? – Korles da? Det såg eg ikkje etter om! – Du *skulde* ha sett deg for, lel.

Lampa lyste gult på andlete hans og gjorde det enda bleikare. Han såg ned i golve. Så tok han seg saman og skjenkte eit glas vin. – Ikkje ^[173] vera redd no da, så er du snild, bad han. Berre det glase her! Da måtte ho drikke. Etterpå gav ho seg til å sjå i albumme hans. Det var fullt av gjenteandlet, men alle saman var frammande for henne, frå byen og frå Nordland eller kor det no var. Vakre var dei alle. Han tok det ifrå henne og slengte det bort i sofaen. Da først såg ho stua inne, kor fint der var, det likna ikkje stua til nokon annan. I det same såg ho og, at han hadde fått eit raudt strek på kvar sida av panna, heilt oppunder det svarte småkrulla håre. – – Enda er eg ikkje redd han, tenkte ho. Auga hans kjente ho i ryggen eller nakken på seg. – og no legg han handa på aksla mi, fór det gjennom henne, – eg skal alltid komma meg ut.

Han gjorde ikkje det. Han stod murande still midt på golve, såg ein gong på

henne og ein gong vekk, med ho gjekk tett om han og til døra. – Godnatt da, og takk for meg! sa ho. – Godnatt ja! han råkta med seg liksom han hadde dorma, og kom stilt etter henne ut på trammen.

Det var svarte natta ute, berre regne som fauk med vinden gjennom mørkre, og ein to-tre gule lys frå stuene i nærheita. Haugen kunde dei kjenne som noko stort og lodde midt imot seg. Sjøen baska vilt nedmed stranda; ein skilde ei kvit rand som steig og fall mot det svarte; ein strid i mørkre.

«Tør du gå heim ålein?» spurte han, tett bakom henne.

[174] «Ja da.»

Ho kjente armane hans i det same, dei tok rundt i kring henne og løfta henne opp. – Vera snild! sukka ho. Da seier han, det hørtas botnlaust tungsint i vindsøyen og sjøbrake: Enn visst eg tok og bar deg inn no, meiner du? – Nei. Vera snild, Lauris! – Kan vel det og, eg, sa han, og no stod ho breiddmed han og kunde gå visst ho vilde.

«Du kund no bli med mæ eit lite stykkj – – forbi hetninghaugan?»

Ho hadde ikkje komme i hug desse gamle gravhaugane før no med det same ho sa det. Han tok armen hennar og så gjekk dei.

Da dei nådde Håberg-jordene, stana han og vilde snu. – Veit du kva du tenkte på no? spurte han brått. Ikkje på noko. – På det at du har vore gift. – Nei! – Jau! Du kom i hug at at du hadde vore gift ja, at du mest ikkje hadde vore gift.

Det gav ein rykk i henne: Korles veit du det? – Tenk etter om eg ikkje seier sant. Ho gjorde det, til ho ikkje visste kva ho skulde tru. Han heldt ved: Like sant, ban, som at du har – ja, lat meg sjå – som at du har hekte i underlive ditt, eller snørelive eller kva de kallar det.

–Det har eg ikkje! Eg har trykkknappar. – Hekte, seier *eg*. – Tøv! – Du kan da vel tilstå det?

Fingrane hennar dirra, og all hennar kropp: ho reiv opp ytterlive på sida, og han kjente etter. [175] – Hekte ja, sukka han. Ho vart litt svimren, ho trong all si makt før ho vann seg til. – Det er sant, eg bytta her i dag, men du har berre gissa på, du *har* det, hører du! – Ja, herre gud?

Ho sa godnatt og skyndte seg ifrå han. Ho måtte bite imot så ho ikkje gret. – At eg ikkje sprang! hiksta ho. At eg ikkje *sprang*!

Åsel såg straks ho kom inn, at einkvart hadde hendt henne. – Du vart lenge? sa ho. – Ja eg heftast litegrand. – At du sette av åleine da, svarte kvelden? – Pytt san! Men auga til farmora hissa opp henne. Ho møtte dem trassig og ærlig som ho var vant til: Eg var innom hoss 'n Lauris. Skulde sjå nystua hans. Så vart han med meg på vegen eit stykke. Nei da, han gjorde meg ikkje det slag! lo ho. Åsel såg og såg på henne. – Du ser no mest ut som det ikkje var fritt? – Eg angrar berre på at eg gjekk dit likevel, det skulde ha vore ugjort. For han, han trur han *spara* meg han!

– Men at han gjorde det, like vel? sa ho med seg sjøl, og det sa ho mange gonger før ho sovna.

– – – Veka etter kom Odin heim. Han såg tålig snart at Astri var ikkje den ho hadde vore. Ho prøvde å sjå på han som før, men da slo han auga ned, for hennar skyld. Han lest heller ikkje som han såg at ho hadde skifta ringen over på venstre handa.

Ein kvelden var ho og taus vekk og kom ^[176] ikkje heim før seint på natta. Morgonen etter spurte han henne, dei møttes i gangen: Kor du var i gaarkveld? Ho svara ikkje. Auga stod mest hatige imot han, dei hadde aldri vore vakrare nokon gong når ho såg på han. – Men er du besett da, Astri? He? Ja ja, eg kan ikkje seie noko, men. – Nei du nei! Du, som ikkje tør seie eit ord! For resten da så – har det ikkje hendt nokon ting, vil du vita det. Ikkje *enno* nei! og dermed gjekk ho framom han og inn.

«Tør?» smilte han.

Laurdagsnatta etter dansa dei opp nystua til Lauris. Odin vilde ikkje vera kleinare karen enn at han dansa med. Men Astri, såg han, vart forandra først Lauris kom og snakka til henne. – Det må no vel gå over? sa Odin ein gong han dansa med henne. Ho forstod han, og vart ansles i hamletten; han trudde ho var nær inn på gråten.

Og det var ho. For no var det for seint. Lauris hadde ikkje sagt noko enno, han hadde vore underlig så still av seg siste kvelden dei var ute og gjekk, men det var

for seint, for seint likevel, same kva Odin sa no. Ho skimta andlete til Kristine, kvar gong ho svinga rundt. Det var så vakkert, kvitt og fint under silkegult hår, med ei djup smiledokk ved munnvika, og i dansen sveiv ho lettare og mjukare enn nokon av dei andre. Og auga hennar dei var reine gifta å møtast med, Astri vart bein i nakken under dem så det gjorde vondt. – Skam ja, det var så ein kunde døy, men det gjorde *godt*.

[177] Lauris skjenkte ikkje stort, og ingen kom seg til å minne han om det. Han var heller ikkje så lausreipa lystig som han hadde vore.

Utpå natta, midt i dansen, stanar han og tek Astri med seg bort i ei krå, med dei andre fór framom i villaste valsen. Dei var to-eina som den kvelden ho kom til han.

«Veit du det at du er mi no?» sa han.

Ho trudde mest han ropte det, men ingen annan ansa det. Ho såg harm på han, men vart bleikare og bleikare.

«Du veit det, når du vil vetta det, Astri.»

«Ja, æ veit det.»

«Men veit du kem æ e for ein da?» «Æ trur æ veit det ò ja.»

«Trur du det kan bli *folk* tå mæ da?»

Ho tok over handa hans, og vart blod raud. Ho retta seg stolt opp:

«Utan det – – va æ ikkj her i kveld.»

Ho gjekk ifrå han. – Eg vil heim no, du skal la meg i fred! Ho måtte ta i alt ho var godtil, skulde ho klare å gå bein. Odin såg ho bortmed andre veggen, ein høg bleik ein som ho ikkje hadde noko med, – som ho ikkje trong noko hjelp av; han hadde visst sett det som hendte. – Ja, eg er seld no, mumla ho imot han gjennom danseduren. Ho stal seg ut og heim.

III.

[178] Andlete til Odin, slik han stod bortmed veggen da ho gjekk, såg ho ofte for seg sia om dagane, helst når han var borte. Og borte var han no, mykje godt.

Gurianna i Kjelvika låg for døden, og han var der til det var slutt og gravøle overstått, han kom berre til Håberg nokre erend. Lauris var òg i Kjelvika og såg til Gurianna, for han var av folke til Bendek. Odin og han følgdes åt og snakkast ved som dei hadde gjort.

Åsel vart òg bedt til gravøle, men ho årsaka seg med at ho var ikkje så lik. Det kitla i Astri, når ho merka farmora såg etter henne: Tru kor mykje ho veit? Tru kva ho seier til slutt? Kvifor kan ho ikkje spørre meg? Ho nynna og smått song der ho gjekk.

I jula vart det auksjon i Kjelvika.

Det kom utrulig med folk, for det var slikt fint gangarføre og godt vêr, berrfrose og blanke stilla. Odin smilte da han såg kor dei heldt seg fram og vilde sjå kva som var *etter* han Bendek. Der var meir enn dei hadde trudd, men ikkje noko slikt som dei hadde venta, ikkje ein ting som dei kjente att annanstads ifrå og hadde glede av. – Nei, sa Odin med seg sjøl: tjuvgods er her lite av; det vart hans Bendek alt i hop, etter som tida gjekk. Han hadde sin måte å vera ærlig på, dei andre har funne opp sin.

[179] Midt imillom dei andre såg han Astri og Lauris. Dei heldt seg eit godt stykke ifrå einannan, til eit tegn på at dei hørte i hop eller tenkte på det. Om kvelden da auksjonen var over, passa han på og vart i lag med dem i heimvegen, han ropte enda til seg nokre andre ungdommar, og sistpå vart dei ein heil skokk.

Da dei kom til Håberg, lest Astri som ho ikkje ansa det, og vart med Lauris på vegen nedetter. Dei andre kom sigande med. Da dei endelig stod på stubrua og skulde gå inn, ho og Odin, snudde ho seg til han og lo: Herre Gud rett for ei farmor du er! Kjem du deg ikkje ifrå Håberg snart, blir det berre henne heile guten – eg er *glad*, er eg, at det har gått så gale som det har!

Ho hadde ikkje tenkt å seie meir; men Odin stod der og tagde, og slik tagde huse og heile gåren, – slik tagde vinden her på Håberg om han bles aldri så stridt –, ho tålte det ikkje! – Eg skylder deg ikkje nokon regnskap, Odin, så mykje du veit det, eg skylder ikkje nokon regnskap! Ho hørte måle sitt skalv, og gjorde seg lognare. – Trur du ikkje eg skjønna deg her i kveld: at du vilde ikkje folk skulde sjå at han og eg gjekk tosaman heim? For resten har eg tenkt å snakke til deg

fleire gonger og fortele deg alt i hop, du skulde tåle det, du skulde ikkje vera mindre til kar. Men så gjekk du der og tykte at eg hadde gjort deg urett, og det hadde eg ikkje! I grunnen er eg like glad. For det som har hendt, det er så urimelig, [180] eg er så langt langt ifrå dykk andre, det er han og eg. Eg kjente det da eg gifta meg med Arne, at eg skilte lag med folke mitt.

Ho stod og studde seg med ryggen til dørkarmen og såg ut over haugane, dei synte seg nakne og svarte imot blåbleike himmelen. Han stod med hendene i lomma og såg på henne. Andlete hennar tedde seg tydelig i halvmørkre, eit einslig og stolt andlet, og no fór der som ein varme av lukka over det:

«Lagna'n min vil æ ta i mi eiga hand, det e så mykje dokk veit det, all i hop!»

Lagnaen, det tykte han var eit stort ord, eit ubrukbart ord. Men det var ikkje til å smile åt heller, denne gongen. Om han hadde vore i stand til å smile. – Ser du ikkje det da, sa han, at det er lagnaen som har teke *deg*? Ser du ikkje det da, Astri?

Men ho fór alt oppgjennom troppa. Da vart han underlig til motes. Kvart stege hennar beit i han som ei tong. Dette måtte vera ulukka. Og her kunde han stå og nyte henne, både hennar og si ulukke, kjente kor ubergelig vondt det gjorde i dem baa to, så det aldri kunde gro til meir – – han kunde laga ein song om det. Orda og takten var der så livaktig, slik var det å vera diktar! Ein elendig og skamlaus ting. – Det er, hunden flette meg, di skyld alt i hop! kaldflirte han til seg sjøl.

Dagen etter visste han at *det* var berre halvveges sant. Astri såg han levde langt borte, og [181] slik vart ho gåande. Det var bitande sant det ho sa, at ho var glad det hadde gått så gale som det hadde.

Åsel såg frå den eine til den andre. Ein kvelden gav han seg likså gjerne over og stana attmed henne, ho sat åleine inni stua og venta på han. – Veit *du* korles det er med a Astri? spurte ho. – Eg trur da det. – Det er han Lauris da? – Ja. – Nei nei nei. *Er* det slik lel da. Har du snakka med henne? – Å ja. Lite grand. – Du kunde ikkje ha forhindra det da, Odin? – Veit ikkje eg. Det skulde visst ikkje forhindrast. – Eg forstår ikkje nokon ting meir! Du har da snakka så mykje med henne du? – Ja berre det ikkje er det som er i vegen. Med *han* snakkar ho knapt slik. Ho vil rå seg sjøl, seier ho. Ho vil laus ifrå slekta og alt i hop. Det må vera

sjølve mor Slehta som driv henne til det – eg undrast ikkje på det!

Han står ei stund og lid vondt som ein hund, blistrar litt på ei vise og undres om han ikkje kan gå no. Men han kan ikkje det heller. Lampa brann oljetør og slokna, men det lyste nok ifrå omnsdøra.

Åsel sukker. Ho sitt still lenge. Hendene ligg som dei er valne i fange, dei lyser kvite og maktlause i mørkre. Så endelig tek ho til og rører på dem. Ute grasserer snøfokke kringom veggene, det kysjtar og kvæser frammed rutene, illsint men ikkje tungsint. – Hm! hm! sukker Åsel. Ja, det er visst slik, Gud hjelpe oss så sant! Ho let att ^[182] auga: Ja, eg ser det no. Eg ser det no: Så tvert imot det eg har vore! Stups uti det ja, på liv og død, eg kunde mest tru det var meg sjøl like vel. Hm! hm! Men det er noko friskt i det, Odin? Like vel? – Ja ha, smiler han, det er slik ein må legge i veg ja, når tida er der. Eg, eg var for lite farlig for henne. Fanns verken ulukke hell lukke der san.

Odin hørte ein liten knepp i ytterdøra. Åsel hadde òg hørt det. Det var einkvan som stal seg ut. Ingen av dem sa noko, men dei visste det var Astri.

Og Astri visste dei hadde hørt henne.

Snøfokke blinda henne med det same ho kom ut. Det tok rundt i kring henne og snørde henne inn, ein kvervlande dans av vill og galen snø, syntes ho, men det var ei venlig makt likevel, som var *med* henne og bar henne i veg. Ho vilde til han i kveld. Det bars for henne at det hendte einkvart om ho ikkje fekk snakka med han, og dertil var ho meir åleine enn ho stod ut med, heime. Sitte inne og høre på denne håse stormsøyen, det var ikkje menneske skapt som kunde halde ut med det – kva var det det song om? Men *han*, han hørte det ikkje eingong, og ikkje ho heller visst ho var i nærheita med han.

Men hoss Lauris var det sløkt og stengt. Astri stod der lenge. Ho var bortunder eit av vindauga hoss dei andre og såg kva klokka var; ho var straks 10. Ho lya attmed veggen hans att. Inne var han ikkje. Da hørte ho sjøen, himmelshøgt over snøskyene som kvervla i kring henne, han ^[183] løfta måle kaldt og rolig og *tala*. Så beiskelig åleine kunde ein bli, no visste ho det. Ho stod her og var det alt. For Lauris han kom ikkje i kveld nei. – Og kjem han aldri meir, da går eg på sjøen, sa ho; ho snudde seg og gjekk oppover att. Vil ikkje han ha meg,

kan sjøen få meg. Men til byen *skulde* han da ikkje?

Heim gjekk ho ikkje, ho heldt vegen fram, stridde og sleit seg imot austavindsstormen, til andlete brann som det hadde vore i elden. Inni marka linna det litt i vêre. Her vilde ho vera i heile natt.

Da hørte ho dem: Lauris og Kristine. Ho stod tvert still. No såg ho dem og, dei kom fram utor snødreve, med armene kring einannan. Dei kom frå Vennestad og skulde til Vågen.

Ho vilde ha snudd og komme seg unna, ho kunde gråte av skam over at ho stod her, men einkvart tok i henne og blåheldt henne. Ho såg seg sjøl, at ho hadde snudd og rømte for dem, ein liten kvitgrå fattigkjerring-skapna som tusla i veg og vart borte i snøen og mørkre framfor dem. Aldri!

Ho slo det store sjale kring hovude og gjekk framom dem. Dei snudde seg ikkje og såg til sides eingong, ho var ikkje anna lel enn ei tørklækjerring bortant stuene. Ho gjekk langt austgjenom marka, det var så vidt ho fann vegen attende. Ho var på veg ned til Vågen att, men vart ståande og tenke seg om, og snudde så og gjekk inn.

Kvelden etter var det opphalds vêr. Ein og [184] annan snøkvervelen slo til vêrs frammed skogbande og tok seg ein dans i måneskine, men vollar og haugar låg berrfykne og brungrå. Så ødslig eit syn hadde ikkje Astri sett før. Det kom for henne at slik kunde òg ulukka sjå ut; enda fekk ein lide henne; den som skulde.

Ho gjekk openlyst fram til stua hans og inn, sjå det kven som vilde.

Han låg borti benken og sov. Da ho kom fram på golve, vakna han og såg på henne, blå vaken, men sa ikkje noko. – Kor du var i gårkveld? spurte ho. Han såg lognt på henne, blunka eit par gonger. – Ja, sa han. Eg var det du. Du veit det, ser eg.

Ho stod og tagde. Ein skugge av grått mørkna hamletten hennar.

Lauris strekte på seg, løfta handa i vêre og dunka hardt i veggen: Mot deg skal eg vera ærlig. Mot eitt menneske er ein det. Det bar til henne med meg ja. Bar ikkje ansles til; same kva eg tenkte. Du veit: like born leikar best; det må vera det.

«At slikt kann gå *for* sæ?» kom det frå Astri, ho var på veg opp med handa og

vilde ta seg for bringa.

«Det går for sæ mangt *i live*, san, det veit ikkje du stort om.» Han låg ei stund og såg i take; så sa han: Det er den store synda, at du skulde komma til å vita om det. *Det* skulde eg ha spara deg for. Det var ein annan ting eg vilde spara deg [185] for, ser du. Det eg ikkje kunde be deg om, du forstår meg? Så gjekk eg til henne.

«Det gjord du rett ti. Men du må spara mæ for det da, at æ møti dæ oftar!»

«Ja ja, når du sei det så. Som du vil med det.»

Det fór som kvite uvêre over alt hennar andlet:

«Vil? Du ska ta a Kristine, du ska ikkj gjera nar tå ho ò!»

«Ho Kristine og æ ja. Det e ting, det, som ikkj du forstår dæ på.»

«Ja men, *ho* ska ikkj oppleva det her! – – Men at slikt kann gå for sæ da!»

Lauris mumla med seg sjøl, at henge opp seg, det var det han skulde ha gjort. – For eg gjer aldri anna enn det som er ulukka for folk. Så smiler han fram for seg, han er uransakelig i dei smale gulbrune auga: Gifte meg ja. Eg er så redd kvinnfolkakta –eg er for veik! Det er berre ein ting som kunde ha lokka meg borti giftarmåle. Så redd det er eg. Og den tingen er du.

Astri stod enno ein minutt eller to; ho såg for det meste i golve. Så snudde ho og gjekk, utan eit ord.

Same brunberre ødemarka framfor henne, og same kvite snøskyene som reiste seg bortunder skoggaren og dansa; ein skulde mest ha hørt dei lo. Og månen skjlein langt til havs, og langt innpå snaufjelle.

Dagen etter var Astri liggande. Åsel såg opp [186] til henne eit par vendingar. Siste gongen hadde ho litt mat med, einkvart godt ho hadde tenkt ut, og så tynnt bad ho at Astri trua i seg ein bit. – Skal eg verkelig tru at Vårherre har bønørt meg? sa ho til Odin da ho kom ned. – At det er slutt no alt? – Knappt nok, trudde han.

I kveldinga, da Odin hadde gjort ifrå seg ute, tok han seg mot for og gjekk opp. Han sette seg på senggavlen hoss henne. – Det er kleint med deg no, meiner eg? Han snakka lyst og kvardagslig, men venta ikkje anna enn at ho skulde jaga

han ned. – Du skulde stå opp like vel, Astri! Du er ikkje den at du legg deg for slik; så heile huse veit det. Kjenner du ikkje kor ulovlig det er?

Astri låg og tagde som ho hadde gjort. Best det er kastar ho seg om imot veggen og storgret. Odin reiste seg og vilde gå, da han hadde sitte og venta ei stund. – Han kjem no att åt deg lel da, sa han, for noko måtte seiast. Ho hiksta så det kunde bryte henne sund:

«Det verst tå alt – – æ kund ta 'n *enda!* – Finns ikkj stoltheit – – finns ikkj skamm ti mæ meir. Æ kund ta 'n lel, for ingen har såra mæ, og tynt mæ, slik som han.»

Odin sette seg att. Når ho kunde seie dette til *han*, da måtte det vera kleint til gagns med henne. Og kven var han sjøl for ein, som sat her og tok imot det? Men når han tenkte på kva som gjekk for seg her i huse no, vart det lite det som hendte han.

[187] Dagen etter var ho oppe, og om sundagen, da Åsel skulde til kirka, kom ho og vart med henne. Det såg ut til ho var over det verste, og Åsel vart still og ålvorsam av takk.

Etter preka kom Astri framom Kristine. Ho såg Kristine drog seg unna henne, med eit lite fattig kjerringhat under brunene. Astri gjekk beint på henne, midt i vegen for auga hennar. – Du! sa ho, det er einkvart eg vil seie deg. Kristine stirde halvskræmt på henne. – Det er berre det, at meg skal du ikkje vera redd, for eg står deg ikkje i vegen.

Kristine slo auga ned. Angst og skam flaug henne over åsyna. Astri bia litt, før ho sa farvel og gjekk.

IV.

Men Astri var sjuk. Odin hadde tenkt å reise, men han var uviss om det var rett. Det var noko som sa han, at han vart ikkje mindre for det om han gjekk her og kjente seg liten. Det sa han òg, at dette måtte han sjå og vita, til botns og ende, det var som ei næring i denne pina.

Da fann han på at dei skulde halde fest i ungdomslage, ein for heile åre, som han sa, for i jula hadde det ikkje vorte noko av, og enno hadde ikkje folk reist til være. Det fór ein mann oppi bygdene og tala for ungdommen og ordna med samskipna i ungdomsarbeide. Så kunde dei [188] slå seg saman med eit par av dei nærmaste ungdomslaga og få han hit, ta møte og fest under eitt. Formannen og dei andre murra litt i førstninga, dei visste ikkje å få hus til så storfenglig eit stell som det vart. Hus skulde Odin skaffe, meinte han; det var hus nok på Håberg. – Han kunde like snart spørre om bedehuse, lét dei. – Sei ikkje det, gut, sa han i fullt ålvor. Seier dei nei andre stader, så gjer ikkje ho mormor det.

Åsel vart sittande og sjå på han både undren og vantruen. – Skal verkelig ungdommen komma til meg da? Ja ja, Odin: når *du* er godtil å bale med slikt no, så veit du – – – Skal dei dansa òg da? – Nei, det får klare seg med litt leik den her gongen. – Det er eg mest glad for; eg trur ikkje eg tålte å sjå på dei dansa, eg er ikkje *til noko* i hovude meir.

Etter mykje strev fekk dei det i gang. Det var fest frå tidlig på dagen og natta til endes, med taler og song og leik, og litt mat inn-imillom, Håbergstua var fylt frå ende til ende. Dagane førut hadde det vore stormen og snøfokke og hardt vêr, men den morgonen var det fint både på sjø og land. – Det er rart å sjå kor ungdommen kviknar til når dei er mange i lag, sa Åsel; det er reint årti å sjå dem. I mi tid – – ja, dei var gjerne slik da òg. Kan hende vi var urlite sterkare til å vera åleine, eg minns ikkje til det.

Astri var med i oppvartninga. Ho svara når dei snakka til henne, og stort meir hadde ho aldri [189] gjort. Men Odin hørte nokre av ungdommen visste korles det stod til. Dei såg ofte etter henne.

Han stod utpå gåren og snakka med eit par kjenningar frå grannebygda. Inne gjekk det kaffe og mat. Da ser han Lauris kjem oppover med børsa på aksla og svingar til skogs vestom Håberghusa. Han blir ståande og sjå på han eit lite tak. – Ja men, det nyttar ikkje det! seier han best han står, og så legg han i veg nordom uthusa og møter han nedmed smia.

Lauris sette børseskjefte mot jorda og stødde seg med bryste mot pipa. Han blunka til Odin: ho er ladd ja. – Men *du* skyt deg ikkje, sa Odin. – Nei, det er for

tidlig. Eg skal no ha denne arven min frå Kjelvika først, – det fell på meg heile slumpen, ser du, for søskena mine er det ingen att tå. – Men ho Astri er dårlig no om dagen, du veit vel det? – Enn om natta da?

Odin gjekk bortåt han, så han kunde sjå ned i auga på han. Han vart kvit og raudfleckut over andlete fort vekk,

«Gjer du nar tå a, da kjem æ te å gjera oss oløkkeli, både dæ og mæ!»

Lauris kvakk ikkje. Han fekk berre eit anna drag om munnvikene. Odin heldt ved:

«Æ veit du e ei sål te kar. Men *noko* godt e det da vel ti dæ ò?»

Lauris småflirte:

«Du Odin, du Odin! Men be du mæ verkeli om å tak a da?»

[190] «Ja, obetinget!»

«Obetinget,» mumla Lauris. «Men da ska du pinade vår dæ for at æ gjer dæ eit pek: at æ tek a lel? He?»

«Den her gongjen snakke vi allvår, Lauris. Du ska vis dæ som du e!»

«Det e da det æ gjer, æ. Som ein skarv og som ein seglar på livets hav.»

«Nei, Lauris. Æ held dæ likar enn slik. Æ lit på dæ,» – han snudde seg og gjekk ifrå han.

Lauris såg etter han. Han rista urlite grande på hovude, smilte så vidt. Ja du Odin! Vemodig, at det skal finnast så stor ein tosk. Men skje din vilje; for det er min.

Han gjorde seg ein sving i skogen, men fann ikkje rypa, og dermed la han børsa på aksla og gjekk beinast til Håberg og inn, lysan dagen og midt i folkauga. Han spurte i fjølliden om Astri var å få snakke med. Ho kom utan å seie eit ord. Ho er skinande kvitbleik da ho står ute. Dei andre såg etter dem og var rar til motes.

Dei gjekk vegen nedetter til Håberg. Sola skjein ikkje, men snøen lyste så det skar i auga. Lufta var lett og linn under dei kvite skyene, og nya skogar og nye fjell møtte ein når ein såg seg i kring, haugane og strendene og heile lande var

nyskapt etter stormen og siste snøen. Det ^[191] var slik vidd i dagen, ein kunde kjenne på seg bygdene langt unna, at dei og var lyse i andlete.

«Ja ja, Astri, no går vi her,» sa Lauris. – Du bad meg ta a Kristine, men det gjer eg ikkje. Eg er den eg er, men den synda skal eg ikkje gjera lel. *Kan* ikkje, hører du, eg har da prøvd det. Ho prøver berre å likne deg, ho, i alt og eitt – du skal ikkje fordømme meg til den straffa, Astri. For da blir det alvorlig synd i henne.

Ho går og hører det ikkje. Gong og annan ser ho seg i kring, kan ikkje få til at ho er her. Han tek handa hennar, og ho let han ta henne. – Rart òg, seier han, at du Astri skulde komma borti det her. At du og skulde bli ei tå dem eg har gjort ulukkelig. Folk held alt på og synes synd i deg.

Da bråstansa ho. – Synd i meg? Å *fysj!* – Ja, eg seier det same eg. Nei, det blir ikkje anna råd enn at eg rømmer lande, – blir ikkje det likast, tru?

«Du reisi ikkj ifrå mæ no?» Ho tyngde i handa hans, ho var visst nær på å sige i hop.

Jau, han skulde ha reist ifrå henne, trudde han. For i lag med *han* vart det berre vondt for henne.

«Æ veit det, Lauris. Æ e ikkj redd!» Torde ho leva *her* da i lag med han?

«Ja! Æ tør det.»

Han ser utover sjøen, som ligg still og blakk med andlete imot skykvelven. Han ler:

^[192] «Ska æ verkeli segel skuta mi på skjære no da!»

«Ja, no bli du aldri fri mæ meir!»

«Nei, gu be're oss så sant!»

«Du e da vakker!» ler ho, best ho står og ser på han. – Hadde ho ikkje vorte vår det før? – Nei! det hadde ho ikkje sett! Det var ikkje derfor han var slik ein vålig ein, det var ikkje derfor.

Ho klemmer handa hans alt ho er god for. Lukka isar gjennom henne:

«Det var berre det at du – – *skuld* vera gla ti mæ. Ansles gla ti mæ enn ti di

ander veikjan!»

Dei gjekk nedover og inn. Men straks ho kom inn, fall det på henne ei tyngd av uro, ho visste ikkje kor ho skulde gjera av seg. Derfor vart ho glad, da han sa at han var svolten. Ho gav seg til å koke kaffe, og han kom og hjelpte henne med å bera fram mat; han hadde ikkje så lite. Snakka gjorde dei mest ikkje. – Her blir da mat til to? sa han. – Ja, eg trur eg vil *prøve*, sa ho. Dei såg opp og lo til kvarandre eit par gonger med dei sat med borde: det her gjekk da høgtidsamt for seg! – Fot under eige bord, sa han.

Etterpå, da han stod og tendte pipa, sa han: Du skulde vel heim til festen du? Ho rista på hovude. Da tyta det fram ein vev med urfine rukker under auga og over brunene hans: Tør ^[193] du ikkje ta meg med dit da? Det såg ut som ho vakna med det same og at det som *var*, stakk henne for bringa; men ho retta seg opp og smilte: han fekk ta på seg kisteklæane sine da!

Ingen la større merke til dem da dei kom til gars.

Da festen heldt på og rakna opp utpå natta, vart Astri vår at Kristine stod burtmed døra i kjøkene og såg på henne. Ho var bleik og fåi å sjå til, det var ikkje stort om henne. Astri forstod henne, og kom og vart med henne ut. Kristine tok armen hennar og leidde henne med seg. Astri syntes det skjein av auga hennar, og skjein gjorde det all himmelen over og jorda rundt. – Eg må fortele deg det, sa Kristine. Eg må fortele deg korles det er. Eg bed ikkje om å få att 'n Lauris, men han og eg – ja vi har vore som gift folk i lang tid, og så tenkte eg at *du* skulde vita – –

«Ti still med skamma di!» sa Astri og slepte henne.

Kristine tok til gråten. – Ja, Astri, eg ser det no, eg skulde heller tie eg visste ikkje kva eg skulde gjera du er så langt ansles enn eg, du! Men eg visste ikkje korles det var *med meg* – –

«Nei, nei!» bad Astri for seg. – Nei, det *er* heller ikkje noko, eg veit det no. Men *du* skulde vita det, tykte eg.

«Æ veit det før.»

[194] Kristine stod ei stund; så kom det mest som ein hånflir: Ja, var det berre

eg enda! Men han har ei i byen og, han skal ha ein liten ein med henne. – Veit det før! sa Astri, ho var så likeglad at ho vart forundra sjøl. Ho sa godnatt og gjekk inn, og Kristine seig i veg heimover. – Svik og løgn! sa Astri med seg sjøl.

Det var i ei farveltaking både ute og inne no. Åsel hadde alt gått og lagt seg. – Det var rettelig eit bryllopp det her! sukka ho. Urlite tam av seg er dei, no for tida, men. Det er ingen konst å vera foreldre til slike born.

Lauris hjelpte Odin og eit par andre med å rydde ut og flytte til i stua. Astri var ikkje meint på å seie anna enn godnatt til han, men ho vart meir og meir urolig, og da han skulde gå, vart ho med han på vegen att. – Du snakka med Kristine? sa han. – Nei. Det var ho som snakka med meg. Så langt ned kan ein komma. – For mi skyld da; eg veit om det. – Ja, eg veit alt om deg, men det gir eg meg sytten om, eg trudde ho snakka ikkje sant, ho fortalte om både seg sjøl og ei i byen. Men det *var* Kristine, det der, eit utslite menneske, ho var ikkje i stand til å tenke på seg sjøl ein gong; eg trudde mest eg skulde vakne og få sjå at det ikkje var sant. – Enno er det tid til å snu, sa Lauris. – Det veit du det er ikkje! Vi reiser til byen og giftar oss, no i vinter, så er det gjort. Eg veit du blir eit anna menneske da, eg veit det så visst. ^[195] Eg vil lite på deg, det er det einaste eg vil. Du kan gjerne ta live tå meg!

Lauris sukka: Det lesser seg på meg med velgjerd! Og skal du endelig berge denne seglar-slampen din i hamn, så herre gud! – Men *det* er ikkje sant, Lauris, at du har ein liten ein i byen? Eg trur det ikkje! – Å, gu' hjelpe meg, eg kan ha mange eg! – Det var det eg visste, det var ikkje sant! For det hadde vore så – – så vondt likevel. Du lastar deg sjøl støtt. – Men at eg skal komma oppi Håbergslekta da? sa han. Det er som ei romanbok. Som eit *skuespil*, gut! Ja berre det at eg skal få – skal få *lov* å kysse deg eingong! *Deg!* Det hender, det òg, som ein ikkje har fortent.

Astri gjekk og såg fram for seg, det var likt til ho gjekk i sømnen. – Dette måle ditt! sa ho. Ingen kan høre kva som er sant eller falskt der. Ingen kan grunde ut andlete ditt heller. Eg vil berre lite på deg.

Ho vart med han inn, og sat der til det lysna ute, det var ikkje så lang stunda. Ho sat i voggestolen, og han gjekk att og fram på golve med hendene på ryggen,

litt breitt og stødig som skipperen går. Han snakka om framtida; han hadde mange planer. Astri hørte knapt det han sa. – Ho farmor trur eg er tapt for heile slekta, smilte ho. Berre ho levde lenge nok!

Han stana og såg på henne ein to-tre gonger. For kvar gongen fraus ho litt kring hjarte ^[196] med det same, men det gjekk over i ei glad undring: At han ikkje rørte henne. At det var ein ting som var hellig for han, og det var henne.

ÅSEL

I.

^[197] Åsel spurte Odin ein kvelden utpå vinteren, kor mykje det vart på han i Kjelvika, når alt kom i hop. Han var ikkje så stø på det enno, men eit par tusen godt og vel, hadde han hørt. Om det vart så han fekk det da. Bendek hadde skrivet det, på sitt vis, og Gurianna hadde sagt det til nokon kvar der omkring. – Men han Lauris seier det er sitt. Han er av folke deira, langt uti.

Åsel klipte med auga og rekna etter. – Det må vera langt uti òg, det. Du har redelig fått det, det veit da folk. – Ja. Men eg får no kjenne på det. Mitt er det, men.

Ho sat og såg fram over golve, med ein og annan blunken på han. – Kan du ikkje seie meg, Odin, kva du *vil* heretter?

Klokka song den gamle visa si, og veggene hørte etter som dei hadde gjort. Odin gjorde det vondt som eit gnag i kveld. Slikt eit mål hadde sjølve tida, og den skulde ein knapt høre etter. Vinterkvelden lyste inn eine vindaug og ^[198] syntet fram stua, i ein bleik og mildøygd avglans over gamle vegger og gamle ting, dei stod her og let tida gå. – *Det ser på meg, og ho ser på meg*, tenkte han; dei får vel

det da. – Ja, eg er no fri mann å kalle, sa han, og no møtte han rolig auga hennar, så illsviande bønlike dei var.

«Du veit du får går'n her. Billi.»

«Langt ifrå. For den ska a Astri ha.»

Åsel såg stort på han. Han raudna, men tok ikkje åt seg auga. – Neida, eg er ikkje stor i meg, det er ikkje det, sa han. Ikkje er eg god hjarta heller. Det byd meg imot, berre.

«Æg meint det va meir tak i dæg enn som så, Odin.»

Da ler han, både høgt og godt: Det er det no og, det! Vent no berre – kvifor kan ikkje folk vente? Eg skal vel gjera det som er tyngre enn å ta garen her. Garen sin skulde ein visst rydde seg sjøl.

Åsel kremta, det hørtes for Odin som eit lås knepp i. – Astri ho får ikkje garen nei. *Her* skal ikkje sitte nokon Lauris, det *veit* du da visst òg?

Odin gjorde det. Men det er berre når eg er Åsel, tenkte han. Og ho skal vel ikkje leva til evig tid her i bygda? – Det kan seiast mange ting om det, sa han, – det står slik i ei bok eg har.

Ute avdagast det fort og stilt, og Åsel såg folna ut nokre minuttar. – Men han der Lauris ^[199] har eit barn med a Karen-Anna i byen, har du hørt det, Odin? – Nei? Han såg forfælt på henne. No sat ho logn og sterk. – Men eg seier ikkje noko til henne. Han veit visst å greie det sjøl, han kjem for meg slik. Seier ikkje *noko* til henne, eg.

I det same hørte dei Astri kom syngande inn i kjøkene, og straks etter eit erend inn i stua, men da hadde Odin gått ut andre vegen. – Kan du ikkje stane her urlite? bad Åsel. Astri sette seg på vedkassa. – Har du drukke ettermiddagskaffe? spurte Åsel. – Ja, for lenge sia. Åsel gjeispa eit par gonger: Eg vart så trøytt, eg meiner jamisel eg må få meg ein drope til. – Ja, kjære! Astri reiste seg alt, men Åsel bad henne sette seg.

«Du *ska* ha 'n Lauris no da?»

«Ja, farmor, det ber den vei'n – men vi reisi te by'n og gifta oss.»

«Hm! hm! Ja, æg forby dæg det ikkj, ban. I Guds namn! sei æg heller; som æg sa ein gong før, du fór ifrå oss. Og han Odin, han må vel stå det over, san. Æ sei, at han Odin får stå det over så godt han kann, sei æg?»

«Han Odin ja? *Han* tar sæ knaft nokon tæring tå det!»

Astri visste ikkje av, før ho stod der med auga fulle av tårar. Den eine handa klemte den andre i fange. Åsel kremta att. – Men han Lauris får ikkj garen her. Så mykje du veit det. – [200] Garen nei? det har eg aldri tenkt; det vilde eg ikkje eingong – det er ikkje derfor han Lauris vil ha meg. Den kan han Odin få.

Åsel sat ei stund og tagde. Astri hørte glørne peip inni omnen; det skilde ikkje henne. – Han Odin vil heller ikkje ha han, sa Åsel stilt. – Vil ikkje 'n Odin, kva for slag tull er det? – Han seier du skal ha 'n. – Jaså. Jaså, han trur *det* han. – Kva da, meiner du? – Nei, ikkje noko større. At det er garen her han Lauris vil ha i. Eg trudde ikkje han dømte meg så hardt.

Det hørtes som gråten skulde manne over henne, men ho stod seg. – At ho seier det så ofte! sukka Åsel med seg sjøl. Eg har ikkje tenkt å slå handa av deg, ban, sa ho. Men Håberg, det er einkvart anna. Tida har flytta her ifrå; eg ser vel det; om eg ikkje vil sjå det. Om så han Odin tok gåren: det vart ikkje Håberg lel. Nei, umulig. Å, Astri, det er vondt når tida har fare ifrå ein. Så sitt ein att og ikkje veit det. Til ein er gammal og kan aldri nå att henne meir. Men slik sitt vi. Her har vore ei ny tid i lande lenge no, men her sitt vi. Og du og han Odin, de flyg med; det er langt imillom oss alt. Eg skal ikkje spå for deg. *Du* kjem deg igjennom det, korles det så går eller ikkje – lat meg no få ein kaffesup, så er du snild.

Astri reiste seg og gjekk åt kjøkene, men det var likt til ho gjekk i sømnen. – Det tenker [201] han Odin, mumla ho. Og eg, som heldt han så høgt: Eg vilde berre *tenke* på han!

Da ho kom inn med lys, såg ho at farmora hadde gråte, og det hadde ho knapt sett før. Ho gjekk utan å seie eit ord. – Men han Lauris, han seier ikkje noko vondt om 'n Odin, han, tenkte ho. Enda han veit det bedre enn eg; det har eg sett på han. Det fór med ein kald skjelv gjennom henne, at Lauris visste all ting.

Alt anna kom for henne som småting like vel, men farmor som sat og gret, det var ei bør å bera på. – For hans skyld gjer eg det, sa ho. Det skulde ikkje ha

skjedd, men eg gjer det lel.

Ned til Lauris hadde ho ikke meint på å gå i kveld, men ho kunde ikkje la vera. Ho fortalte kva farmora hadde sagt om garen. Lauris hørte det ikkje. Han sat og tenkte på einkvart anna. Ho fortalte om Odin, som hadde slått seg tver og heller ikkje vilde ha garen. Eine munnvika til Lauris kraup litt opp, og eine auge vart litt mindre. Så glømte han det òg.

Astri stod attmed borde hoss han. Ho beit seg i leppa og stirde rett fram for seg. Da seier ho, best ho står: Eg har aldri sett det så vel før, kor fattig eg er for deg. Men: det var slik eg *vilde* vera! Ho seig beint ned på stolen og gret, gjømte andlete i hendene framover borde.

Lauris sat og såg ein gong på henne og ein gong i golve; han var både undren og opprådd. [202] – Kvinnfolk som gret, det ligg for høgt for meg, sa han. Prøv å la det vera da! Han bad henne om det fleire gonger. For eg har da deg, eg, veit du; eg har deg *i vente*.

Han reiste seg og gjekk att og fram bakom henne.

Da ho reiste seg og møtte auga hans, var dei som blanke trolldommen over henne. Makt åtte ho ikkje, og nåde var der ikkje, ho var toeina i huse nattens tid med ein farlig ein; ho stivna til i salig redsle.

Men da han tok og bar henne til kammerse, fekk ho att makti og sleit seg laus. Ho visste lite kva ho gjorde, eller kvifor, ho stridde berre for seg og vann. Ho vart forfæld, da ho hørte kva ho sjøl sa:

«Det ska ikkj skje! For da – – da reisi du ifrå mæ!» Det var ikkje det ho hadde tenkt å seie!

«Nei men herre gud!» sa han.

«Ja, no e det liti om å gjera at du ikkj jaga mæ,» sa ho og smilte. «Men du får heller det da.»

Ho tok på seg og gjekk, og han kom og vart med henne. – No er vi likare folk enn ho farmor di trur, sa han. Det er eg glad for. Har visst det heile tida, eg, at du var slik.

Ho stana for og lya utover. Det var stille natta, med grå himmel og grå jord. –

Kor det susar frammed lande! sa ho. – Godvêrs-lyd, murra han. Og rettno blir det våren.

II.

[203] Nett føre påskhelga reiste Astri og Lauris til byen. Dei skulde gifte seg på skrivarkontore. – Skal de det òg? sa Åsel. – Ja, han Lauris hører ikkje til statskirka, han er fødd i frikirka og oppvaksen utafør alt, seier han. Nei, denne gongen seier eg ikkje imot det; det skulde ikkje monne stort heller, kan eg tru. Han er godslig, det veit eg vel, men han er ikkje den De trur. Eg er redd han! – Høy san! – Ja, De forstår det ikkje, eg ventar ikkje det. – Ja, tida er rar! smilte Åsel.

Dei orda kom Astri i hug da ho baud farvel med henne. Det var rart alt i hop.

Odin ropte ho berre farvel til tvert over gåren, han heldt til oppmed eldhuse og bonna med einkvart, og han retta på seg og ropte lukka på reisa. Lauris hadde gått førut, og gjætarguten skyssa henne.

Odin var nær på å le da ho hadde kjørt, for her stod han andre gongen no og såg ho fór i veg og gifta seg. Ho hadde bedt han til bryllops. Nyfikna blinka så vidt han kunde merke det i augnekrikene hennar, no som sist: ho skulde ha visst korles det kjentes for han. – Du held meg no undskyltdt om eg ikkje kjem? hadde han sagt. Ho såg på han, halvt i andre tankar, og sa nei, nei da, det er så det, men.

[204] I gårkveld hadde Lauris komme og spurt han. – Står du fast for ein mann, så veit du eg kjem, hadde Odin sagt. Lauris blistra litt; så sa han: Hadde du vore ein tå gammalkarane, så hadde du komme. – Da trong eg ikkje komma, ban, for da vart det du som kom til mitt bryllopp.

Farmora hadde òg Astri spurt. Lauris hadde bedt henne gjera det. – Såpass skulde eg ha vore ja, sukka Åsel. Eller så lik, at eg hadde stoppa heile reisa di. Astri smilte med smale auga, ho måtte ta bortpå aksla hennar: Det hadde no vel ikkje vorte så lett det, farmor? Åsel tok handa hennar, og strauk litt over henne. – Kor vakre hender du har. Ja, eg skulde ha sett deg i kvit brurakjole, Astri, eg kan

ikkje seie anna enn at eg hadde – – venta meg den gleda. Men det skulde ikkje slik gå. Eg er ikkje til det. – Brurakjolen kan De få sjå meg i lel, om så i denne kveld, hadde Astri sagt, og så hadde ho skyndt seg vekk. Åsel hadde vore med henne austpå bakken da ho fór.

Noko bryllopp skulde dei ikkje halde, berre middag for ein seks-sju menneske på eit hotell. – Enten det eller storbryllopp, hadde Astri sagt. Ho budde hoss mora, og Lauris borti byen hoss ein kjenning.

Om kvelden kom han innom hos Otte, han vilde høre om dei var mykje sint på han, sa han. Det vart eit lite togn inne, som gjorde Astri vondt. Da sa Andrea, ho såg bort på Otte: Det skulde [205] no visst hjelpe bra det? Andrea var så rolig i lukka si; henne kunde ikkje noko vondt utanfrå nå inn til.

Lauris går fram og sett seg, han skulde ha kaffe. Han sitt og ser ut på gata. Da tøyser han på seg og ser bedre etter, det går nokon framom som han kjenner. Så sitt han som før, ein stødig brurgom å sjå til. – Ho kjem hit, seier han, han ser på Astri og smiler. Astri skjønner han ikkje, men ho får ein liten angst inni undringa.

Det kom ei inn, ei gjente i grå kåpe og svart hatt og med ein liten gutnabbe ved handa. Ho tverstana innom dørstokken, da ho såg Lauris var der. Auga for frå han og til Astri, og til han att. Dei bad henne sette seg. Ho hørte det ikkje. – Det var deg eg skulde ha snakka eit par ord med, stottar ho fram, og no er ho så raudlett som ho før var bleik. – Ja, her sitt eg, svarar Lauris.

Ho stirde opprådd på han. – På tomanns hand, mumla ho. – Ja vel, men var det ikkje heller Astri du vilde snakke med tru? han sitt og haldar seg attover i stolen som før. – Jau, det *var* det, seier ho, forfæld. – Ja, det er ho Karen-Anna det her, seier han med dei andre, ho Karen-Anna Jensen, – ein sambygding og kjenning for oss alle.

Astri har stått bortmed omnen med hendene framfor seg, og der står ho. Utan å røre seg; litegrand bleik berre. – Jau, det var det, sa Karen-Anna att. Astri ser på mora, og ho og Otte [206] går ut; så snur ho seg til Karen-Anna: No er det lenge sia eg såg deg. – Ja, og ikkje hadde eg tenkt å komma hit heller – eg *tenkte* det ikkje! det bar i gråten med henne. – Men du kom no lel, ikkje sant? sa Astri. Men du må da sette deg! Og han der, litlen, han er din han, ventelig? ho

snudde seg til Lauris.

Lauris sat og spella på bordplata. Han løfta på augelokka, og drog på smilen: Det skulde visst stemme så tålig det ja.

Karen-Anna hadde komme seg noko, men vart ståande nedmed døra. Ho ser berre på Astri. – Eg visste ikkje kva eg skulde gjera, eg hørte det først i går, at du skulde – – og så tenkte eg at du visste ikkje om det her.

Ho måtte halde styr på gutungen, han var ein urolig ein og vilde fram og ta katta under stolen. – Eg visste han hadde narra meg, men eg tenkte du skulde vita det, – han skulde ikkje narre deg! – Meg? seier Astri. Det har han da ikkje gjort; han har fortalt meg det alt i hop, og i morgo skal vi gifte oss.

Lauris ser opp. Han er forundra for første gongen her, og er på veg og skal seie noko. I staden reiser han seg og rettar på seg, går så bort og stryk gutungen over håre: Men ein gasta gutdevel like vel, ikkje sant, Astri? Han snur seg til Karen-Anna: Eg har tenkt på dykk baa to. Omfram det du har fått, skal han ha arven min i Kjelvika, det blir alltid ein tusenlapp eller to. – [207] Arven din? spurte Astri. – Jaha. Det er eg som er nærmast der. Eg må stå på retten min, eg som har arvingar alt. Sei meg, treng du peng no? Ikkje det. Men sei ifrå. Eg er som anna snildt folk, eg er lett å be og lei å få noko tå.

Karen-Anna sa farvel og kom seg ut. Guten snudde seg i døra og såg etter katta. Han hadde brune, blanke auga, litt i det gule visst.

Lauris snudde seg til Astri. Ho stod der med hendene i fange enno. Ho såg ned. – Jaså, du visste ikkje det der? smilte han. Ho rista på hovude. Da litt hadde vore, sa ho: Ikkje trudde du eg visste det heller! –Du kan ha rett i det. Og no lyser du *av* heile høgtida, ventelig?

Ho svara ikkje. Små rykkingar fór gjennom akslene på henne, men andlete var like fast. Han såg vel på det. Tok så fram klokka og såg på henne.

«Æ skuld no ha vissta det i kveld da, sjer du?»

Da slo Astri opp auga. Ho stirde på han og forandrast over heile andlete; ho stirde på klokka han stod med. Hendene losna ifrå einannan, ho skingla bort til sofaen og sette seg.

«Æ visst da vel du elska mæ ikkj! Æ visst det så vel, men.»

Lauris småflirte:

«Da stod æ knaft her san. He?»

Andrea kom i døra, såg på dem og kom inn. Lauris la hendene på ryggen og fortalte hendinga. [208] Hadde ikkje ho heller visst om det? spurte han. – Nei, ho hadde så lite snakk med folk. – Men har ikkje han Odin fortalt deg det? han såg på Astri att. – Visste *han* det da? – Kan aldri tru anna, smålo han. – Jaså. Så – å!

Andrea sette seg attmed Astri. Lauris går til døra, blir ståande med handa på handtake. – Ja ja, seier Astri. Eg har no berre tenkt på meg sjøl. Dei andre må vel òg ha lov til det. Men *det* må Vårherre hjelpe meg til at ikkje han Lauris fører fleire i ulukka! Alt anna – – bed eg han ikkje om!

«Tek du n lell da!» Andrea såg forvilla frå Astri til Lauris, han stod nedmed døra og bia.

«Det gjer æ vel? Det va inga *sak* visst æ kund – –»

I det same tok gråten henne. Ho snudde seg vekk og gret stilt. – *Farmor!* hørte dei ho kviskra.

Lauris gikk og sette seg. Det fekk ha si tid.

Astri tok seg snart på tak og sat bein i sofaen. Ikkje ein hikst meir; andlete var berre litt hove kring auga og nedetter vangane. Ho ser på Lauris; ho var nær på å smile. – Og du sitt der så rolig som det ikkje skilde deg! – Ja, eg ser ikkje anna råd. Eg er da ikkje så grov heller, at eg skulde til å gjera teater her, i frammand manns hus. Eg venta mest du kom og gav meg ein under øyra.

Så bleik hadde dei aldri sett Andrea før. [209] At du ikkje tenker det slag på kva folk seier, Astri! Da smilte Astri, ein manggolva smil: Det er det eg gjer, mor. Eg som aldri har gjort det før. Eg kunde ha teke han berre for den skyld. Ho reiser seg og går fram til han, legg hendene på akslene hans og ruggar på han:

«Kann du ikkj sei at du e liti granne gla ti mæ da?»

«Nei, desverre. For æ e døkti gla ti dæ. Så våga du spelle, så – – klemmi vi te i

morra.»

Ho vart med da han gjekk. Da dei kom til losjie hans, låg der brev åt han ifrå Odin. Lauris for det igjenom, og fortalte Astri kva der stod: at han Odin gav frå seg arven sin. – Det skal ventelig vera brurgave åt oss, sa han. Astri vart ståande klumsa. – Gir han ifrå seg? – Ja ha, det forstår seg. Han er større enn eg, veit du. Det skal vera kol på hovude mitt. Berre det ikkje svi deg òg med det same. Enda det er så med den arven, at han lovlig og redelig er min. Men la gå med det. Eg seier takk og ære, eg, ikkje meir teater om den tingen. – Du tek ikkje imot det? sa ho. – Jau. Ikkje meir teater, hører du. Og peng hørte du eg har bruk for. Og du, Astri, ja, du er no ein helligdom for meg, ei tempelkiste som eg aldri får sjå inni, det var vel derfor eg måtte ha deg, – men du får bruk for peng du òg, ikkje sant? Du har planer, dei kallar? Jau, eg veit det. Det har eg òg. Planer.

[210] «At 'n sei ifrå sæ arven sin!» Astri bles hånlig.

«Han e stør' hell mæ, som sagt. 'Dette har en fiende gjort,' står det.»

«Han vinn du alltid over.»

«Det veit berre du og Vakkermannen; æ veit det ikkj nei. Men ein tempelrøvar det e æ no da. Men: æ kann umuli vara så stor ein slauri som 'n Odin og di ander held mæ for; ette som æ kund *få dæ*.»

Ho treiv over fingrane hans og klemte dem. Ho undrast, det var ein frysna i det, om han hadde fleire born. Oppi Nordland der hadde visst skiprane mange kjærrestar. Lukka, tenkte ho, er underlig så kald, som ei ferd i blanke vinternatta; ho må visst vera slik, skal ho vera verd noko. Ho kom i hug farmora og Håberg, og han Odin og seg sjøl.

«*Han svelt ikkj, som dyrt kjøpi!*» sa ho.

– – – Åsel var ute og bad dem inn på Håberg da dei kom att. Astri hadde tenkt å kjøre framom utan å sjå til sides, eller kanskje springe av og helse inn, så vidt. I staden vart det som ei lita brylloppshøgtid. Odin var i ungdomslage eller kor det var. Tak for tak møttest ho med auga til farmora; dei venta så stilt på henne. Da ønska ho at ho hadde vore lita, som ein gong for lenge, lenge sia, så skulde ho ha gått bortom veggene nokonstads og sagt det:

«Du ska få sjå, farmor!»

III.

[211] Fru Mina frå Segelsund kom til Håberg ein kvelden utpå våren. Odin syntes ho hadde vorte gammal sia sist. Ho gjorde seg rolig, såg han, men ho var det ikkje, det kjentes på kvar rørsle ho gjorde at ho hadde det vondt. Men andlete var vakkert enda, det hadde dei stolte og mjuke draga som før, den same fine hamletten som Åsel bar, og auga kunde stråle med den gamle sjeldsynte glansen. Einkvart ungt og ovmodig sat der att, men alderen var der, og ho visste om han; det gjorde vondt å sjå det. – Nei, som Astri hadde ho aldri vore, ho hadde ikkje havt den venleiken, og ikkje den makta; det var ikkje noko frammandt ved henne som gjorde henne umissande; ho hadde vore fin og vakker berre, og stolt. Ikkje den djupna i auga nei, og ikkje alt det andre heller, – han reiste seg brått og gjekk over golve. Han såg beint imot sola, som stod inn vestre vindaug og lo.

Da Mina kom, hadde han vore meint på å gå sin veg, han skulde ikkje vera i vegen for henne. Men einkvan i han lystra ikkje, han skulde ha sett korles ho tok det når ho skulde i kast med Åsel. Erende visste han straks; for slik måtte *ho* sjå ut, når ho skulde myke seg og be om noko.

Mina og Åsel snakka om vøre som anna folk. Det var seinvoren vår, ei mengd med snø inni [212] marka, det var godt at ikkje folk var forlause. Men Gud er god, seier Mina. Da blinkar det til eit par gonger i auga til Åsel, ein mild men sterk blåna. Ho kjenner tyngda av erende den andre sitt med. – Men handelen, det er vel ikkje så frakt med han heller i vår? – Nei, den hadde havt ein to tre leie år no, sa Mina. Folk borgar hoss oss, og reiser til byen med pengane; det er fast takst det no snart. Mina legg eine foten over den andre, ho har urande små sko med blanke snyter; hendene ligg lange og mjuke i fange. Ho ler litt: Enno har ingen fått handelen til å gi på Segelslund; eg veit ikkje korles det er vore. Og korles ein steller det og tøyser seg – folk er mest som dei hata både handelen og oss?

Det fór ein liten støyt av varme gjennom Odin. Det rørte seg ein stor lovna i han, han vart raud og kunde knapt stå still; men no hadde Mina komme seg i gang: Dei hadde sagt opp låne hoss denne slektningen sin i byen, han var ein

blodsugar! Det var utfor bakken han vilde hjelpe dem; og meir og meir hoven vart han. Da ho sa at dei ikkje trong han, vart det lite og inkje att av han.

Dei skulde slutte med handelen no da? spurte Åsel. – Slutte? det kunde dei vel ikkje? Korles skulde det da bli med folk? Dei måtte vel kunne få eit banklån dei som anna folk, dei hadde pant å legge for seg meir hell godt nok.

[213] Odin var på vegen ut no; men i det same ser Mina opp på han, tek omkring han, synes han, med den trolske barneglansen i auga. Dei sømm ifrå han att, men det varme take sitt enno kring hjarte, og sviande opprådd sitt ho der. – Berre eg hadde ein termin, seier ho, eit tusen kroner, så var vi berga, for til sommaren ventar vi pengane frå Amerika, det er over 3 år sia mor døde, og to snart sia far døde, vi fekk svar frå øvrigheita her ein dagen, at kompaniskapen var oppløyst og mest all ting greidd, berre nokre småting att.

Åsel spurte om det vart noko att da? – Javisst vart det, ikkje lite heller, du veit han far sat i stor forretning sistpå. Men korles er det med deg, Odin, du fekk vel ein vakker skilling i Kjelvika, – kan ikkje du låne meg eit tusen eller to? imot *tinglæst obligasjon* i gard eller forretning?

Odin vart raud som nypa. Auga hennar stråla over han, med han stod og kom seg. Han retta seg opp og heldt fram baa handflatene, og lo uvørent:

«Dem har alt fari sin veig – Herren gav, Herren tog, og så videre! Han Lauris meint han ha retten te dem, ette loven, og så fekk 'n dem.»

«Nei men Odin, e du gal du?» Fargetonen forandrast i kinna på Mina, det skulde så lite til det, men ho heldt seg bein og lo med: Var [214] han slik ein tullvalle i pengevegen da? Same galningen som på sjøen? Ja ja ja, det var ikkje meir å snakke om da.

«Ja, det va domt, æ sjer det no.»

Åsel kremta berre. Ho hadde visst hørt det før, av Astri. – Ungdommen finn på mangt, sa ho endelig. Det har vore så all tida det. Og no, Mina, no har eg funne på noko som eg trur skal bli rett: Du skal flytte hit til Håberg. Ja nei, det er ikkje nokon gave; eg gir ikkje gaver lenger. Eg vil sele gåren, og da er du den nærmaste til å få han, no som det er. Eg vil bytte han sund, han er for stor.

Mina såg ikkje forundra ut. Ho spurte berre om Åsel heldt på og miste vette. – Nei da. Nei, gudskjelov! Men no gjer eg det eg har gruva for i langsamlig tid; som eg visste eg skulde gjera, og aldri fekk kraft til før no. Vår Herre hadde ein finger med i at det gjekk som det gjorde med Astri. For den vegen, det var no hennar veg, stakar; og her på Håberg skal det ingen Lauris sitte med eg er ovan molda, det vinn eg ikkje sjå på. Astri, ho kjem seg alltid i vøre att; og meg gav det makta til å gjera det som rett er. Han har ikkje glømt meg, like vel. Han er forunderlig i råd, som det står. Ja ha, i tre partar har eg tenkt å bytte sund gåren, det er rundelig jord nok. Ein har ikkje retten til å sitte med meir. Ikkje høver det heller, i tida [215] som kjem. Så du skal vera velkommen hit, Mina, Du skal få han rimelig, har eg tenkt.

Mina sat og var langt vekk. No rømte ho med seg: Enn han Odin da? Åsel smilte: Han vil ikkje. Ikkje enno. Han må ha sine vegar. – Ja, men eg kan ikkje, moster, det veit du da vel? Reise ifrå handelen og Segelsund og ta til med ein garpart her – kva trur du folk sa da? Åsel lo, ein urande tynn og god liten lått: Ja nei det veit eg ikkje, – nei! Kva dei sa, seier du? Sjå, det har vi no tenkt så lite på, her i gåren. For lite òg, somme gongene. Det tenkte eg ho Astri skulde lære. Ho skulde flytte Håberg inn i bygda, eller bygda til Håberg, det går rundt for meg snart. – Ja ho har no stelt det vakkert både for seg og deg, og for oss andre med.

Måle til Mina klang like mjukt, men der darra ein streng i det av harm, som berre Åsel hørte. – Det er ikkje alle som strid den gode striden nei, sukka ho. Kanskje han er ikkje så god heller som vi trur. – Kva for slag? Mina hardna til. – At det er likså bra som det har gått med henne, tenkte eg. På den måten kjem da ho inn i bygda, visst eg ikkje fer vill. Dit ho skulde, rettare sagt.

Mina tek fram gullure, ser på det og på veggklokka. – No kjem kaffeen straks, smiler Åsel. – Du vil ikkje hjelpe meg da, moster, med [216] eit lån? – Neimenn om eg det vil nei. Eg vil hjelpe deg til halve Håberg, så langt går eg og ikkje eit føtt lenger. Og det trur eg mannen din er nøgd med. – Han? Det drog seg ei kvit strime over andlete til Mina, ho hadde kjent svepa. – Ja, det kan hende det, la ho til, og logna seg. Men det er umulig – det er for resten ikkje meir å snakke om det.

Kaffeen kom, og vart drukke, og Mina gjorde seg i stand og kjørte heim. Ho

var meir rolig no enn da ho kom, det såg ut for Odin som ho skulde ha vunne ein stor siger der ho fór. Åsel smilte imot jorda, då ho snudde seg og gjekk inn att: At verden og det – skal vera så sterkt i oss! Nyttar ikkje nei, kor dei prekar og kor dei bed; dei *er* slik. Hm! hm!

«Deven han rett!» kom det frå Odin.

«Nei men hysjt da, Odin!» Åsel snudde seg i døra og såg forfæld på han.

«Ja men: at æ skuld vara så dom? Ho kom her og gjord sæ te hund for mæ, og så kund æ ikkj hjolp a lell! Osså sa ovom oss som ho va da ho baud farvel, såg Dokk det?»

Åsel lysna over alt andlete med ho såg på han. – Slik var du den tida du var småguten, sa ho. Det får vel ei råd gjelde da, la ho til. Visst eg berre fekk seld.

Jaså, han var ingen kar til å stå imot dem som bad om noko? sa ho da dei var inni stua att. – Eg? Han såg skamfull ut: Eg vart da ^[217] verande inne her berre for å sjå korles ho tok det når ho skulde myke seg, og når ho fekk nei. Medkvart så – – gjer det godt å sjå på folk som sitt i klemma. Eg legg det på meg. Men det er berre ein og annan gongen. Men visst ikkje det var, så måtte ein bli ståande kvit i andlete og med tårane i auga, trur eg, og leite og ikkje finne veg utomkring – – det er så mangt som er *umulig*! Det er lenge no sia den tida. Da ler eg heller, når eg ser på dem: Det er ein mann som renner i ring, han skal nå innpå seg sjøl attanfrå, kanskje han skal spenne seg sjøl i baken? Eg skulde ha vore *den*, at eg kunde syne dem kor dumt det er. Og så han Lauris, som gliser vondt til meg for desse pengane. Skrót var det!

Han skjemtes, da han hørte alt han hadde sagt, og gjekk ut.

Ute var det uventa alt han såg på. Det var blanke kvelden all vegen utover, skydottane lysna og mørkna i eitt vekk over han, og sola slo ned på svarte åkeren eller mosabrune reina, på småbjørk og myr, ho slo ned på fjelle ein staden og bar det hitover med gråberg og skar og byskje.

Slik hadde det stått her og sett dem, i godt og i vondt, det hadde vitna så truverdig imot dem, at verda ho er ikkje ansles. Men kanskje hadde det tedd seg fram ansles like vel for dem, det kunde ingen vita. Kanskje det aldri hadde

[218] synt seg før for ein gutdevel som vart gåande her og slenge, som ingen veg kom, berre for det at der sat eit gammalt menneske og hadde mista alt anna og sat og såg etter han, – ein vantrivning for Vårherre, han gjekk og gjømte pine og sorg liksom andre gjømmar gull, til han vart rik ein gong og kunde synge det for folk så tårane trilla. Ventelig hadde dei huta han utor gåren, dei som var her før. Ja, der var no han Ola Håberg, Klokkardauen, dei hadde da sett han på, kor som var! Så milde kunde dei vera, imot den som veik og unyttig var. – Ja, men: ein som han blir eg no ikkje da! lo Odin, det er forbarka! Eg ventar meg da meir i live enn dei gjorde alle i hop?

Og no gjekk han, han stod ikkje her lenger og snakka eller tenkte; det var så armodslig eit syn, å sjå seg der dagen etter, med huva attpå nakken og auga nokonstads borti tomme lufta.

Vestavinden låg i stridt sig innover, han sopa og bles og vilde stryke ut alt ein gjekk her og bala med, det var ikkje anna verdt. Elles var det sommaren han hadde i hugen, ein blåna for auga langt framme, ein kunde kjenne att seg så livaktig i det.

For slik har ein det, det som er, i ein blåna framfor seg, Odin kjente det stod der og venta han, mange, mange ting, han ikkje meir enn skymta dem eller kjente tokken av dem. Men no hørte han staren på stuetake, og lerka oppi [219] lufta, over pløgsla og reinane, det var godt ein kunde ta til og gjera einkvart. Det hadde i grunnen vore våren all tida, når han tenkte seg om.

IV.

Astri kom oppover til farmora rett som det var. Når dei råktes, kunde ein ikkje sjå større skilnaen på no og før imillom dem. Den eine var glad for å sjå den andre. Imot Odin var Astri ein grand stuttare, og litt meir for kvar gongen, men auga slo ho ikkje ned for han. – Sjølv veit kva eg kan ha gjort henne? sa han med mormora. – Nå, eg veit no ikkje kva eg skal seie om *det*, svara ho.

Ein dagen vart ho med nedover, og sia kom ho der oftare; dei fekk det fint i stand der nede, etter kvart. Astri var gjerne med henne på vegen oppover att.

Da dei går oppover ein kvelden, seier Åsel at no vil ho skille seg med gåren. Ho kan ikkje bestast med han lenger, her er ikkje eingong folk å få –ho vil bytte han sund! Og vilde Astri ha ein part, så fekk ho seie ifrå med all som først. Så ho kunde få den parten ho vilde. – Her, pekte Åsel, har eg tenkt at husa til eine parten skulde stå. Ja nei, kår det vil eg ikkje ha; det er for gammalt. Tida og folke er ikkje slik at det går lenger.

Astri går og ser ned. Så seier ho: Det er [220] ikkje slik at eg forsmår det, farmor; eg er enda glad at De vilde sjå oss her. Men eg kan ikkje seie noko. Eg får høre kva mannen min meiner. – Ja, det likar eg, seier Åsel. Visste da han var så pass til karmann. Ja ha. Og no byttar eg han sund, som sagt, – garen, meiner eg. I tre partar. Det er ein rar gjerning – – uff, eg går så reint for fort! Og så er det ho Mina. Ho må ha hjelp. Ho skal flyte med eg lever; eg ser det no. Enda har eg, så eg kjem meg i jorda på folkevisе.

Ho stod ei stund og kvilte på; ho var reint kvævd for bringa. Ho ser ut over jordene. – Jamenn er det rart. Slike jorder, Astri; og dei vakre reinane innerter, har du sett dem? Om det så er dei små runde haugane, dei ligg der og er i vegen både for slått og plog; dei er vakre likevel, eg vilde ikkje ha dem vekk. Dei ser meg ut som dei er pynta, eller som dei skulde vera slitt av folke her; og slik med allting. Og no har det havt si tid. Rettno er det ingen som ser *det* lenger. Men han Odin ser det er rett, det eg gjer – – det *må* han da vel gjera?

Det var blidaste maidagen. Det grøntes etter regne over vollar og skog, og no skjein sola på det, og vinden var så lett på handa i dag når han strauk over det. No gjekk sola bort, og da syntes Åsel det slo opp auga og såg enda grønnare på ein. Jordene andre stader, dei såg gustne ut enda, liksom dei ikkje hadde komme [221] seg etter sjukdommen. – Det vart ein eiande god liten gar her, Astri, ikkje sant? Men du tykkjer eg gjer gale du, ventelig? Eg undres ikkje på det. Men han Odin, som sagt, – – det stø meg så!

Astri står og ser på farmora eit tak. – Det vilde vera tynnt og fattigslig, det eg kunde seie imot Dykk i dag, seier ho. Så ler ho litt: Det er stridt nok å sjå Dykk i auga. De som veit at De er på rette vegen, – det må vera rart for resten!

Men da ho var på vegen heimover, såg ho Lauris for seg, slik still som han

gjekk der om dagane og grunda. Han var ikkje skapt til å sitte i ei stue, og sjøen var han heller ikkje stort mota på, det var jamnast berre tape der no.

Ho fortalte han kva Åsel hadde for seg. Han var ein for seg i det òg, Lauris, at han hørte ikkje på det folk sa. Derfor vart ho glad kvar gongen han snudde seg til henne og svara, det kom ovanfrå og ned til henne, ein storveges gave. Det gjorde han no. – Det blir ei sak millom deg og småkarane dine, vakna han og sa.

Astri vart lysraud, og fekk dogg-glansen i auga. Så skygde tanken over andlete og gjorde det hardsett. – Alt anna kunde eg gå med på, sa ho, men at ho Mina skal bera vekk medelen frå Håberg til Segelsund, det vil eg no tenke på. – Du skal ikkje forsynde deg imot alderdommen, Astri. Han nemnte henne på namn, [222] det gjekk ikkje ofte på. – Kor gammal kan ho vera no? Ho farmor di, meinte eg. – Ho er snart sytti. – Hm. Ja. Da er det ikkje meir å vente av *henne*. Litt glede må ein gammal krok ha; for det om vette har fare.

Astri fekk ein liten kul ved eine munnvika somtid, og den synte seg no. Panna stod bratt og sterk under det høge brune håre. Auga var grå og utan glans, slik dei var når ho tenkte på einkvart. Da var dei på det vakraste, tykte Lauris. Ho var bra nok elles òg, ja kors, ei levande gjente, men da først var ho *Astri*. – Eg skal snakke med henne, sa ho lågt.

For no visste ho kva han vilde. Han vilde ha Håberg, det var ikkje mindre det. Og det var ho glad for, *no*. Så mykje skal ein ville ja, når ein er emna til mann. Så kan ein få nåde til å gjera einkvart for han.

«Ho må gjerast o-myndi!» sa ho, da ho var på vegen oppover att. Det var dagen etter.

Åsel såg ikkje større forundra ut da Astri kom inn. Ho såg det knytte seg der ved munnvika, og auga dei var ei djupn med kjærleik og vilje, så forunderlig grå i letten; Astri ho hadde komme dit ho skulde. Ein kunde bli glad straks ein såg henne.

Nei takk, Astri skulde ikkje sitte. Men eg har tenkt litegrand på det De fortalte meg i går – det kan ikkje vera meininga Dykkar, veit eg? Karve sund garen og strø han ut til Per og Pål [223] – det kan ikkje vera meininga, seier eg? Og a Mina skal ha pengane? Kan De ikkje finne på einkvart anna gale da, heller?

Men Åsel sitt bortmed vindaug og smiler, ut imot kveldsola, som har rodd seg ut i nordvesten og just vil til å gjøemme seg bakom Skarshaugen; så snur ho seg til Astri med same smilen:

«Nei, bane mitt, no gjer æg det som rett e, no; endeli ein gong ja. Du snur mæg ikkj, Astri, æg e for tung i sige; æg kjenni mæg som sola og vind'. Det e leng sia æg kjent det no.»

«Dokk kann ikkj ha vette Dokkes da!»

«Jau, stakkar, det hi æg.»

«Ja men, Dokk må *tenk* på det, farmor!» Astri bad no, med ein liten knekk i måle.

Åsel slo den eine handa fast oppå den andre: Ho *hadde* tenkt på det. Så alt for lenge. No skulde det skje ja. – Det er ikkje så herlig å arve ein stor gar som du trur, og han Lauris. Inga sak for deg, seier eg. Han Lauris skal kløne seg fram, det er *han* skapt til. Han er ein seglar og ein skipper, enten han er på land hell sjø. Er det ikkje noko dei kallar skippertak? Det skal han ta. For deg og dine.

Astri syntes ho stod imot striaste vêre. Ho måtte sjå det Åsel såg. – Men ho Mina skal ikkje snøye av her i huse! sa ho, og no fekk ho harmen for seg att. Eg er vel dotra etter 'n far min, det kan De ikkje nekte! *Ho* skal ikkje komma ^[224] og gjera dem arvelause, det er da ikkje slik det har vore her på Håberg? Og enn småkarane etter ho Elen? og 'n Odin da?

«Det er slutt med Håberg no. Slutt for mange Herrens år sia. Arven, ban, den hi du, den ber du med dæg, og 'n Odin slikt slag. Håberg kan der byggast kor helst du vil i lande, hus-på det! Men han ska byggast. Juvikfolkje tok i handa på den som trong det; og du trøng det ikkj. Ja, slik e det, Astri.»

Astri visste knapt korles ho hadde komme seg ut. Ho visste berre at ho hadde tapt og at ho måtte finne Odin. Han kom heim frå åkeren i det same, med unghestane i beite, og dei var utasa både han og dei. – Har *du* snakka med a farmor? spurte ho. – Eg har da det? – Men er ho rett da, sei meg det, er ho ikkje tullut da, tru du? – Ho er da visst i sin gode rett. Og meg skil det ikkje; men eg har tenkt på det, eg skal tilstå det. Og likar det gjer eg ikkje nei.

«Ho må gjerast omyndig!» ropa ho, ho står og bevrar som unghesten.

Odin gleder seg over henne; ho er så stolt og vakker. Dette er endelig henne, for fullt ålvor, no når ho har ein mann å slåss for og verda går henne imot. Han hører måle og ser andlete, ho har gitt det alt saman til han Lauris. – Kan ikkje du Odin reise til byen og snakke med saksføraren eller skrivaren, kan du ikkje gjera det, Odin? Jaja, så reiser eg sjøl. Det var det eg [225] visste, at det var ikkje stort om deg. Eg reiser sjøl. – Enn om du snakka til han Ola på Segelsund? – Eg reiser sjøl. For dette her skal ikkje skje. Ho må avsettast før det er for seint.

Dagen etter gjekk det båt til byen, og Astri var med.

Åsel bad Odin kjøre innover til Segelsund og seie Mina at det skulde bli hjelp å få likevel. – Det vilde han helst sleppe, sa han. Ikkje for si eiga skyld, men for Astri sin del. – Du får spenne for Gammelbruna åt meg da, sa ho. Eg er redd det blir for seint. Du meiner eg gjer ikkje rett i det her da, Odin? – Ja, eg synes det ber gale i veg. – Ja men det andre, at eg deler sund garen, du held da med meg i det lel? Gjer du ikkje det, Odin? – Nei, eg – eg kan ikkje seie det. Nei, eg får det ikkje til. Det er gale, farmor! han ser opp på henne.

Ho stod og såg på han. Ho blunka tomt og tankefattig. Så samlar ho seg i ein tung sukk:

«Nei nei nei! E det sant, Odin! Skuld æg bli så ålein på slutten?»

Odin visste ikkje meir å seie, og så gjekk han ut og spente for. Og i veg fór ho, med bankboka i veska.

Same veka stod der 3 garpartar utlyst til sals. «Nærmere ved eieren. Eksped. anv.»

Folk som hadde vore innom på Håberg, hadde hørt det av Åsel sjøl, så dei trong ikkje om blade, dei som budde i bygda. Straks etter [226] var eine parten seld, til ein gut utant Skarsvågen, som hadde fare med Lauris ei tid og sia hadde tent peng med silda. Øystre halvparten av stua gjekk med i handelen. Sia kom det eit par mann ovant bygdene og såg på dei andre partane.

Åsel undrast på kor det vart av Astri, dei hørte ikkje meir ifrå henne. Odin kunde ikkje svara på det. Men den kvelden kom ho oppover.

Lauris hadde flirt til henne den dagen ho kom att og fortalte at det ikkje nytta. Sakføraren, *Peter den store* dei kalla, hadde sagt henne at Åsel burde dei late i fred. – Så pass har ho visst både tent og fortent? sa han; Astri glømte ikkje auga hans. Dei gløste imot henne gjennom ei skodd med tobaksrøyk og godlått, og gjorde henne blå vaki. Ho måtte sjå seg sjøl der ho sat, eit forvilla lite ting som aldri fann heim meir, og framfor henne ein knepslug devel som sat og las i henne, – som ikkje vilde henne vondt eingong! Han kom i hug det òg, syntes ho, at ho var gift med 'n Lauris. Da kom det for henne utrulig, at ho skulde heim til han, og da ho kom ut på gata, var ho viss på det hendte ikkje. – – Og slett ikkje som det no står til, sa ho. Men da båten gjekk, var ho med. Det var berre ho som visste kven han Lauris var, og det kunde vel vera nok å leva for?

Men det gjorde godt at han flirte til henne. Ho var på gråten, men ho smilte lel, med auga [227] mot golve: Berre flir åt meg du; eg tåler mykje av det slage. – Ja, pengane til Åsel skal vi ikkje sørge over, sa han. Eg for min part er glad eg slepp dem. Du kom berre til å slå meg i hovude med dem. Men husmora på Håberg, veit du, – henne vilde eg vera gift med. Og det skal eg bli. – Ikkje utan mi hjelp lel, hadde ho svara. – Nei, det forstår seg, – du var ikkje så bratt i nakken da, san. Gå oppover du og kjøp den eine garparten, den som halve stua hører med til, no før ho får noko meir vetring frå desse fjellfinnane som var der, lo han. Den andre har eg alt. – Den andre? – Nei, den første, skulde eg seie. Han fånen frå Skarsvågen kjøpte han for meg. Den tredje, den må no vel Vårherre gi oss? Eg ventar meg det av han. Visst *du* bad han om det?

Astri vart grå i andlete, som ho vart kvar gong Lauris nemnte Vårherre. – Kan du ikkje late vera å spotte da! bad ho. – Eg spottar ikkje. eg. – Nei nei men; det blir så *kaldt* når du snakkar om det der.

Ho tok på seg og gjekk oppover, og kom smilande inn. – Eg får gi meg eg, farmor, sa ho; De får styre og stelle som De vil. Ikkje lenge etter hadde ho kjøpt vestreparten av Håbergjorda og vestre halvparten av stua. Prisen hadde Åsel sett fast før. Dertil skulde ho ha eitt kammers ovanpå av kvar parten.

Åsel tok Astri i handa og ønska henne lukka [228] til. Astri møtte auga hennar og slepte dem ikkje; ho var enda forfæld over at det gjekk så lett. – Men han Odin, han snur seg ifrå meg for det her! Åsel tok seg for bringa og klaga seg. Og

eg som trudde han skulde takke meg for det – at han skulde sjå det, kor som var!

Sia gjekk dei opp merka og skreiv kontrakt og skjøte. Dei skulde ikkje ta over før til våren. – Visst det ikkje kjem noko på, sa Åsel.

V.

Men der kom det på, at Åsel vart sjuk.

Sjuk hadde ho aldri vore før, ho hadde berre vore eit grand tungblæst siste åra, og litt hoste hadde ho havt, men den hadde ho smilt til: det var gammalmanns-hosten. No tok det henne med frost og hete, og sjukdom all igjenom, så ho måtte til sengs. Da smilte ho att. Ho låg og såg kva dette var. Utpå natta bar det i brekkinga med henne, og da var det blod ho kasta opp.

Ho kakka i veggen; det var armelig ho vann det. Odin vakna med ein rykk, han hadde hørt ei underlig kakking med han sov? Da han hadde sitte litt, kasta han på seg klæane og gjekk ned. Ho var blåbleik i kinna og kvit i leppene; men auga såg lognt og levande på han. Snakke var ho ikkje godtil for det første.

Han la henne bedre til rettes, og vaska av henne blode nedetter haka. Så sette han seg stilt ^[229] attmed senga. Ho blunda til eit par gonger med han sat der. Tredje gongen ho slo opp auga, var ho kvikkare i augsyna, og tok enda etter handa hans. – Han fekk kanskje vekke ei av tausene, og fara etter dokteren? spurte han.

Ho rista på hovude, det litle ho var i stand til: han skulde ikkje det nei. – Nei nei, sa han. Noko farlig kan det ikkje vera; det her. – Nei. Ikkje farlig, kviskra ho. Men ålvor, Odin!

Da det vart dagen, skikka han folk etter dokteren lel, og i kveldinga kom han. Han fór henne *vel* over, og Åsel sette seg ikkje imot det. Han sa som Odin, at noko farlig var det ikkje, ho hadde gått og hosta seg forderva av bronkitt; ho kunde bli bra visst ho berre vart i senga lenge nok. Det svara ho ikkje noko til. Men da han hadde fare, såg ho på Odin att, og smilte som i gamle dagar: Nei, ban, det er gjort no. Han ser det, Han, at eg er ikkje noko til meir. Har ikkje bruk

for meg lenger. Nei nei da.

Astri hadde komme oppover, og den natta låg ho i kammerse, i andre senga. Åsel vilde ikkje dei skulde vaka over henne, dei kunde sja ho plagdes ved det; ho heldt det for skam. Utpå morgoparten fekk ho ei ny hosteflage, og da kom blode verre enn før. Etterpå visste ho ikkje til seg ei lang stund, og Astri stod og venta det var døden. Ho stod på sprang og skulde etter Odin, men så tok ho seg på tak og let det vera. No hørte ho for resten eit lite andedrag.

[230] Da vart ho vår han i døra. Ho gjekk ut i stua med han. Sommarnatta lyste inn, – det var blanke stille vøre ute, og himmelen raudna alt for solrunna. – Du vekte meg ikkje heller? kviskra han. Nei. Eg gjorde ikkje det. Eg kunde vel – – vera åleine med henne. Han møtte auga hennar, og såg vekk. – Ja, sa han.

Dei steig på tærne ut i kammerse att. Åsel vakna og kjentes ved dem. Ho var visst like klår enda. Astri fall på kne framfor senga hennar og gret. Odin stod litt; så steig han stilt attende til stua.

Åsel la handa på hovude hennar. «Berre sei det du,» kviskra ho.

Astri hiksta, og gråten sleit enda tyngre i henne.

«Ja ja, ban, æg veit det lel. Men du tek feil. Du hi alder – – gjort mæg ondt.»

Utover dagen kvikna Åsel til att. Odin sat der hoss henne. Han bad henne fleire gonger, at ho måtte ikkje snakke, men det smilte ho berre til. Døden var over henne, det såg han, men hadde han havt makt til det, hadde han trua henne til å ligge still. Tankane kom og gjekk gjennom henne, og munnen mumla etter kvart. – Gammalkarane, Odin, dei låg og tenkte på gravøle sitt. Gjer så eg òg. Stort gravøl – like vel. Ikkje sant? Dei kjem her siste gongen da. Tenke på Vårherre, seier du vel? Ja. Men for seint. Det er gjort før det. Trur mest eg ser han, Odin. Slik dei kjem til å [231] sjå han. I framtida nokon gong: Ein god ein. Ein *ånd* å kalle.

Ho dorma før han gådde det, men straks han tok auga frå henne, var ho ålvak og tok til der ho slepte. – At dei ikkje skulde få auga på han! Og ikkje eg heller nei. Eg kjem i hug han far. Her i kammerse sat han. Sat og såg, så blind han var. Mykje og mangt, og seg sjøl og oss alle i hop. Men Han vart han ikkje vår nei.

Enda trur eg vi skal møtast. Eg er så trøytt, Odin!

Ho sov med det same, men vakna straks etter og såg urolig på han. – Det var noko, Odin. Eg las om det – *gamlehjem* – sei meg: kva er det for noko?

Odin fortalte det han visste om det. – Ja, ser du der! anka ho seg. Visste det, eg, men. Det vart ikkje med meg. Kunde da ha gjort *noko*, ser du. Men så kjem Han og tek meg ifrå det – – eg er så tørst, Odin!

Han gav henne vatne, og ho takka, og tok etter sømnen med det same. Litt hadde vore, var ho vaki att, og no vilde ho sjå borna etter Elen. – Og du, Odin, du kjøper den tredje garparten her, – du gjer det.

Astri kom i det same. – Du hører på det, sa Åsel til henne. Eg vilde de skulde vera her baa to. Dei såg på einannan som snarast, og nikka baa to. Det la seg ei frammand tyngd over andleta deira. Men over Åsel rann det lysinga av ein [232] smil: At eg ikkje skulde få sjå nokon tå småkarane dine, Astri!

I kveldinga kom Mina frå Segelsund. Ho kom seglande inn i stua, syntes Odin, det var så mektig ei kjensle som bar henne, og ut i kammerse steig ho med eit *budskap*. Odin heldt anda. Men det vart mest ikkje så ho sa orde. Åsel var ikkje slik; ho låg og såg ned på Mina frå ei stor høgd. Mina sa fram eit bibelord, ein totre gonger, og Åsel nikka til det: det stod slik ja. Så sa Mina at ho kom att i morgo, og baud godnatt. Odin såg på Astri. Dei to visste det vart siste natta.

Dei vaka baa to. Ho slo ikkje imot det.

Det var ei rar natt. Tidlige sommaren blømde i hagen og nedover vollane, det blåna med ein djup lukkelig blåna innerter mot skogjaren og myra. Skya i fredsamt sig aust over fjella. Første åkerriksa sat og rapa i enge; elles sov det allting ute no, i lyse lukka.

Gong for gong måtte dei til senga, for blode kom settande og vilde kvæve henne. Ho visste ikkje stort til seg; men sa ho eit ord, var det med full sans. – Kyrne, Astri? spurte ho. Budeia – – sovnar visst av?

Dei var bortmed vindauga att. Jordene snudde andlete imot dem i sømnen, vide ekrar og lange reinar, mørkgrønt gras og mangletta blommar all vegen. Slik måtte ein minnst det all si tid.

Da vaknar dei til ved eit særskilt andedrag. [233] Dei snur seg samstundes, møter einannan med auga, så vidt, og går bortåt senga. Der er ikkje anddrått lenger å høre, berre surkling og strid.

Åsel ser dem som snarast. Dei veit det er farvel og takk for seg.

Det var overstått før dei rett vardest. Odin kom til seg ved det at ei hand slepte hans, så berre trykke sat att og klemte. Astri og han hadde stått og halde einannan i hendene, utan dei visste det. Astri bøyde seg over farmora og vilde late att auga hennar, men det trongs ikkje. Og munnen var fast og stilt attlaten.

Odin lett opp vindauge. Astri såg på han og undrast, og da først ansa han det og undrast sjøl over det. Han lett det stilt att, og såg seg i kring i kammerse; han syntes han kom heim frå ei hundreårs ferd attgjenom tida. – Dei gjorde visst slik før? sa han opprådd. I auga til Astri fanns der ikkje skuggen av det som hadde vore her i gåren ein gong. Dei såg stort og mildt på han.

Ho la i hop hendene til farmora, og breidde lakene over andlete hennar. Så gjekk dei.

Han vart med henne nedetter vegen. – Slik har vi visst gått ei natt før vi? sa ho.

Odin såg opp; det var doggblank morgon i grase og skogen; det gjekk ein liten sukk over det no før sola rann. – Ja, sa han. Og no så er det slutt på *Håberg*. – No er det siste gongen ja.

Ho stod still og såg på han, ho blunka mest ikkje. Auga hennar stod fulle av lukke, men så [234] djup ei lukke, at det var glede og sorg, glede og sorg så langt han nådde i dem. Da sa ho:

«Men du e bror min, du Odin, det visst vi ikkj før.»

Dei stod andlet imot andlet, og den eine tøyde seg litt og den andre bøyde seg litt, og så kystes dei.

Men da dei kom til seg att, hadde dei armane tett i kring einannan, og baa to vart dei raue og lei seg.

«Det va ikkj sant lell!» lo Odin.

«Nei. Det va ikkj det.» Astri klipte med auga liksom ho tenkte etter. Så skyndte ho seg og gjekk.

GRAVØLE

I.

[235] Astri og Odin vart ståande side om side, da det skulde stellast til gravøl. Det vart eit tak, for det måtte gå fort no i sommarvarmen. Andrea og Otte kom utover, men dei var meir til stelp enn til hjelp. – Det hadde gått radig det her, hadde ikkje vi vore i vegen, sa Otte med Ola Håberg, han kom dit og skulde *stå for* og vera vert. Bedinga fall på han. Det skulde ikkje bedast mange, tykte han; det var ikkje mange att no som mintes Åsel. Men Odin sa dei skulde hit like vel, ei fjølld med folk som i gamal tid; dei skulde minnast henne enten dei vilde eller ikkje. Ola lo, men han rista på hovude. Da tok Astri frami: – Enten stort gravøl, hell så ikkje noko. Det var meininga hennar farmor, var det ikkje det, Odin? – Jau visst; og ingen tvilar på det heller. Da lo Ola att; De dreg i beite saman, de to. Søster og bror rettelig – – det var ikkje for under det gjekk som det gjorde! Dei raudna til med det same, men kom seg fort over det. Det var einaste gongen den eine merka at den andre [236] kom i hug det som hadde hendt dem den morgonen nyst.

Midt i ståke slo det ned på Odin, dagen før likferda, slik stilla slår ned eit lite tak midt i rytande stormkvelden somtid: Enn du da, som må stå fram og halde tale ved båra! Han fekk ein liten klemm for bringa, han vart både redd og forundra. – Ja ja, det skal no ikkje skje da, sa han. Eg skal vel ikkje stemme blode i folk i gravøle hennar mormor? Men otten vart sittande att, slik han gjorde med

han var småguten og såg ormen gjømte seg under tuva.

Sundagsmorgonen i god tid tok gjestene til å komma, innpå hundre menneskje. Dei skulde ha frukost i likferdsgaren. Dei kom i stor høgtid. Det var ikkje som det pla vera, og folk var lite vant med gjestebod no for tida. Sjølvêre var høgtidsamt i dag. Ikkje var det sol, og ikkje var det skugge, det sov ein linn, blålig lett millom fjella, over liane og grasvollen og kor ein såg, ein skulde tru ein var i ei anna bygd. Ikkje rørte det seg eit andedrag av vind. Og rundt omkring dem var det Håberg, og det var ein stor og still gar, ein frammand gar for dem å kalle, han såg på den som kom, tala til han og tyngde på han.

Odin stod og la merke til dem. Kvar ein og ei kjente han, og kvar ny rukka i andleta deira vart han vår. Dei var hans folk. Endelig hørte han ein som manna seg opp: Ja, no er ho Åsel borte da. – Ja-a, sanna det med. – Åja; ho var no gammal da. Og liksom ei ifrå gammaltida, ^[237] eller kva eg skal kalle det. Det kom ikkje noko svar på det, dei hadde komme i snakk om vêre no.

Odin går ut i kammerse, der Ola Håberg vakar over forgongsfolke og maten. Han smiler:

«Har du sjett dem, du?»

«Kem da?»

«Folkje. Dem sjer mæ ut som dem skuld ha snakka ondt om a mormor nyst. Dem skjemmest tå at ho bad dem hit lel, sjer du ikkj det?»

Ola ler, djupt innvendig nokonstads, det er som bekken under snøen. Da hardnar Odin til over auga:

«Du fliri no åt alt i hop, du!»

Ola lo enda, men han var elles ålvorsam nok for det: Odin skulde ha takk for dei orda, det hadde han venta seg av han ja! Og litt etter la han til: Eg trudde jamisel du vart gåande her til du vart maken min, eg. Hm-hm! Men du har stelt deg som ein fåne, kor som er! Eller så må eg ha komme eit hundreår for tidlig til verda. Men stå ikkje her og heft meg bort, i dag har eg gudskjelov anna å tenke på.

Odin stod og såg gjennom kammersdøra, på folke inni stua. Da snudde han seg

til Ola med ein grøss, og viste den vegen med hovude:

«Æ trur æ e dømt te dem dêr. Te folkje.»

«Jaha, gut!» smilte Ola. Han skjein av blanke vondskapen.

Han hadde same smilen da han kom inn i stua og skulde be til bords. Ingen vilde sette seg først, og ingen øverst, det var det gamle vise; [238] men klokka var mange alt. Da ropar Ola ut over stua og sett kvekken i dem: Per Lines, her er romme ditt! Arthur og Mina, sett dykk hit! og Otte og Andrea! Og du. Iver Vennestad, her! Du Kal Lauvset, her, og har du kona di for handa, så tak a med deg!

Slik tok han dem mann for mann, så visshendt, etter alder og ætt og kva det no kunde vera, romme deira stod der, og rett var det visst. Det kom så stups på dem, dei var i sige framåt før dei fekk tenkt på det, og Ola stod med klokka i handa.

Odin sat langt nede og gledde seg over folk: dei var på Håberg denne gongen. Slik skulde det vera, men slik kunde det aldri bli meir. – Den som hadde vore til for hundre år sia! sa han med grannen sin. – Ja, seier du det? – Berre ei lita stund, berre, meinte eg. Eg trur det var annan *song* i lage den tida. – Hm, ja.

Elles stod frukosten stilt av seg, og stilt bar dei kista inn. Ola Håberg skulde syngje ut like, for nykløkkaren var vekkrest.

Da han var ferdig med fadervåre, steig Odin fram til kista. Folk gav det ikkje større ans, og ikkje Ola heller, dei vilde i gang med salmeverse. Einkvart lite heldt dem att, og no såg dei Odin stod der, og dei visste det med det same, at han tenkte å seie noko, at han vilde tale. Han såg ut som elles, han var ikkje bleik ein gong, og auga hans fór over dem som snarast, kjente på dem [239] og fór ifrå dem; det vanta han visst ikkje noko, men tale vilde han. No la han i veg!

Astri hadde vorte bleik, og tok handa til Lauris. Ho såg folk skjein i andlete, men auga var sløkt i dem, slik undrast dei og skjemtes dei på hans part. Einast Ola Håberg stod som den han pla vera.

Odin la nevane over salmeboka framfor seg, og tale høgt og ålvorsamt: Farvel, mormor! Eg seier deg takk ifrå Håberg. Du veit kva eg meiner med det.

Eg fekk ikkje seie deg det med du levde. Eg seier deg takk ifrå alle her. Dei fekk heller ikkje seie deg det. Og du heldt ingen vond for det. Det er det vi vil takke deg mest for, at du heldt ingen vond. Du var eldre enn dei andre; ein mannsalder eldre var du, og enda var du yngre enn dei yngste tå oss når det stod om. Du var den siste som hadde ro i deg sjøl; du kunde sitte her og vera den du var; du tevla ikkje med nokon. Og enda var du meir full av uro for framtida enn nokon annan, *du* såg henne for deg støtt. Eller slik vil eg seie det: Du såg det som hadde vore, og du såg det som burde bli. Det var undring det som lyste omkring deg. Var det derfor du fekk gå ifrå oss no, at du skulde sleppe å sjå kor lite her blir? Eg trur det ikkje, vi trur det ikkje nokon tå oss, for da synda vi imot deg.

No ein augeblink såg dei at Odin hadde vorte bleik. Men andlet for andlet løyste på seg og vart som dei pla vera att. Det var ikkje ulikt ei ^[240] pine som hadde gått over dem og hadde slept dem. Dei hørte på han no. Eit og anna andlete borti stua sanna enda med han, og nokre togg på det han sa; og her og der var det eitt som fritt og ope ønska han gjekk ifrå seg reint og hamna borti hør og heim.

Astri såg dem der ho stod. Ho syntes ho drømte dem.

Odin kjente dem berre på seg, som eit lite løft i seg. Han kremta så trygt: – Men vi står att. Vi synes vi burde seie at ditt folk skal vera mitt folk og din gud skal vera min gud. Men vi kan det ikkje; ikkje på lenge enno. Men eitt eller anna lovar vi, her vi står; eg trur ikkje mindre om nokon tå oss. Og auga dine, dei blir med oss, – mange av oss ja. Dei er milde og gode, men dei er etter oss og spør. Dei undres på kva vi vil, og dei undres at vi slær oss til ro. Du var så lita, du var så ottefull og uviss når du såg etter oss; eit *menneske* var du. Du visste ikkje det eingong, at bygda minka da du gjekk bort. Du sat utanfor bygda, men her blir tomt etter deg like vel.

Så unner vi deg freden som du aldri unte deg sjøl. Og oss ønsker eg den uroa som du hadde for oss. Far vel!

Odin hadde fått att hamleten sin. No slo han auga ned.

Folk vart ivrige etter å synge og ta kista. Dei song sterkt, mange. Mange var det òg som ^[241] gret, no da dei bar henne ut. – Jøss for ein snørlur! hørte Odin

bakom seg da dei var uti gangen. Men dei andre dei song. Dei vart borte så godt dei kunde i den gamle liksongstenen, såg han; og Astri med dem.

Men ute hadde godvêrsdagen stråla fullt fram. Skyene var berre kvite små fjører som seglde oppi blånaen over fjella og skjein. Lauvlia stod i sola og blunda. Dormande grønglans all vegen innetter. Så kom vinden. Tre for tre vakna til og blakra, somna inn og vektes opp att; det gjekk i lysnande bårer austover.

Odin undrast med han såg det: *Er det slik, eller er det berre inni meg det bårar?* Er det berre draumen det eg ser? Kvifor var dei så ursmåe alle i hop, no med han såg på dem, og så langt unna? For dei hadde da ikkje sett slik ut før her; dei hadde vore ein dyrverdig ting.

No svinga kista om stu'nova. Da snudde han seg og såg etter einkvan, etter Astri eller Ola, men dei var oppi det med å komma avstad. Der var ingen å seie det med, og det same kunde det vera, men slik var det: Ikkje husa og ikkje gåren eller nokon ting såg etter Åsel der ho fór, visste ikkje av det ein gong, det var berre sommarvinden som bladde i lauve nedi hagen, og folk som budde seg og skulde vera med til kirka.

Einast eitt andlet var der millom dei andre, som hadde ein liten draum for seg, eit unggjenteandlet; det var bleiklett og fint så det lyste imot ^[242] han, og no kjente det han. Og han kjente det; det råkete han med ein liten styng under bringa. Det var henne, men han kom ikkje på kven det var. Og ho var det som hadde sett på han og gjort han bleik da han stod framved kista, no kom han i hug det. Det var henne han drømte om med han var liten, gong og annan, den raraste draumen av dei alle han hadde havt, og da fekk dagen etter så rar ein lett. Ja ja, men no måtte han til kirka.

Det skreid stilt i veg, bakke og sving opp til kirkegaren, ei lang, lang rad med svartklædd folk i solskine. Odin fekk ein skjelv i seg da klokka tok imot dem. Han såg seg rundt, om dei andre og merka det. Men det kunde han ikkje sjå. Som snarast syntes han at han var uti marka og eventyre att, ei veglaus lengd borte frå bygda og kristenfolke; dei hadde gått ifrå han og glømt han der, midt i solskine og rikdommen. Da såg han at ho gjekk der. Ho løfta augelokka og såg på han, og da var dei to om det.

Og elles: når han hørte på klokka litt, så var det ikkje farlig måle i henne, ein vakker tone, ein som folk trong når det skulde bli høgtid. Det kunde komma den tida og, at ein ikkje hørte henne, skikkelig, – at ein sa som han gamle hedningen dei fortalt om, ein frå Juvika: «No klinka dem på malmen i kjerka, no val æg ha mæg ein dram!» Så lodden var den karen. Og så mager [243] kunde bygda gjera ein, kan hende? Og bygda den var han dømt til.

Presten tala ved grava. Han gjorde det vakkert, og folk stod trygge og Gud i vald og hørte på. Det var gildt å sjå dem når dei stod slik.

Og slik gjekk dei ifrå kirka att, og inn på Håberg. Men der løyste den eine seg snart ut ifrå den andre, det kvikna til i alle andleta, kvikna til heile stua over, til det stod i ein vertsskaps-surr omkring ein da dei sat ved borde. – Du sitt og godgjer deg du, meiner eg? sa Ola Håberg, han kom sigande framom og slo Odin på aksla. Odin såg opp: Eg gjer kanskje det? Eg kjem i hug noko som ein sa ein gong: *Her er mykje og fagert folk samla*. Var ikkje det vakkert? – Jau da, sei det! du skal så visst ha takk! For appetit på folk, det er just det ein må ha. Ja, og takk for talen! Du snakka halvvore som ein gjætargut utant marka, det forstår seg, men det gjorde godt der det kom.

Odin hørte ikkje etter, for nedmed nedste bordenden sat ho. Han hadde glømt henne for folk i kring seg, dei var så mange og så kjente, men no tok det han under bringa med fullt tak. I det same kjente han att henne. Det var henne frå Nordland som han kollsegldde i lag med den gongen på marknasferda. Så fint måtte det andlete bli ja, det hadde han visst heile tida; slik frammand kom ho til å sjå ut ein gong. Ho hadde brune auga, [244] og blanke. All verda spegla seg i dem, og da vart ho ny.

Han såg ikkje nedover meir dit ho sat, han såg henne like godt utan, og dertil kom det for han det var ulovlig imot henne, det var eit rov å kalle.

Da hørte han det sa på andre sida til seg: Kva er det for slag du ser borti veggen, Odin?

Det var Astri; han hadde glømt han hadde henne til bordkammerat på den handa. – Kva eg ser for noko? sa han. Eg ser Havfrua mi, vil du endelig vita det. – Borti veggen? – Nei *der!* han viste med hovude nedover til bordenden. Eg visste

da ho kom ein gong, la han til. Men eg heldt på og glømte det lel, somtid. – Ja ha; ho er vakker, ho der.

Han merka at Astri såg vel på henne, og at ho fór over han med det same. Han snudde seg og såg henne i auga. Dei såg på einannan til dei smilte, og enda ei stund, to godforlikte ungar. Han syntes det lettna ei sky frå andlete til Astri. – Ja ha, sa han; no har da vi to snakkast ved og gjort opp oss imillom, ikkje sant? Ho nikka, og let auga gå nedover til bordenden att. – Lat meg sjå det! sa ho. At det blir ålvor tå eingong. – Ja, men ikkje i dag. Det hastar aldri med meg, i nokon ting. Folk elles, dei ligg i det, ser eg, kvar på sitt vis, og rettno *får* eg det visst eg òg, men hastar gjer det ikkje.

[245] Han merka at Astri ikkje hørte på han. Ho snakka med Lauris.

Lauris bad med seg Odin opp på eit av lofta da dei var ferdig ved borde, han vilde skjenke han ein dram, for slikt var der ikkje i gjestebode. Det vart elles to, og dei var dryge. Da ser Odin på Lauris og ler: Du går og skapar deg til som ein uven, du. Men eg trur ikkje på det. – Nei, du tykkjer du er såpass til kar?

Han har ormeauga, tenkte Odin, men han såg inn i dem utan å blunke. Dei satt ei stund enda, men dei kom ikkje i snakk. – Nei, eg vil ned og snakke med folke eg, sa Odin. Ei veikje var der og, eg skulde ha helsa på, – ei stas-skute, skal eg fortele deg, med silkesegl og sæle stunder, som det står.

Lauris leita opp Astri. – Har du snakka med han no? spurte ho. – Nei, det vart ikkje noko tå, det trur eg heller du må gjera. Snakkar du som du skal til han, så går det. For kva vil han med den garparten her? Og utan den gjer vi lite med dei to andre, det veit du, det vart ikkje *Håberg* det, – du får gjera deg tynn!

Astri beit seg i leppa og tagde. – Kan eg ikkje sleppe da? bad ho, litt hadde vore. For eg er så lite hjarta på det. – Du er no den lel, som veit kva *Håberg* er verdt? Eg, eg er berre ein jektlyr og ein rekafant. for han, det merkar du vel?

Først fór der ein gråna over andlete hennar, [246] og munnen drog seg til for ein vond smak. Så ser ho forundra på Lauris: For han, seier du? Han som berre går og apar etter deg? Ja ja; eg skal gjera det. Når du bed meg. *Håberg* – – må eg vel kunne skaffe deg, mumlar ho.

I millomtida gjekk Odin frå flokk til flokk og snakka med folk. Dei visste ikkje

kva dei skulde seie, men det visste han, for han fekk det til givings etter kvart, syntes han. Berre ein to-tre ord for spøk, og ein liten lått, så var han tett inn i millom dem: Eg skulde ha snakka om vêre, eg òg, men eg veit ikkje kva eg skal seie om det? Blir det for tørt, eller blir det for vått? – – Og no skal vi beta sund Håberg da. For det at De skal bli største garmannen i bygda heretter. Stua ho skal stå ja, men no skal ho hyse to eigarar. Den tredje garmannen? det blir eg det. Så spurte han ålvorlig og vart svara ålvorlig: Gav eg for mykje for parten min? – Nei, var det likt. Dei var ein tre fire som vilde gi han meir visst han selde.

Da er det ein som seier: Men gjorde ho ikkje gale, ho mormor di, at ho beta sund gåren slik? Og dei andre tok i med: Det *var* gale. Ho var for gammal. Det var ei bakvendt åtferd, ja.

Odin avleittast i kinna da han hørte det. Så ser han opp, og rundt på kvar ein av dem, og da er han blenkande lys i auga, han er *glad*:

«Nei, det va rett, va det! Det va rett som ho gjord det, obetinget! At æ ikkj såg det før!

[247] Ho va så ålein' da a død' – – æ skuld ha sagt a eit ord!»

Han vart vår at det tagde i kring han, og da gav han seg til og såg etter henne. Ho sat nedmed døra, kom det for han, for der var det ein kjole som var ansles svart enn dei andre, det reint lyste av han. Men namne hennar var borte for han, og hjarte dulpa i veg som når han freista Vårherre med ulaglig segling eller anna gapverk. Han såg nedover og lo: Nei men sjå den fine dama der da! Berre silke og alabaster! ho der må eg avstad og helse på. – Ja, kva var det der for ei silkedokke? – Det må han vita som har skapt henne!

Og no gjekk han.

Ho forandrast i andlete da han kom, utan ho såg opp, og reiste seg. Ho såg på han som all snarast og helsa. – Og takk for sist! la ho til.

Det var no ein våtvoren gong, sist! lo han, og ein vev med lystige ord stod for han, men han sa dem ikkje. I staden såg han på henne, for no kunde han ikkje la det vera. Mina var der, han merka det så vidt, og folk omkring dem var som ein skog som gjorde det stilt og godt.

«Jaså, du kom sørover like vel da?» sa han.

Han gjekk ut. Han måtte under berr himmel Det var mange som hadde leita ut. Vêre var ikkje til å vera inne i, tykte dei, det var mest for mykje til godvêr. Lufta smaka søtt av blom og [248] lauv, og nedi hagen og alt enge bortgjenom var det i ein humlesong. Store skyer stod over fjella i sør, blågråe i botnen og lyse som solgylt snø i kantane. Bygda vart sovande still nedunder dem. Det var ein utleita fin dag.

Men Odin snudde; han vilde inn og få henne med ut. I det same kom Astri. Han såg straks ho vilde han einkvart, og gav seg tida. – Skal du slå deg for her no da? seier ho. – Ja, det kjem an på, san. – Det *skal* du ikkje, Odin!

Ho raudna med det same ho hadde sagt det, og auga vilde ikkje stå imot hans, ho blunka kringt nokre gonger, tok seg så på tak att og smilte: ja eg skal seie det beint ut som det er, at Håberg – – vil *eg* ha! Og Håberg, det er heile garen det. Men det er sant lel, Odin, at du skal ikkje gro fast her. Skal du bli det du er tenkt til, så må du ut. – Over *de høie fjelde* da, eller –? – Du veit det der sjøl òg, Odin! – Ja ja. Men kva er eg tenkt til da, når vi skal seie det beint ut?

Ho såg både forundra og hånlig på han: Snakk ikkje tøv no! Du som er diktar; for det er det du er, og det veit du. – Det veit eg vel. Men det er så rart: Eg er meir enn det. – Meir? – Ja, eg sa det. Eg vil dikte henne *om*; – bygda her, skjønner du. Eg vil *dikte bygda*. Eg vil bite meg fast her og gå laus på henne, eg vil ha henne ansles. Eg har gått og dikta på henne all min dag. Dikte, slik du meiner det, det er ikkje anna enn å drøyme, det, eg vil heller *leva* – ja ti [249] still og høyr på meg no! Einkvan må da i hop med henne, med folke og all ting, – har du sett så mykje bra folk for deg nokonstads? og ingen veg kjem dei. Eg vil snu dem hit eller dit. Og så vil eg *leva*, som sagt; det andre, det seier eg ifrå meg!

«E du gælin da, Odin?»

«Ja, no e æ besætt. No kasta æ lodde, no går æ over bekkjen, i denne dag!» Og da ho berre stod still og såg på han, la han til, ålvorsamt midt i fliren: «Æ e dømt.»

«Jaså ja. Det dér e *du*. Du bli minder og minder du. Minder og minder.»

Odin ser på henne med galningsrukker millom brunene. Kåte tankar fer i sol og skugge over andlete på han. Så seier han: Har du glømt den natta, du, da vi gjekk her bortetter vegane toeina, –da ho mor var død? Kor nær oss døden var den gongen, hm? Berre ein liten vegstubb dit. Da vilde du leva. For meg var det mindre om å gjera. Men no vil eg til; no er det live som er her, høyrer du ikkje folke? og sommaren og alt i hop? Det var litegrand båg for meg, her eit tak, å finne fotfeste eller kva eg skal kalle det, for slekta vår hadde mista det. *Du* var vissare på vegen, der du fór, det har eg sett all tida.

Same drage veks fram i andlete hoss henne med, det tira eit ungt mot i auga, og den mjuke nakken han rettar seg, – slik hadde han kjent ^[250] det ein gong før òg, at han vart glad så det båra gjennom han, for det ho var til. Men Astri kjem tvert framgjenom det, står og ser på han, utan blunk. – Skal vi rive sund gåren her no da? – Vi får vel til med det. – Du er ikkje slik ei *sål*, Odin? At du hører etter ei som var for gammal, som berre rasa i feigda? Du kunde no sele oss din part lel?

Han kunde ikkje ta auga ifrå henne, ho var så storveges til skapning der ho stod. – Eg ser det no, Astri, kor mykje det er om å gjera for deg. Og for deg kunde eg ha gjort det. Kunde eg ha gjort mangt ja. Men ho mormor forbyd oss det. – Ho som er borte! – Ho *er* ikkje borte. Ho er her. Inni meg og deg og kor du vil.

Ho rista på hovude, det var som ho hørte på eit barn. Ho står ei stund og ser ned. Så raudnar ho:

«Har du ikkj vøri så pass gla ti mæ da – – at det bli ondt å vera her?»

«Jau, men. Jau, det ska Vår herre vetta. *Det* kund æ dikt om ja. Har gjort det ò; mang ein vakker stubb. Men det e ikkj nok; æ må *tål* det.»

«Jaså, det ska vera krig da?» – ho gjekk ifrå han.

Ein smal rygg, ein eiande mjuk og yndig skapna, men ho såg ut for ein fiende der ho gjekk; han kunde ha stryke henne nedetter nakken eller ryggen. – Så sitt da ikkje ho og drøymer, sa han. Eg er glad i dem som ikkje drøymer. Ja visst, ^[251] *ei* sat der og drømte, og det straks innom døra her, men ho drømte om han, og gjorde ho det ikkje, så skulde det bli no snart, – han strauk seg hastig gjenom håre, for han var berrhua. Eg skal inn og få tak i henne, skal eg!

På trammen og i gangen møtte han heile straumen, dei hadde drukke kaffeen og kom og skulde ut for ålvor. Han dulta dem i magen eller braut seg fram millom dem med makt, han syntes han var sjølve gleda som braut seg inn på nedtyngd folk. – Jaså, du er ein motstandar du, Ola Engdalen? Akt deg for det, far, for det her er eg! – At De skulde vera så mett! lo han til mannen frå Vika, – mette folk er berre i vegen. – Veit De kva eit *gamlehjem* er, Petter Ramset? Ikkje det nei, men De skal hjelpe meg å ha opp eit. – No i kveld? Nei! – Ja, nei seier De støtt, så vi skal alltid bli einige. – Ja du følger straumen du, sa han til ein jamnaldring, det ser ut som det er din natur.

Slik var han borti dem heile vegen, og høvelig hardhendt ofte, men aldri så det *gjorde* noko, han var dem så ung og lystig ein galning: snakk ikkje om han Odin! For han meinte ikkje noko med det, syntes somme. Og så er det liksom han *meiner* einkvart, var det andre som syntes. – Berre han veks rette vegen, sa gamle Helmer Hagan. – Kva veg er no det? er det din eller hans? lo ein tå Pålneskarane.

Det var ikkje mange i stua da han kom inn. [252] Kvinnfolka hadde skokka seg åt Øysterstu'n, for det meste. Odin stod bakved borde og drakk kaffeen sin. Oppvarningsgjentene sveiv inn og ut, med raude kinn og kvite forklæ, det lukta sveitte av dem. Henne såg han ikkje noko til, men Ingri var det visst ho heitte. Da kom Ola framom han på rundturen sin. – Du står og tenker du, trur eg; du står gjerne og *kjem på* noko slag?

Odin ser forundra opp: Ja, eg stod og kom på noko, det er sant det. Men eg må heilt attende til Kjelvikmarka og den tida, skal eg få farten i meg til å sette i veg med det. Han skjemmest ved det, blir raud og vil vekk. Så ler han: Nei, eg hører berre solskine og fuglen, og så 'n Bendek, – men da er eg ikkje å lite på lenger!

Han var på og vilde gå sin veg, men Ola var i vegen: Du våsar så fælt. For *du* er ikkje tå gammalkarane, det veit eg da vel. Dei vart attliggande nokonstads, dei. Den blinde farten, ser du, den blinde farten: du har ikkje noko tå den. Hm? Du ser heile bygda du, og mann for mann. – Ja? det er just det! – Ja. Men du kjenner det skuvar på lel. Du *skal*, heiter det no; det er eit nytt ord. Men drikk no,

gutladd, det var derfor eg kom. Eg, hører du vel, eg er alt i gjestebod eg. Så ja! Portvin. Vinne over deg sjøl, heiter det no, – trur du han far hadde vore mann for det? Nauvt nok, for det var ikkje *til* den tida. Men, men, san – – Ola la handa på aksla hans på full manns vis – – når du lystrar skuve i deg, [253] når du er Odin sjøl for blåe ålvore, da brukar du makta *hans*, no veit du det. Da gjer du det han ikkje visste om – du må lye vel etter den tingen, gut! Du må – – du må pinede – –

«Amen!» song Odin, slik klokkaren syng det. Ola drakk seg eit glas til, og tørka sveitten. – Det var synd, var det, at ikkje eg vart prest like vel. Eg skulde ha fingra fint på hjarte åt folk, slik! han spella med fingrane på flaska han stod mel. Men han Lauris, han blir deg ein fuling å dragast med. Der bur mangt i den kroppen; han er eit anna prinsip han enn du. Og ein skarv der til. Ei heil bygd å kalle. Ja!

Odin vaknar og ser blankt som gutungen på Ola, det blenkar blått under dei mørke brunene: For resten er det noko godt i han òg; eg kjenner det på meg. Eg likar han. Han og eg, vi skal vel – –

Ola rista på hovude: Du blir meg for dryg no. Blir det emissær eller tingmann tå deg tru? Eller skal vi tru, i ei festlig stund, at du veks tå deg ei vorte om senn?

Odin fortalte kva Åsel hadde sagt om ein heim for gammalt fattigfolk i bygda. Det var det han hadde komme på, her i kveld, at garparten hans skulde vera til det, til ein fattig-gar, om dei så vilde kaile det. Han tenkte å få det i gang med all som først, og bad Ola hjelpe seg, her var så mange ting han ikkje hadde greie på.

Ola lest ikkje som han hørte orde av det, men [254] Odin visste han var med. – Vi kan no snakkast ved i morgo om den saka, knurra han og vilde gå. – Nei, i denne kveld vil eg snakke med folk om det, dei skal ha det å tygge på no straks, – eg vilde helst at du skulde føre orde, det tok seg likare ut.

Men Ola rista på hovude og såg grått fram for seg. – Ja ja, så gjer eg det sjøl, det er ikkje meir med det! Odin vart brennande raudlett. – Mi tru om det, sa Ola. At du gjer oppstyr og brøvel enda ein gong i gravøle etter mormor di. Og det var no så, la han til med seg sjøl; men eg tenkte no her var anna å greie opp med, eg. Han såg ålvorsamt på Odin: Det vart ikkje noko tå, sa vi! – Så visst som eg her

står! sa Odin og gjekk, og han merka Ola smilte etter han, liksom han alt hadde føyd han. Og no var det *henne* da! Han vart sjuk, skulde han vente lenger.

Ola gjekk og vavra gjennom stuene til han fann Astri. Han lest ikkje som han vilde snakke med henne, han venta berre til ho sugde seg på han. – Ja kjære, eg veit det, sa han, eg veit det, ban, og fer vi vakkert fram, så snur vi han. Gåren skal vi alltid lime i hop att, – slik har det vøri! seier kjerringane om ein sundslegen kopp. Vi har både a mor di og 'n Otte med oss, det blir dei som får snakke vett i han. Syt ikkje du, gulldokka mi, du skal bli husmor på Håberg så fint at! Nemner han det der om gammalheim eller [255] kva det er, så så slepper vi mannhusingen laus på 'n. Seie imot han, det er jamgodt med å kvesse han. Vi skal døype han i flir; så svanar han sakt ned. Jøss da!

Så vidt det var sagt, kom Odin den vegen, for i øystre stua hadde han ikkje funne henne, og no skulde han gjennom kjøkene og ut. Han fekk ei minning om at dei to der var imot han, dei tagde slik, men han glømte det like fort, for der, i kjøkengangen, stod ho og såg ut. Berre eitt og anna menneske kom ut eller inn den vegen. Da han kom, snudde ho seg som ho hadde venta han. Ho heldt handa på hofta, med så fint eit lag.

«Kjem du og går ein sving no da?» sa han og tok borti henne i det han gjekk framom. Han var andpusten så det fall tungt å snakke.

Det bar austover med dem, med folkeauga i ryggen og sola på skrå frammed venstre kinne. Dei tok av etter Vennestad-vegen, og der framom og over myrane nord på Langbrekka.

Himmelen vida seg og vida seg framfor dem med dei gjekk, himmel og himmel og ikkje noko land, botnlause blånaen all veg nordover. – Å nei! sa ho. Det er det raraste eg har sett!

Der endelig var lande, på nordsida Folla, langslute og gråblått, med øyar og nes og sund, og der fjorden milevis inner og utetter, til ein såg øyane ytterst ute hildra opp frå havflata, langt, langt utafør det ein trudde var til. Og der endelig, nedafor dem, var stranda. Ei underlig avglømt strand, [256] ei heil lita verd for seg sjøl. Steinviker og skjelsand frammed sjøen, snauklipte småvollar og runde byskje ovafor, det var så rart å sjå dem her. Måsen lokka over seitaren;

stormåsen lokka for sild lenger utpå; kvar lyden song seg inn til mergen i ein. Og kveldsola skjein på det som ho ikkje hadde anna i tanken enn det lande her. Sjøen spegla berge, det fanns ikkje større lukke til.

«Som æ har venta på dæ!» sa Odin.

Ho svara ikkje. Dei sette seg på ein småvoll millom store runde einkavar. [n10](#) Han fortalte at her hadde han budd med han var småguten, uti ville strandmarka. Ein liten smil rann over andlete hennar, Odin syntes det var einkvart stolt i han som var frammandt og uventa. – Eg veit det, sa ho. – Hadde ikkje du villa budd her da? – Jau! – Ja, det veit eg. Men det blir ikkje. På ein måte. Du skal bli i lag med meg du, og eg må bu frami bygda, – ja, det skal eg fortele deg meir om sia. Det er for resten like rart der; når ein først blir vår det.

Ho såg på han. Det var mange dypter i auga hennar, og uventande mangt som småbevra og hytta til oppi brunene hennar, han var ikkje stort meir enn gutladden som sat her og skrytte. Men han såg henne fast inn i auga, til ho måtte ein annan veg med dem. No drog ho til munnvikene att, det var ein tung og allvitande smil. Men visst eg no ikkje vilde? Og måle hennar song på eit nytt vis for han.

[257] Da kom han seg straks: Det skal vi bli to om! Eg har venta lenge nok på deg.

Han syntes det svara og sanna med, frå all marka i kring dem og langt ut frå blikkande sjøen. – Nei, du *er* mi du, det er ikkje ansles med den tingen – – enn visst eg gjer slik, meiner du?

Han tok etter henne og bøyde henne inn til seg. Han såg angsten som skymta i auga hennar, raudnaen og det stolte mote, det brast og gav etter, alt i hop, det var berre marka og dei to, og han var Odin. – Så, så havfrua mi! Nei, eg skal ikkje gjera deg noko; eg er farlig, men eg skal ikkje røre deg, nei! Men lenge – ventar eg ikkje.

Det bar ikkje i gråten med henne, ho hadde berre vorte eit grand bleik. Ho såg vekk, ut over strendene. Det var ikkje til å tru at han sat her, så nær henne. – Ingri! sa han. Men ho svara ikkje. Ho rista på hovude. Auga hennar flytta seg att og fram. – Det er så rart her, sa ho. Eg synes eg har budd her eg òg. – Ja? Men til

hausten, da blir det oss to, og da, – ja, vi kjem til å bu millom dei andre, men du trur ikkje du heller at det blir med oss som med anna folk, at det blir kvardagen berre og gråe bygda? – Nei, men. Det blir ikkje oss to. – Jau, *obetinget!*

Ho rista på hovude att, og Odin syntes han hadde aldri sett nokon gjera det før. – Umulig! sa ho. – Javel, men det bryd ikkje eg meg om, det var umulig at eg skulde finne att deg òg, ^[258] men for det så. Du gjer ikkje å fortele meg det ein gong, kor umulig det er, – om du hadde vore ei *finn-førkje* så hadde eg teke deg lell. Eg skulde ikkje ha jaga deg for det nei, om all bygda snudde horna imot meg!

Han kvakk til, da han såg kor dei orda tok henne. – Ja, ja Ingri, eg er ein mon for hardhendt, for deg, eg veit det; eg skal bli likare sia. Og no skal eg så mykje som heim til gravølsfolke og ta dem for meg, det blir eit bask, Ingri. Det er første gongen eg skal i hop med dem. Men dei skal til, du gjer ikkje vera forfæld. Dei skal hjelpe meg å gjera det mormor vilde. Men det er sant: no skal du gi meg ein kyss, og så går vi; du og eg. – Den tok du i sta. – Nei, du skal komma og gi meg han, eg sitt her still og ventar, og så kjem du sjøl, – i det skal eg vera sanndrømt lell.

Ho tveka ei stund; så gjorde ho det. Men ho kom, syntes han, liksom ho gjekk ulukka i møte. Munnen hennar kjentes forunderlig liten og mjuk. – Det raraste eg har kjent! sa han. Og no går vi heim, du og eg. Eg skal ta dem fint i kveld, skal du få høre. Når du er der. I dag med kirka, da du stod der: Guds frykta og dei ting – – vart inga skam lenger. Slik er du.

Ingri såg ut over fjorden enda ein gong før dei gjekk. – Ja ha, sa Odin, ho er blank no, Folla: berre helgedagen. Men du skal få sjå henne ein dag når ho snakkar ålvor. Da er ho eit vaksemenneske.

^[259] Sola stod langt uti nordvesten alt, men høgt på himmelen, ho tenkte ikkje å kvelde så snart.

– – – I millomtida gjekk Ola Håberg og snakka med folk. Først og mest med Lauris, og sia med nokon kvar av garmenner og gode grannar. Rund og full var han, og godslig så det skjein i andlete: Den gutdevelen, den gutdevelen! – Ja, dei måtte seie som sant, at den talen han heldt –? – Ja, den òg ja; den òg. Enda: den hadde de godt tå. Men no vil han syne oss spilder nytt. Han tek garparten her og

gjer han om til –, ja til ein *anstalt*. Der skal bygda hyse fattiglemmene; vi skal sette opp eit slott for dem. Ja! Gu' er det ålvore hans ja! Og du og eg og vi andre, vi skal danse når han bles, – Ola dulta til dem i magen. Ja ja ja! Vi får lystre, vi får lystre! vi er gamle og ikkje anna til, etter hans hovud. Pengane får vi lova han, hm? – Kan aldri tru det, murra ein. – Det vart ikkje, sa vi, smilte ein annan. – Han vinn på oss så det gyv etter, sukka Ola, han tassa sin veg frå ven til granne.

Men til Andrea snakka han beint ut. – Vi kan ikkje la han rive sund Håberg, vi må komma i hug henne vi bar ut her i dag. Han er galen! – Ja men var det ikkje viljen hennar –? – Var det likt! Han har susa henne frå vette, sistpå; du må snakke med far hans, du som kan.

Dei gjekk og undrast og smått såg etter han. Dei venta sterkt på han, på slutten.

[260] Og der endelig kom han, kom utor skogen med ei gjente og beint til gars!

Mina hadde òg gått og sett etter dem da dei kom att. Ho såg ikkje større fornøgd ut.

Ingri gjekk inn. – Vi var berre bort og forlova oss, sa Odin. Det tek ingen sveis med slikt her kring husa, – er det ikkje Ingri ho heiter? Mina vart ålvorlig bratt. – Du skulde ikkje fara og fjase med slikt, Odin, og slett ikkje i kveld! – Så? – Han kom vel i hug kva kveld det var? – Sundagskvelden ja? og gjestebud og godvêr? Å, det er ho mormor du tenker på! Ho var visst med oss all vegen, ho; eg trur enda ho lo med seg sjøl. Du veit, ho vilde så grovelig gjerne at folk kom seg i hop. – Og desutan, Odin: ho Ingri er ikkje noko for deg. Ho er eit fint lite ting, og berre stasen, om eg så sjøl skal seie det. – Stas er eg glad i; eg har vore glad i deg mang ein gong for den skyld. Det flara til i auga på Mina med det same, ho var ikkje tjuge år der ho stod. Men da han vilde gå, heldt ho han att og kom tett innåt han. – Og *det* skal du vita, kviskra ho, for sjøl forteler ho det knapt, stakar, at far hennar er berre skarven, han sitt fast! Han har spella oppⁿ¹¹ og har skrive falskt, no veit du det!

«Det e ikkj finn ti a da?» Odin såg langlett ut. «Ja ja, men *han* ska vi allti få laus igjen!»

Mina gjekk ifrå han. Det snørp i skjorta hennar, så hjartans harm, det var

visst reinhekla [261] silke all vegen der san! – Ho kunde gjerne ha vore både finn og slave, eg skulde ha planta henne imillom dem slikt slag eg! la han til. Det kjenner eg meg helse for. Og går det vel her i kveld – – – visst eg vinn her i kveld – – –

Da dei var utkomne etter kveldsmaten og stod og røykte og kjente på godvêre, steig Odin fram på troppa. Dei såg han alle saman, og dei visste at no kom han. Men ikkje så mykje som ei mumling gjekk det over mannshopen; dei røykte berre litt meir, og prata om sitt; dei gløtta bort på han, om han ikkje snart gjekk laus. Han såg da ikkje ut som han gruva seg for det? Så, no var han i gang.

Han brukte ikkje mange orda. Det var Åsel sin vilje at her skulde settast opp ein heim for gammalt og fattig folk, slik dei hadde gjort i mange andre bygder. Lenger kom ikkje ho med det, og no hadde han tenkt det slik og slik. Garparten hans her høvde godt til det bruke, og den hadde Åsel òg havt i tankane. Prisen trudde han dei alt hadde hørt, for det var det same som han sjøl gav. Kostnaen elles fekk *dei* rekne ut. Fattigrøkta skulde ikkje bli dyrare enn ho no var; han nemnte både tal og ting; og at ho vart bedre kunde vel ingen nekte. Han vilde dei skulde slå seg i hop og snakkast ved om det no i kveld, og skrive seg for det dei vilde gi, for utan hjartelag og hjelp kom ein ingen veg med det. Pengar hadde somme, og tømmer hadde fleir, og litt arbeidsmakt [262] var det ingen som vanta. Sia skulde han ha tak i ungdommen.

Han hørtes lett og glad ut, det var lite om å gjera at det ikkje smitta bortgjenom folkehopen.

Da dytta Ola Håberg i sida på Petter Ramset, og Petter kremta seg opp og tok seg ei skrå. Folk la merke til det, for Petter var lausreipa kar i munnen. – *Er* det din garpart da, den du snakkar om? sa han. – Ja, det var da det. Ola blistra litt, utan tone, og Petter såg ut i vêre. – Kor mykje gav du for han da? – 3000 kr. jamt, og det let eg han gå for. Men Odin raudna med det same: Du har rett i det, eg har ikkje betalt han enno, eg har ikkje havt stunda til å områ meg, men min er han like godt for det. Og prisen – – de veit sjøl at det er ein pris millom slekt og venner. Så gåren den har vi.

Ola Håberg hadde komme litt meir fram. Han stod med tommelsfingrane i

armstaupa på vesten, slik Odin stod. – Det skal de gjera, godtfolk! lo han, de skal sele den garen de ikkje eig. Framstig, ikkje sant? – Det der kan vi snakkast om sia, sa Odin rolig, men i kveld er det fattigfolke og dei ting vi har for oss. Dei har det ikkje for fyst, mange av dem, det veit ein og kvar. Eg er for ung til å gå føre med det, eg veit det og meir til, men eg meinte eg fekk bera det fram frå a mormor, så tok de det sjøl og gjekk til endes med det. – Fattigfolk det er vi alle i hop! lo Ola Engdalen, og dei lo mann for mann.

[263] Odin såg at både den og den hadde vorte breilett av seg; dei stod og godgjorde seg. Det rente ein vond rykk over andlete hans. Han stod litt og såg på dem. Gjekk så ned imillom dem, og snakka seg inn på dem ein for ein. Dei gav han rett, eit stykke på veg, men når han vilde lenger, hadde han flokken der og ikkje mannen: dei kunde aldri tru det gjekk! Det sat fast i ein seig flir, at no som tida var, og no i kveld her, kunde dei heller snakke om einkvart anna. Ola Engdalen lo breit og grovt opp i andlete på han, så alle hørte det:

«Ka det e for slag du fer og vorra med, din gutvott? Gå in og legg dæ og bli tør attom øyran! »

Odin såg Ingri i lag med nokre andre kvinnfolk bortved nova. Ho såg ikkje for glad ut når dei lo. Han snudde seg om og såg far sin. Han gjekk borttil han. – Kva du seier du da, far? – Eg? Eg har ikkje noko med det. Men garparten her skulde du ikkje bry deg om. – Når ho mormor vilde det? – Ja ja men. Du skulde gi deg på det. Du får han ikkje ein gong. Og så er det pengane. – Eg tenkte eg skulde be deg om hjelp, eg?

Otte Setran rista på hovude. Han såg ned i vollen. – Ikkje til den her garen nei. Odin såg på han. – Det er lite att av han no! sukka han og gjekk sin veg. Og der står han Lauris, smilte han. – Jaså, du står her du? Bakom heile stelle.

[264] Ja *du* held no med meg, ikkje sant? – I kva for noko da?

Odin slong av ifrå han. Ein og annan hadde gitt seg til å snakke om andre ting, dei hefta seg ikkje bort med barneprat; dei snakka høgt. Andre levna til da Odin kom i nærheita, dei smått flirte og smått spurte: Korles gjekk det? Og kva var det han Ola Engdalen sa? Jaså, han skulde låne peng og bygge seg hus her no da, visst han ikkje fekk seld i kveld? Jaså ja.

Han visste ikkje av før sinne hadde teke råda tå han, han hørte måle sitt bert og hardt millom husa og over hopen:

«Finns det verken mot hell mannskap ti dokk da, folk?»

«Hysjt da, gut!» sa Ola Håberg. «Her finns i allfall ikkje ein som høyri på dæ.»

«Ja, vent no urlite,» sa det bakom dem. Det var Iver Vennestad som stod der, og no kom han litt fram, så vêrsliten han var. – Eg held no med 'n Odin eg da. Vi skulde tenke på det. Og treng du ei hands hjelp til å kjøpe gåren her, så skal vi sjå på det. Og resten skal vi sjå på sia.

Han var lei seg at han hadde snakka så høgt millom alt det folk og fekk alle dei auga på seg, men no var det gjort, han manna seg likså godt opp og la til, med skjelv i måle: Eg veit ho Åsel meinte det slik. Det veit du òg, Ola Håberg, du skulde skjemmast der du står!

[265] Det var så uventa fra den kanten, at dei tagde tvert still. Så snudde dei ryggen til og hadde ikkje hørt det.

Odin stod og såg tomt på Iver. – Ja ja, eg seier takk, sa han. Eg får no kjenne på det. Eg har tapt for i kveld, kor som er. Men at han far – Så lo han: Eg tapte så det kvein etter, gut!

Det same sa han til Ingri. Ho svara ikkje, men det var synbert det hadde gjort henne vondt. – Eg trudde mest eg hadde mista deg med det samme, sa han. – Det kjem vel den dagen òg. – Ja, kjem ja, det snakkar vi ikkje om! Det som er austafor enno, det – –

Ho såg opp og måtte smile, han såg henne så uvettig ut. No stod han og gjekk over folkehopane med auga, han kom seg meir og meir. – Slik er det dei er! smålo han. Der går 'n morbror Ola; ein pose med sukkegodt og eiter; han ser skitskræmt ut. Der segler ho Mina, ho eig ikkje barlast på kjøl. Torde dei, dei andre, så smurte dei til på same vise. Astri ho er ikkje å sjå; ho er søkk bortkommi; eg vil kalle henne eit *instinkt*. Der ser eg han far og gulle hans. Berre eit ektepar, seier eg deg. Å nei, eg tenkte det, eg: den som ikkje står på retten sin, han står ikkje; det blir ektemann tå han. Du ser på *meg* ja. Ja, Ingri, men du får

våge spelle like vel, i blinda, no midt *i ungdommen*, det finns ikkje anna råd; aldri, du kan tru meg på det! Eg trur no det skal bli stas ^[266] lel med oss. Men slik er dei ja, han viste med hovude. Kor fint dei tek det, hm? Unner seg ikkje ein råflir ein gong. Berre eg hadde vore tjuge år eldre!

Han stod still, slik han gjorde somtid, og let tida levne opp framfor seg, det som hadde vore eller det som skulde bli, etter som det helst vilde syne seg. Og dette kjente han att som live sitt: Lys og skugge skifta over lande, djupt men stilt. Dagen opna seg og let seg att i kring han. Det var visdommen som smilte til dåren.

Han snudde seg til Ingrid, ho stod og såg utover liksom han. – Somtid så tagnar det så rart inni meg, når eg ser det her, tagnar og lyer: for langt unna nokonstads har det kalla på meg, inni skuggen og stilla. Eg kunde stå fram og svara: «Herre tal, din tjener hører!» Straks etter er lyse der på nytt, og ting for ting kjem fram og smiler til ein, andlet ved andlet. Da har eg hørt som eit gammalt, tørt mål, her eller der ifrå: «Jeg kaldte ikke på dig, gå og læg dig igjen!»

Odin stod og smilte, ut mot doggblå myra og solgylte berga, han var høgt over det: «Det har no kalla på mæ lell. Og visst ikkj, så ska det bli nøydd te det!»

Noter:

[n1.](#) *Forfatternote:* hytta ɔ: truga.

[n2.](#) *Forfatternote:* grop ɔ: grov.

[n3.](#) tenkji] *rettet fra:* ten kji (*trykkfeil*)

[n4.](#) farmor] *rettet fra:* mormor (*trykkfeil*)

[n5.](#) kvinnfolk-mål] *rettet fra:* kvinnfolk-mmål (*trykkfeil*)

[n6.](#) «Kann] *rettet fra:* ««Kann (*trykkfeil*)

[n7.](#) må ha] *rettet fra:* ha må (*trykkfeil*)

[n8](#). rømmi æ i] *rettet fra*: rømmi i (*trykkfeil*)

[n9](#). på] *rettet fra*: pa (*trykkfeil*)

[n10](#). *Forfatternote*: Einkavar ɔ: briskebuskar.

[n11](#). *Forfatternote*: spella opp ɔ: gått konkurs.

Olav Duuns *I ungdommen* er lastet ned gratis fra bokselskap.no